



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Rom for utvikling i 2. etasje
Dato:	20.02.2024
Tid:	09:00

Møteplan:

- Kl. 09.00 – 09.30 Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap
- Kl. 09.30 – 12.00 Saksbehandling
- Kl. 12.00 – 12.30 Lunsj
- Kl. 12.30 – Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Trygve Vik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023	2023/427	
Politiske saker			
PS 1/24	Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap	2024/26	
PS 2/24	Nummerert brev nr. 16 frå Deloitte gjeldande momskompensasjon for 5. termin 2023	2023/430	
PS 3/24	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Revisjonsrapport	2023/377	
PS 4/24	Møteplan for kontrollutvalet for 2024	2023/426	
PS 5/24	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023	2024/25	
PS 6/24	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	2022/255	
PS 7/24	Kurs i regi av Deloitte våren 2024	2023/424	
PS 8/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 9/24	Eventuelt	2023/429	
Referat saker			
RS 1/24	Nytt fra FKT november 2023	2022/176	
RS 2/24	FKT - medlemsinformasjon desember 2023	2022/176	
RS 3/24	Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023	2023/423	
RS 4/24	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024	2022/176	
RS 5/24	Tilsynsrapport Kvam herad sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø	2024/26	
RS 6/24	Rekneskapsresultat 2023 og vedekte budsjett 2024 for kontrollutvalet	2024/43	
Politiske saker			
PS 10/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Prosessmøte 1	2023/398	
PS 11/24	Konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte	2023/359	

GK 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/427-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	2/24	20.02.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Kvam herad 30.11.2023.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	30.11.2023
Tid:	09:00 - 13:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP
Beate Gauden	Medlem	MDG

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merkander

Borghild Storaas Ones fekk permisjon kl. 13.00, deltok t.o.m. sak PS 44/23.

Andre som møtte**Namn Stilling**

Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte, frå kl. 12.00
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Trygve Vik
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 11/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023	2023/427	
Politiske saker			
PS 40/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad i valperioden 2019 - 2023	2023/419	
PS 41/23	Rutinar i kontrollutvalet i Kvam herad 2023 - 2027	2023/419	
PS 42/23	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan	2023/398	
PS 43/23	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte	2023/377	
PS 44/23	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023	2023/430	
PS 45/23	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 46/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 47/23	Eventuelt	2023/429	
Referat saker			
RS 22/23	Nytt fra FKT oktober 2023	2022/176	
RS 23/23	Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval	2023/419	

GK 11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 12/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2023 vert godkjent.

PS 40/23 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad i valperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar evalueringa frå kontrollutvalet i Kvam herad i forrige periode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med evalueringspunkta.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjekk gjennom evalueringa og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar evalueringa frå kontrollutvalet i Kvam herad i forrige periode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med evalueringspunkta.

PS 41/23 Rutinar i kontrollutvalet i Kvam herad 2023 - 2027

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine medlemmer får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalet vedtak at kan melde seg på kontrollutvalsleiaraskulen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Kvam herad i 2024 skal haldast 29.02.2023.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjekk gjennom punkta i saka og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om at leiar i utvalet, Trygve Vik, og nestleiar i utvalet, Borghild Storaas Ones, kan melde seg på kontrollutvalsleiaraskulen del 2. Sekretariatet syter for påmelding.

Dei nye medlemmene i denne valperioden ønskjer å få tilsend gjeldende budsjettforslag for kontrollarbeidet 2024, gjeldande plan for forvaltningsrevisjon og gjeldende plan for eigarskapskontroll.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at første møte i 2024 skal haldast 20.02.2024.

Med desse endringane i punkt 6 og 9 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine medlemmer får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.

6. Kontrollutvalet vedtak at leiar i utvalet, Trygve Vik, og nestleiar i utvalet, Borghild Storaas Ones, kan melde seg på kontrollutvalsleiaraskulen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Kvam herad i 2024 skal haldast 20.02.2024.

PS 42/23 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Kvam herad verksemda i heradet sine selskap og av Kvam herad sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 29.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for heradsstyret i juni 2024.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Margrete Johansen, presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Kvam herad verksemda i heradet sine selskap og av Kvam herad sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 20.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for heradsstyret i juni 2024.

PS 43/23 Forvaltningsrevisjon innnan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Margrete Johansen, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innnan vedlikehald av offentlege bygg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet..

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

PS 44/23 Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport for 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2023 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Regnskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, presenterte interimsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrolutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2023 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

PS 45/23 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad er kome noko lenger i forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til møte i utvalet i april 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 08.04.2024.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad er kome noko lenger i forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til møte i utvalet i april 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 08.04.2024.

PS 46/23 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollanve som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	
Formannskapet	
Miljø, plan og bygningsutval	

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om slik fordeling av gjennomgang av møteprotokollar.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ

Heradsstyret

Formannskapet

Miljø, plan og bygningsutval

Kontrollutvalsmedlem

Jan-Ove Fredheim og Borghild Storaas Ones

Beate Gauden

Trygve Vik

PS 47/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I starten av møtet gjennomførte Deloitte eit 2-timars kurs "Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet" for kontrollutvalet.

Sekretariatet orienterte om at Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) ønskjer å få tilsend kontaktinformasjon for alle faste medlemmer i kontrollutvalet til bruk ved utsending av nyttig informasjon mv. Alle medlemmene sa seg villig til at slik informasjon kan sendast FKT.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende kontaktinformasjon for dei faste medlemmene i utvalet til Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) til bruk ved utsending av nyttig informasjon mv.

RS 22/23 Nytt fra FKT oktober 2023

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 23/23 Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval

Saksprotokoll 30.11.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/26-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utv. saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	1/24
	20.02.2024

Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Kvam herad er komme godt i gang med å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men at det framleis står att noko arbeid før forbedringsarbeidet er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i mai 2024, med frist for levering til sekretariatet innan 16.04.2024.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at rådmannen skal gje kontrollutvalet både skriftleg og munnleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport «Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023
- 2 Plan for lukking av avvik etter tilsyn med kommunal beredskap og helsearbeid i Kvam herad pr. 31.08.2023
- 3 Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap
- 4 Plan for lukking av avvik - Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap - Kvam herad (L)(252812).pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå saksframlegg til møte i kontrollutvalet 28.08.2023:

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i samband med behandling av referatsak RS 19/23 «Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023» i møte 28.08.2023:

«Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte 09.10.2023 for å gjera greie for kva som er gjort og tidspunkt for å lukke dei 2 lovbrota som kjem fram i "Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023", utført av Statsforvaltaren i Vestland.»

Sekretariatet har merka seg at Statsforvaltaren konkluderer slik i tilsynsrapporten:

Lovbrot 1

Kvam herad har ein heilskapleg ROS-analyse frå 2015. Sidan då er ikkje analysen revidert eller oppdatert ved endringar i risiko og sårbarheitsbildet. Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er følgeleg ikkje tilfredsstilt.

Dette er brot på: Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6.

Lovbrot 2

Kvam herad manglar ein plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko- og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette området, som stettar krav i lov og forskrift.

Dette er brot på: Helseberedskapslova § 2-2 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.

Tilsynsrapporten ligg ved som vedlegg 1. Vidare ligg rådmannen sin «Plan for lukking av avvik etter tilsyn med kommunal beredskap og helsearbeid i Kvam herad pr. 31.08.2023» som vedlegg 2.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 34/23 i møte 09.10.2023:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg og munnleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap til første møte i utvalet i 2024.
2. Den skriftlege orienteringa må også innehalde all korrespondanse med Statsforvaltaren om saka etter 31.08.2023.
3. Frist for å levere til sekretariatet er seinast innan 29.01.2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har sekretariatet motteke ny skriftleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap, vedlegg 3 og 4.

Av den mottekne tilbakemeldinga går det fram at Statsforvaltaren konkluderer m.a. slik i brev dagsett 09.10.2023:

«Vi ser på plan for retting av lovbrota med tilhøyrande tidsfristar som tilfredsstillande, og avsluttar med dette tilsynet.

Vi ber om ei orientering når lovbrota er retta.»

Vidare går det m.a. fram dette av e-post frå rådmannen dagsett 31.01.2024, vedlegg 3:

«Når det gjeld sjølve arbeidet med revisjon av heilskapleg ROS-analyse og plan for helsemessig og sosial beredskap, pågår dette endå. Etter planen skulle heilskapleg ROS handsamast av HST i februar. Planen vart laga før møteplanen for 2024 vart vedteken, slik at det ikkje er eit aktuelt HST-møte før tidlegast 14. mars. Plan for helsemessig og sosial beredskap er ein administrativ plan som er tenkt godkjent av helse- og omsorgssjef i mars.»

Det er også avtalt at rådmannen kjem i dette møtet for å orientere munnleg om saka.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om at rådmannen kjem med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i mai 2024.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet merkar seg at Kvam herad er komme godt i gang med å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men at det framleis står att noko arbeid før forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført.

På bakgrunn av dette vert det vidare tilrådd at kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i mai 2024, med frist for levering til sekretariatet innan 16.04.2024



Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023

Statsforvaltaren har gjennomført tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad. Tilsynet er heimla i sivilbeskyttelseslova § 29, § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt og helsetilsynslova § 4.

Tilsynet vart gjennomført ved dokumentgjennomgang og tilsynsmøte med leiding og nøkkelpersonar i kommunen 25. april.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sine planlagde tilsyn i 2023.

1. Føremål, avgrensing av tema og omfang for tilsynet

Målet med tilsynet er å undersøke om arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova med forskrifter.

Vi undersøkte om kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse, ROS-analyse for helse- og omsorgstenestene, overordna beredskapsplan og beredskapsplan for helse- og omsorgstenestene. Vi kontrollerte òg om kommunen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, og eit system for opplæring, øving og evaluering. I tillegg omfatta tilsynet ei overordna vurdering av planverket etter smittevernlova.

Tilsynsrapporten omhandlar lovbrota som vart avdekte under tilsynet. Tilsynet er ikkje meint å gi ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Det er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

Tilsynet omfatta ikkje tilsyn med sosialberedskap og beredskap for miljøretta helsevern etter folkehelselova.

2. Aktuelt lovgrunnlag

Eit tilsyn er kontroll av om kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er i samsvar med krav i lov- og forskrift, og lovbrøt betyr at krav i dei er mangelfullt etterlevd.

Ved tilsynet er det lagt til grunn krav regulert i følgjande lover og forskrifter:

- [Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#)
- [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. \(helse- og omsorgstenestelova\)](#)
- [Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapslova\)](#)
- [Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap](#)
- [Lov om vern mot smittsame sjukdomar \(smittevernlova\)](#)



3. Framstilling av faktagrunnlaget

Kvam herad ligg på nordsida av Hardangerfjorden. Det er om lag 8500 fastbuande innbyggjarar. Talet personar som oppheld seg i kommunen kan i periodar auke vesentleg, særleg på grunn av tilstrøyming av turistar og hyttefolk på fjellplatået Kvamskogen vestover mot Bergen.

Kvam herad har dei siste åra handtert fleire uønskete hendingar, mellom anna koronapandemien, flyktningssituasjonen og ei drukningsulukke ved Tokagjelet. Kommunen meiner å ha fått mykje praktisk erfaring i krisehandtering i samband med desse og andre uønskete hendingar. Kommunen orienterte i tilsynsmøtet om korleis desse erfaringane har ført til konkrete tiltak, som til dømes tilsetjing av leiar innan helse for å avlaste kommuneoverlegen med administrativt arbeid. Etter erfaringar frå krisehendingar er kommunen òg i dialog med Thon hotel Sandven om etablering av avtale for å nytte hotellet ved uønskete hendingar.

Overordna beredskapsplanverk

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Kvam herad har ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) frå 2015. Analysen er ikkje seinare oppdatert med utgangspunkt i endringar i risiko- og sårbarheitsbildet. Arbeidet med å revidere analysen er starta opp.

Overordna beredskapsplan

Kommunen har ein overordna beredskapsplan som sist vart oppdatert i mars 2023. Planen skildrar kva funksjonar som deltek i kriseleiinga, fordeling av roller, ansvar og oppgåver, og fullmakter delegert til rådmann ved krisesituasjonar. Som ein del av beredskapsplanen er det utarbeidd eigen informasjons- og kommunikasjonsplan, og evakueringsplan. Kommunen har oversyn over interne og eksterne ressursar.

Det er utarbeidd ein eigen interninstruks for oppfølging av beredskapsarbeidet. Den omtalar system for revisjon og kontroll av planar, øving og evaluering, og krav til kompetanse og opplæring for tilsette i beredskapsorganisasjonen.

Det kom fram av tilsynet at kommunen har ei overordna oversikt over kvar i kvalitetssystemet ein finn relevant dokumentasjon knytt til beredskapsplanverket.

Kriseleiing

Rådmannen er ansvarleg for oppfølging av beredskapsplikta i kommunen og er kriseleiar ved handtering av uønskete hendingar.

Kriseleiinga (KKL) er satt saman av kriseleiar, informasjonsansvarleg, ansvarleg stab og støttefunksjonar, fungerande oppvekstsjef, fungerande helse- og omsorgssjef, fungerande teknisk sjef og fungerande ordførar. Det er definert i planen kven som er varamedlem til kvar rolle, og det er utpeikt tre varapersonar per rolle. Ved behov kan KKL forsterkast av både interne og eksterne fag- og ressurspersonar.

Det gjekk fram av tilsynsmøtet at sjølv om kommuneoverlegefunksjonen ikkje er ført opp som medlem av KKL, har kommuneoverlegen i praksis delteke ved alle uønskete hendingar dei siste åra. Planen vil verte revidert og kommuneoverlegefunksjonen skal leggast inn som fast medlem i KKL.



Ordføreren er Kvam herad sitt «ansikt utover» og vil som hovudregel vere kommunen sin talsperson i media.

Beredskapsplanverk for helse- og omsorg

Plan for helsemessig og sosial beredskap

Kommunen har ikkje ein beredskapsplan for helse- og omsorgstenestene. Ein ROS-analyse for legevakta vart revidert i februar 2023, men det er ikkje utarbeidd ROS-analyse på overordna nivå for andre helse- og omsorgstenester.

Det er helse- og omsorgssjefen som er ansvarleg for å utarbeide plan for helsemessig- og sosial beredskap. Han tok til i jobben 1. januar 2023 og har prioritert å oppdatere og ferdigstille beredskapsplanane ute i tenestene.

Det vart orientert i tilsynsmøtet at kommunen har oversyn over personell som kan beordrast ut etter helseberedskapslova § 4-1 ved uønskte hendingar.

Kommunen vil utarbeide ein felles ROS-analyse og overordna beredskapsplan som skal stette krava i både Sivilbeskyttelseslova og Helseberedskapslova.

Smittevernplan og pandemiplan

Smittevernplanen er sist revidert i 2016. Planen inneheld mellom anna ei skildringar av tuberkulosekontrollprogrammet og beredskapsplan for pandemisk influensa. Kommuneoverlegen er ansvarleg for revisjon av planen. Kommuneoverlegen opplyste at han ser behov for revisjon av planen i lys av erfaringane frå pandemihandteringa.

Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen er tilsett som 60 % kommuneoverlege og 40 % tilsynslege på sjukeheimen. Den faste kommuneoverlegen er i permisjon fram til sommaren 2023. Vikarierende kommuneoverlege har jamleg møte med kommuneoverlegen for å sikre kontinuitet og forankring av arbeidet.

Det vart opplyst i tilsynsmøtet at ein fastlege i kommunen har ei avgrensa stillingsprosent som stadfortredar for kommuneoverlegen, og avlastar ved til dømes ferieavvikling. Under pandemien blei kommuneoverlegen avlasta med støtte frå fleire andre tilsette i kommunen m.a. frå ein fastlege, informasjonsmedarbeidar, jurist og fleire sjukepleiarar.

Samarbeid

Kommunen meiner å ha eit godt samarbeid om beredskap med eksterne aktørar som t.d. politiet og Røde Kors. Kommunen samarbeider med nabokommunar når det er relevant. Det vart òg opplyst om at dei har eit beredskapsråd, men det har vore nytta i liten grad dei seinare åra. Det skuldast at det har vorte sett på som meir føremålstenleg å ha direkte dialog med relevante aktørar ut i frå gjeldande problemstilling. Beredskapsrådet deltok aktivt inn i arbeidet med ROS-analysen i 2015, og det er planlagt å involvere rådet i arbeidet med ny ROS-analyse.

Samarbeid med Helse Bergen følgjer av samarbeidsavtalar, m.a. om handtering av pandemisk influensa. Kommunen deltek inn i områdeutvalet under Voss lokalsjukehus og helsenettverk med helseføretaket. Kommuneoverlegen deltek òg inn i kommuneoverlegeforum med kommunane i Hardanger.



Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Det føreligg ein plan for oppfølging etter ROS-analysen frå 2015.

Kommunen har definert mål for beredskapsarbeidet, og strategiar for å oppnå målet. Desse er skildra i den heilskaplege ROS-analysen, beredskapsplanen og i samfunnsdelen til kommuneplanen. Det er utarbeidd eit eige dokument om det heilskaplege arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen (2018). Kommunen informerte i tilsynsmøtet at revisjon av måla vil vere ein del av arbeidet med ny ROS-analyse og det nyleg starta arbeidet med revisjon av samfunnsdelen.

Øving, opplæring og evaluering

Øving

Kriseleiinga har delteke i øvingar, både i eigen regi og i regi av Statsforvaltaren og andre eksterne aktørar. Sist øving som KKL deltok på var ei øving i regi av fylkeskommunen i juni 2022 med skuleskyting som tema.

Helse- og omsorgssjefen informerte om at han har planlagt å gjennomføre ei beredskapsøving for leiarane ute i helse- og omsorgstenestene, og følgje denne opp med ei øving for dei tilsette ute i tenestene. Det er ikkje fastsett eit tidspunkt for øvinga.

Opplæring

Det er utarbeidd ein eigen internkontrollinstruks for arbeidet med beredskap. Der er mellom anna kompetanse hjå dei som deltek i kriseorganisasjonen omtalt. Det er som eit supplement til denne laga eit oversyn over kompetansekrav og opplæring til dei ulike rollane.

Evaluering

Kommunen har gjennomført skriftlege evalueringar etter ulukka i Tokagjelet 24.10.2021, hendinga i Kvam rådhus 31.10.2022 og øving i regi av Statsforvaltaren i 2019.

Kommuneoverlege, vikarierande kommuneoverlege og leiar for legevakta har i mars 2023 gjort ei avgrensa evaluering av kommunens krisehandtering, med utgangspunkt i helse- og omsorgstenestene under pandemien. Under pandemien vart handteringa evaluert fortløpande i samband med møte i KKL. Det vart gjort justeringar i kriseleiinga og ute i tenestene. Kommunen er merksam på at det er viktig å ta med seg erfaringane frå pandemien som grunnlag for oppdateringar og revisjon av beredskapsplanverket.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

Kommunal beredskapsplikt har som mål å verne innbyggjarane. Kommunen har ansvar for å utvikle trygge og robuste lokalsamfunn og oppretthalde nødvendige tenester, òg når lokalsamfunnet vert ramma av uønskte hendingar som utfordrar kommunen.

Heilskapleg ROS-analyse

Den heilskaplege ROS-analyse er ikkje rullert/oppdatert sidan 2015. ROS-analysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbildet. ROS-analysen er ikkje oppdatert med tanke på endringar i risiko- og sårbarheitsbildet og manglar såleis omtale av enkelte relevante risiko- og sårbarheitsfaktorar. Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6, er følgeleg ikkje tilfredsstillt.



Overordna beredskapsplan

Kvam herad har ein beredskapsplan som omtalar kven som deltek i kriseleiinga og fordelinga av roller. Det er utpeikt varamedlem for funksjonane i kriseleiinga. Fullmakter, ansvar og oppgåver i kriseleiinga er avklart og kjent. Det er utarbeidd eigen informasjons- og kommunikasjonsplan, og evakueringsplan som ligg som ein del av beredskapsplanen. Kommunen har oversyn over interne og eksterne ressursar.

Kommunen samarbeider med eksterne aktørar som t.d. politiet, frivillige organisasjonar og nabokommunar og har avtalar med helseføretaket.

Vi meiner at beredskapsplanen tilfredsstiller minimumskrava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Beredskapsplanverk for helse og omsorgstenestene

Kommunen har smittevernplan (sist revidert i 2016).

Per i dag er det ikkje utarbeidd ein plan for helsemessig og sosial beredskap. Det er laga ein ROS-analyse for legevakta, men ikkje for andre viktige område innan helse- og omsorgstenestene. Krav til plan for helsemessig- og sosial beredskap med tilhøyrande ROS-analyse, jf. helseberedskapslova § 2-2 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging, er følgeleg ikkje tilfredsstilt.

Øving, opplæring og evaluering

Kriseleiinga har øvd og det er sett kompetansekrav til dei tilsette som inngår som ein del av kriseorganisasjonen. Uønskte hendingar er evaluert og avdekte forbetringstiltak er følgt opp.

Vi finn at krav om øving, system for opplæring og evaluering av krisehandtering vert etterlevd.

Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Kommunen har nedfelt skriftlege mål for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, og har ein plan for oppfølging etter ROS-analysen. Vi finn at krav om langsiktige mål, strategiar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vert etterlevd.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Statsforvaltaren har avdekt følgande lovbrøt under tilsynet:

Lovbrøt 1

Kvam herad har ein heilskapleg ROS-analyse frå 2015. Sidan då er ikkje analysen revidert eller oppdatert ved endringar i risiko og sårbarheitsbildet. Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er følgeleg ikkje tilfredsstilt.

Dette er brøt på: [Sivilbeskyttelseslova § 14](#) og [forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6](#).

Lovbrøt 2

Kvam herad manglar ein plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko- og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette området, som stettar krav i lov og forskrift.

Dette er brøt på: [Helseberedskapslova § 2-2](#) og [forskrift om krav til beredskapsplanlegging](#).



Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon med dokumentgjennomgang på førehand og tilsynsmøte hjå Kvam herad den 25. april 2023.

Skriftleg varsel om tilsyn vart første gong sendt 9. desember 2022 og seinare utdjupa i brev av 07.02.2023.

Deltakarar i tilsynsmøte:

Frå Statsforvaltaren

- Mari Severinsen, seniorrådgjevar beredskapsseksjonen, tilsynsleiar
- Lene Stavseng, seniorrådgjevar beredskapsseksjonen, revisor
- Linda Svori, assisterande fylkeslege, helse, sosial og barnevernavdelinga, revisor

Frå kommunen

- Torgeir Næss, ordførar (individuelt intervju)
- Anita Hesthamar, rådmann (individuelt intervju)
- Lars Ese Ur, sjef for teknisk og informasjon/beredskapskontakt (individuelt intervju)
- Svein Ivar Fylkesnes, kommuneoverlege (individuelt intervju)
- Terje Langeland, sjef for helse og omsorg (individuelt intervju)
- Astrid-Anett Steine, oppvekstsjef
- Kari Sagen, HR-sjef

Følgjande dokument og opplysningar frå kommunen vart brukt som underlag for tilsynet:

- Organisasjonskart
- Heilskapleg ROS-analyse for Kvam herad 2015-2019, datert 01.07.2015
- Vedlegg 1, Analyseskjema uynskte hendingar, datert 19.05.2015
- Vedlegg 2, Tiltaksliste, datert 19.05.2015
- Beredskapsplan for Kvam herad, revisjonsdato 24.03.2023
- Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Kvam herad, datert september 2018.
- Rutine for oppfølging overordna beredskapsarbeid, datert 22. oktober 2018 (instruks for internkontroll)
- Smittevernplan for Kvam herad 2016
- Korrigert ROS for Kvam legevakt februar 2023
- Rutine ved CBRNE hendingar Kvam legevakt
- Retningslinje for Psykososialt kriseteam, rev. 22.03.2023
- Kompetansekrav beredskap, oversikt over krav for roller i kommunal kriseleiing, støtteapparat m.fl.
- Kompetanseoversikt, oversikt over deltaking i øvingar og opplæring for kommunal kriseleiing, støtteapparat m.fl.
- Notat etter hending den 05.11.21 – Ulykke i Tokagjelet
- Kvam herad – evaluering av krisehåndtering under koronapandemien 24.03.2023
- Evaluering Hending Kvam rådhus den 31.10.2022
- Kontinuitetsplan for bortfall av IT-program og IT-infrastruktur
- Tiltakskort for atom (jod, konsekvensreducerende tiltak, reins av ureina personar, innleiande tiltak, råd om innandørs opphald, næringsmiddel, råd kosthald)
- Beredskapsplanar for Øysteseheimen, Toloheimen og Mikkjelsflaten



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.: DokumentID 23/22419

Dykkar ref.: 2b790eac-3d80-4926-
b685-a13871efeb58

Dato: 31.08.2023

PLAN FOR LUKKING AV AVVIK ETTER TILSYN MED KOMMUNAL BEREDSKAP OG HELSEBEREDSKAP I KVAM HERAD

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023. Tilsynet vart gjennomført ved dokumentgjennomgang og tilsynsmøte med leiing og nøkkelpersonar i kommunen. Føremålet med tilsynet var å undersøka om arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Kvam herad var i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova med forskrifter.

Kvam herad vart i tilsynsrapporten av 8. mai 2023 gjort kjend med at det etter Statsforvaltaren si vurdering føreligg to avvik frå lovkrava, omtala som lovbrøt i rapporten:

Avvik 1: Kvam herad har ikkje revidert si heilskaplege ROS-analyse frå 2015 i samsvar med krav i Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6.

Avvik 2: Kvam herad manglar ein overordna plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette området, som stettar krav i Helseberedskapslova § 2-2 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.

Kvam herad har frist til 1. september 2023 for å komme med ein plan for retting av avvika. Planen skal innehalda tiltak som skal gjennomførast for å sikre etterleving av lov og forskriftskrav, og korleis kommuneleiinga vil følgje opp at tiltaka vart gjennomført innan fristane som er satt.

Kvam herad har følgjande plan for retting av avdekte avvik:

- Rådmann med kommunal leiargruppe tek sjølv ansvar for å gjennomføra planen:
 - Kommunen sin beredskapskontakt er utpeiكا som kommunal prosjektleiar for eit prioritert prosjekt som skal sikre progresjon og gjennomføring av planen
 - Det er satt av midlar i budsjettet for 2023 og 2024 for å leige inn fagleg bistand i prosjektet gjennom DSB sin inngåtte avtale med Proactima AS
 - Prosjektleiar rapporterer direkte til rådmann
- Prosjektet skal sluttførast så tidleg som mogleg, og seinast innan 31. mars 2024:
 - September 2023 - Oppstartsmøte for prosjektet:

- Gjennomgang av Statsforvaltarens funn frå tilsynet, og forankringa av revisjonen av heilskapleg ROS i kommunestyret og administrasjonen
 - Gjennomgang av rammene for prosjektet og detaljert planlegging av arbeidet, samt presentasjon av prosess og metode i samsvar med nasjonal rettleiar
 - Avklaring av kva offentlege og private lokale aktørar som ynskjer å delta aktivt i prosjektet, og kven som ynskjer å delta som høyringspartar
- Rammene for arbeidet med heilskapleg ROS er følgjande:
 - Oktober 2023 - Oppstart av arbeidet med revisjon av heilskapleg ROS
 - November 2023 - Gjennomføring av analyse møte med inviterte aktørar
 - Januar 2023 - Gjennomføring av høyringsrunde med inviterte aktørar
 - Februar 2024 - Handsaming av slutført heilskapleg ROS i kommunestyret
 - Rammene for arbeidet med plan for helsemessig og sosial beredskap er følgjande:
 - Heilskapleg ROS skal danne grunnlaget for utarbeidinga av planen
 - Desember 2023 - Oppstart av arbeidet med planen etter ROS-analysen
 - Februar 2024 - Gjennomføring av høyringsrunde med inviterte aktørar
 - Mars 2024 - Helse og omsorgssjefen si godkjenning av slutført plan

Kvam herad vil oversende revidert heilskapleg ROS og utarbeida plan for helsemessig og sosial beredskap innan utgangen av mars 2024, og elles halda Statsforvaltaren orientert om arbeidet på førespurnad.

I arbeidet med heilskapleg ROS vil Kvam herad forhalda seg til krava i Sivilbeskyttelseslova med tilhøyrande forskrift, og i det vesentlegaste til DSB sin rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen av 2022.

For å kunne nytta heilskapleg ROS som grunnlag for arbeidet med plan for helsemessig og sosial beredskap, vil arbeidet med heilskapleg ROS også forhalda seg til krava i helseberedskapslova med tilhøyrande forskrift.

I arbeidet med plan for helsemessig og sosial beredskap, vil Kvam kommune forhalda seg til krava i helseberedskapslova med tilhøyrande forskrift.

Helsing

Lars Ese Ur
 Teknisk sjef
 Telefon: 979 55 054

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Fra: Hesthamar, Anita[anhe@kvam.kommune.no]
Sendt: 31.01.2024 09:18:55
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Kopi: #Kvam-PolitiskSekreteriat[Kvam-PolitiskSekreteriat@kvam.kommune.no];trygve.vik@hotmail.com[trygve.vik@hotmail.com];Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no];Kvam herad[postmottak@kvam.kommune.no];Ur, Lars Ese[laesur@kvam.kommune.no];
Tittel: Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap

Hei! Beklagar manglande tilbakemelding innan fristen 29.1.24. Planen for lukking av avvik som Kvam herad la fram 31.8.23 vart vurdert som tilfredsstillande av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 9.10.23 (sjå vedlegg), og tilsynet vart avslutta.

Når det gjeld sjølve arbeidet med revisjon av heilskapleg ROS-analyse og plan for helsemessig og sosial beredskap, pågår dette endå. Etter planen skulle heilskapleg ROS handsamast av HST i februar. Planen vart laga før møteplanen for 2024 vart vedteken, slik at det ikkje er eit aktuelt HST-møte før tidlegast 14. mars. Plan for helsemessig og sosial beredskap er ein administrativ plan som er tenkt godkjent av helse- og omsorgssjef i mars.

Med venleg helsing

Anita Hesthamar
rådmann

Telefon: 916 17 909
E-post: anhe@kvam.herad.no
kvam.no



Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lene Stavseng, 5557 2122

Plan for lukking av avvik - Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap - Kvam herad

Vi viser til rapport dagsett 8. mai 2023, etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023, og dykkar brev av 31. august 2023 der de orienterer om plan for retting av lovbrøt avdekt i tilsynet.

Vi ser på plan for retting av lovbrota med tilhøyrande tidsfristar som tilfredsstillande, og avsluttar med dette tilsynet.

Vi ber om ei orientering når lovbrota er retta.

Vi ønsker lukke til med det vidare arbeidet, og står til rådvelde dersom de skulle ha spørsmål.

Med helsing

Haavard Stensvand
fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	2/24	20.02.2024

Nummerert brev nr. 16 frå Deloitte gjeldande momskompensasjon for 5. termin 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme i møte i april 2024 for å gjera greie for kva som er gjort for å bringe i orden vurdering og dokumentasjon når det gjeld fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til oppfølging av nummerert brev nr. 16 frå Deloitte gjeldande momskompensasjon for 5. termin 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Nummerert brev nr. 16 - Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I tråd med kommunelova § 24-7 b) skal revisor gje skriftleg melding om:

«Vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.»

Vidare går det fram av 2. ledd i kommunelova § 24-7:

«Meldinger som nevnt i første ledd skal sendes i nummerte brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.»

Det går også fram av Forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 dette:

«Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgt opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over har vi motteke vedlagte nummererte brev frå Deloitte gjeldande kontroll av grunnlag for krav om meirverdiavgiftskompensasjon for 5. termin 2023. Revisor skildrar i det nummererte brevet at dei ikkje er nøgd med eit av bilaga der det ikkje var mogleg for revisor å utføra ein fullverdig kontroll av om heradet har krav på meirverdiavgiftskompensasjon.

Av det nummererte brevet går det fram m.a. dette:

- «Bilag 114491, byggematerialer levert til Roka brekka og Hatlevegen; trygdebustader/tilrettelagte bustader

Utleige av bustader er ikkje omfatta av kompensasjonsordninga, jf. meirverdiavgiftskompensasjonslova § 4 andre ledd nr. 3. Som eit unntak frå denne føresegna kan det krevjast meirverdiavgiftskompensasjon for anskaffing til utleige av bustader som er særskild tilrettelagte for helse- eller sosiale føremål, jf. forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon § 7 første ledd. For å vere omfatta av kompensasjonsordninga, er det i tillegg krav om at bustaden faktisk også vert nytta som ein bustad med helse- eller sosiale føremål.

For oppføring av bustader som er særskild tilrettelagte for helse- eller sosiale føremål vert det kravd at det allereie i oppføringsfasen ligg føre ei meir konkret skildring av den tiltenkte bruken, sjølv om tildelingsvedtaka på bustadene og dei individuelle vedtaka om hjelp til dei enkelte bebuarane nødvendigvis vil liggja føre først på eit seinare tidspunkt.»

Videre konkluderer Deloitte slik:

«Det er etter revisors førespurnad motteke tilbakemelding som har sannsynleggjort at det ligg føre rett til meirverdiavgiftskompensasjon for dei aktuelle bilaga. Vi vil likevel be om at leiinga for framtida bringer tilhøvet i orden ved at påkravd dokumentasjon vert lagt ved som bilagsdokumentasjon for inngåande fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.»

På bakgrunn av at kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar vert retta eller følgd opp bør utvalet be rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort for å bringe forholdet i orden.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber rådmannen om å komme i møte i april 2024 for å gjera greie for kva som er gjort for å bringe i orden vurdering og dokumentasjon når det gjeld fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.

Kvam herad
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 16

BREV TIL ADMINISTRASJONEN ETTER REVISOR SIN KONTROLL AV GRUNNLAG FOR KRAV OM MEIRVERDIavgiftSKOMPENSASJON FOR 5. TERMIN 2023

Vi har utført kontroll av Kvam herad sitt grunnlag for krav om meirverdiavgiftskompensasjon for 5. termin 2023, jf. skatteforvaltningslova § 8-7, andre punktum. Vi vil påpeike overfor administrasjonen tilhøve vi er blitt kjende med under kontrollen og som i høve kommunelova § 24-7 b) krev skriftleg rapportering frå kommunen sin revisor.

Meirverdiavgiftskompensasjonslova § 12 stiller krav om at: «*Den som har fremmet krav om eller mottatt refusjon skal innrette bokføringa slik at det til enhver tid kan kontrolleres at kompensasjon for merverdiavgift ytes etter reglene i denne lov*».

Ved kontroll av grunnlaget for krav om meirverdiavgiftskompensasjon for 5. termin 2023 var det for eit av bilaga i vårt utval, ikkje mogleg for revisor å utføra ein fullverdig kontroll av om kommunen har krav på meirverdiavgiftskompensasjon då bokføringa ikkje var innretta slik at det kunne kontrollerast om det var rett til kompensasjon for meirverdiavgift, jf. meirverdiavgiftskompensasjonslova.

- Bilag 114491, byggematerialer levert til Rokabrekka og Hatlevegen; trygdebustader/tilrettelagte bustader

Utleige av bustader er ikkje omfatta av kompensasjonsordninga, jf. meirverdiavgiftskompensasjonslova § 4 andre ledd nr. 3. Som eit unntak frå denne føresegna kan det krevjast meirverdiavgiftskompensasjon for anskaffing til utleige av bustader som er særskild tilrettelagte for helse- eller sosiale føremål, jf. forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon § 7 første ledd. For å vere omfatta av kompensasjonsordninga, er det i tillegg krav om at bustaden faktisk også vert nytta som ein bustad med helse- eller sosiale føremål. Skatteetaten har kravd at sjølve tildelingsvedtaka på tenestene må liggje i rekneskapen til kommunen, som dokumentasjon for at tenestene fell innanfor kompensasjonsordninga etter kompensasjonslova § 2 første ledd bokstav c kva gjeld lovpålagde helse- og omsorgstenester. Dersom ikkje kommunen har desse vedtaka i rekneskapen, vil det ikkje vere i samsvar med kompensasjonslova § 12 om at bokføringa skal innrettast slik at kompensasjonskravet kan dokumenterast. I eit brev av 13. oktober 2021 føreset Finansdepartementet framleis at vedtaka må liggje til grunn for dokumentasjon, men at det ikkje er avgjerande om den naudsynte informasjonen framkjem i form av kopiar av tildelingsvedtaka eller på annan måte, til dømes i ei skriftleg oppstilling som samanstillir opplysingane frå tildelingsvedtaka. Ei slik oppstilling må vere utstedt av kommunen, og oversikta må gi dei opplysingane revisor treng for å kunna kontrollere og attestere grunnlaget for kompensasjonskravet. Det inneber at oppstillinga må gi ei stadfesting av kvart enkelt tildelingsvedtak, og at denne stadfestinga inneheldt dei same opplysingane som eit vedtak som er sladda.

For oppføring av bustader som er særskild tilrettelagte for helse- eller sosiale føremål vert det kravd at det allereie i oppføringsfasen ligg føre ei meir konkret skildring av den tiltenkte bruken, sjølv om tildelingsvedtaka på bustadene og dei individuelle vedtaka om hjelp til dei enkelte bebuarane nødvendigvis vil liggja føre først på eit seinare tidspunkt.

Det er etter revisors førespurnad motteke tilbakemelding som har sannsynleggjort at det ligg føre rett til meirverdiavgiftskompensasjon for dei aktuelle bilaga. Vi vil likevel be om at leinga for framtida bringer tilhøvet i orden ved at påkravd dokumentasjon vert lagt ved som bilagsdokumentasjon for inngåande fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.

For ordens skuld minner vi om at dette brevet i høve bokføringslova er å sjå på som oppbevaringspliktig rekneskapsmateriale. Vi vil takka for eit hyggeleg og konstruktivt samarbeid med dykk i samband med vår revisjon. Ver venleg å ta kontakt med undertekna dersom de har spørsmål til brevet eller ønskjer å diskutera innhaldet nærare.

Bergen, 2. januar 2024
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

(Dette dokumentet vert signert elektronisk)

Kopi: Kontrollutvalet

Signaturene i dette dokument er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: UN:NO-9578-5995-4-99839

IP: 51.174.xxx.xxx

2024-01-02 14:50:16 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2023/377-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	3/24	20.02.2024

Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad, ber heradsstyret rådmannen om å:

1. Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.
4. Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
7. Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Samandrag

Deloitte har nå gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad og revisjonsrapport er levert. Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal behandle rapporten og vedta innstilling til heradsstyret som gjer endeleg vedtak i saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad i møte 05.06.2023.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen undersøkt følgjande problemstillingar:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
 - c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibevarande vedlikehald av bygningsmassen?
 - a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
 - d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
 - e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?
3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet

Forvaltningsrevisjonsprosjektet omfattar ikkje kommunale bustadar. Vidare har ikkje forvaltningsrevisjonsprosjektet omfatta fysiske undersøkingar av bygningsmassen..

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Deloitte har nå gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad, revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Rapporten har vore send rådmannen til uttale og høringsuttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering og høyring.

Det er gjennomført intervju med til saman 4 personar frå Kvam herad på leiarnivå som har ansvar for arbeidet med vedlikehald av offentlege bygg. Vidare er rektorane ved dei 5 grunnskulane intervjuet som representantar for brukarane av bygga.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte konkluderer m.a. slik i samandraget på side 3-4:

Organisering av vedlikehaldsarbeidet

«Kvam herad har etter revisjonen si vurdering i hovudsak ei føremålstenleg organisering av arbeidet med vedlikehald av kommunale bygg. Det er gjort ein del viktige avklaringar knytt til roller og ansvar for vedlikehald på overordna nivå. Samtidig meiner revisjonen at det på nokre område er behov for ei tydelegare rolle- og ansvarsdeling, og det er behov for å følgje opp praksis knytt til bruk av internkontrollsystemet for vedlikehald av offentlege bygg.»

Verdibevarande vedlikehald

«Det er revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje har etablert system som sikrar eit verdibevarande vedlikehald av heradet sin bygningsmasse. Det er etter revisjonen si vurdering uheldig at det ikkje føreligg ein overordna vedlikehaldsstrategi, at det i avgrensa grad er fastsett politiske målsetningar for heradet si forvaltning av kommunale bygg og at heradet ikkje har definert ønska tilstand for dei bygga heradet eiger.»

«Kvam herad sine utgifter til vedlikehald per kvadratmeter samla sett og fordelt på ulike føremålstypar viser også at heradet ligg under anbefalte normtal for eit verdibevarande vedlikehald.»

Informasjon til heradsstyret

«Det er revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje sikrar at heradsstyret blir tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga.»

På bakgrunn av dette har sekretariatet merka seg at Deloitte kjem med slike tilrådingar til Kvam herad i punkt 6 «Konklusjon og anbefalingar» i rapporten:

Basert på funn og vurderingar i undersøkinga anbefaler revisjonen at Kvam herad setter i verk følgjande tiltak:

1. Utarbeidar ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablerer system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.

4. Gjer ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematiserer arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurderer å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørgjer for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
- 7.

Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Konklusjon

Kontrollutvalet har et spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det vert vist til kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vidare står det dette i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Rapportering frå kontrollutvalet til heradsstyret i tråd med forskrifta skjer normalt i samband med at utvalet årleg legg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Forslag til innstilling i saksframstillinga, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at heradsstyret ber rådmannen syta for å lage ein handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.



Forvaltningsrevisjon | Kvam herad

Vedlikehald av offentlege bygg

FEBRUAR 2024

«Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg»

Februar 2024

Rapporten er utarbeidd for Kvam herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
<http://www.deloitte.no>

Samandrag

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 26.04.2023 (sak 14/23) og innspel i møte med kontrollutvalet 05.06.2023 (sak 19/23) gjennomført ein forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad. Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av roller og ansvar.

Revisjonen har i samband med forvaltningsrevisjonen samla inn og analysert interne styringsdokument og rutinar, samt dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mv. Videre har revisjonen gjennomført totalt ni intervju, fire med personar på leiarnivå som har ansvar for arbeidet med vedlikehald av offentlege bygg, og fem intervju med grunnskulerektorar som representerer brukarar av dei kommunale bygga. Det er også gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking retta mot eit utval leiarar ved kommunale verksemdar.

Nedanfor oppsummerer vi sentrale funn og vurderingar knytt til problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Organisering av vedlikehaldsarbeidet

Kvam herad har etter revisjonen si vurdering i hovudsak ei føremålstenleg organisering av arbeidet med vedlikehald av kommunale bygg. Det er gjort ein del viktige avklaringar knytt til roller og ansvar for vedlikehald på overordna nivå. Samtidig meiner revisjonen at det på nokre område er behov for ei tydelegare rolle- og ansvarsdeling, og det er behov for å følgje opp praksis knytt til bruk av internkontrollsystemet for vedlikehald av offentlege bygg. Undersøkinga viser at det ikkje føreligg skriftlege skildringar av rolla til byggdriftarar, noko som etter revisjonen si vurdering medfører risiko for at rolla og ansvaret ikkje er tilstrekkeleg tydeleg definert. Det er i tillegg nokre utfordringar knytt til grenseoppgang mellom vedlikehald av bygg og vedlikehald av uteområde, noko som kan medføre risiko for at naudsynte oppgåver ikkje blir utført. Videre er det nokre uklarheiter knytt til kva som er brukar og forvaltar sitt ansvar når det gjeld enkelte drifts- og vedlikehaldsoppgåver, og fleire har gitt uttrykk for eit behov for opplæring og ytterlegare presisering av denne ansvarsdelinga. Revisjonen meiner også at det er ein vesentleg mangel at det ikkje føreligg nærare skildringar av ansvaret brukarane blir opplyst å ha knytt til å kartlegge og vurdere tilstand av bygg, og revisjonen stiller spørsmål ved kva føresetnader brukarane av bygga har til å gjere denne typen tilstandsvurderingar.

Undersøkinga viser også at det er enkelte utfordringar knytt til bruken av heradet sitt internkontrollsystem for vedlikehald av kommunale bygg. Systemet blir i liten grad nytta som ei plattform for dialog om vedlikehaldsoppgåver og det blir i liten grad gitt tilbakemelding på innmelde vedlikehaldsbehov. Samtidig er det fleire brukarar som etterlyser betre rutinar for kommunikasjon og samhandling med vedlikehaldsavdelinga.

Det kjem også fram i undersøkinga at kapasiteten til vedlikehaldsarbeid synast å bli påverka av at ansvaret for ein del oppgåver ikkje er tilstrekkeleg avklara, noko som vanskeleggjer prioritering av ressursane frå vedlikehaldsavdelinga si side. Det kjem mellom anna fram at arbeid knytt til driftsoppgåver som blir meldt frå brukarane går ut over kapasiteten til vedlikehaldsoppgåver. Revisjonen meiner dette understrekar behovet for ytterlegare avklaring av ansvar og roller når det gjeld høvesvis brukarane av bygga og avdelinga som er ansvarleg for å utføre vedlikehald. Undersøkinga viser også at det blir stilt spørsmål ved kapasiteten til å gjennomføre vedlikehaldsarbeid og at enkelte leiarar framhevar at det ville vore meir kostnadseffektivt å tilsette meir personell med fagkompetanse framfor å leige inn ekstern kompetanse. Det er etter revisjonen si vurdering viktig at Kvam herad gjer ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse, og vurderer kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.

Verdibevarande vedlikehald

Det er revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje har etablert system som sikrar eit verdibevarande vedlikehald av heradet sin bygningsmasse. Det er etter revisjonen si vurdering uheldig at det ikkje føreligg ein overordna vedlikehaldsstrategi, at det i avgrensa grad er fastsett politiske målsetningar for heradet si forvaltning av kommunale bygg og at heradet ikkje har definert ønska tilstand for dei bygga heradet eiger. Manglande vedlikehaldsstrategi med tydelege målsettingar for vedlikehaldet og som beskriv korleis ein skal arbeide for å nå måla, aukar risikoen for at

vedlikehaldet blir prega av «brannsløkking». Dette gir totalt sett eit meir kostbart vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.

Kvam herad sine utgifter til vedlikehald per kvadratmeter samla sett og fordelt på ulike føremålstypar viser også at heradet ligg under anbefalte normtal for eit verdibevarende vedlikehald. Manglande ressursar til vedlikehald kan tvinge fram ei tidlegare totalrehabilitering av bygga og totalt sett gje ei meir kostbar forvaltning av kommunal eigedom. Samtidig kan ikkje revisjonen sjå at heradet har ei strategisk tilnærming kor det blir gjort systematiske vurderingar av vedlikehaldskostnader opp mot kostnader for nybygg. Manglande vurderingar av kostnader til verdibevarende vedlikehald over tid opp mot det å la bygg forfalle gradvis for deretter å byggje nytt kan etter revisjonen sin vurdering føre til eit totalt sett meir kostbart vedlikehald.

Vidare viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at arbeidet med å utarbeide tilstandsvurderingar for bygga ikkje er tilstrekkeleg systematisk, og revisjonen finn grunn til å stille spørsmål ved om grunnlaget for utarbeiding av tilstandsvurderingar er godt nok. Det kjem også fram i undersøkinga at det er eit vedlikehaldsetterslep knytt til Kvam herad sin bygningsmasse og at ein del av dei nyare bygga no begynner å få auka behov for vedlikehald. Sjølv om heradet har eit system som gir moglegheit for å få ei samla oversikt over vedlikehaldsetterslepet er det per i dag noko usikkerheit knytt til kor fullstendig og oppdatert grunnlagsdata i systemet er. Det er difor revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje har tilstrekkeleg oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til den kommunale bygningsmassen.

Basert på informasjon som kjem fram i undersøkinga forstår revisjonen det slik at delar av vedlikehaldsarbeidet i heradet i praksis blir gjennomført som investeringsprosjekt. Dette kan medføre risiko for brot på forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 2-3 der det går fram at utgifter til vedlikehald av varige driftsmidlar er rekna som utifter til drift. Revisjonen vil presisere viktigheita av at Kvam herad sikrar etterleving av forskriftskrav og god kommunal rekneskapsskikk.

Informasjon til heradsstyret

Det er revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje sikrar at heradsstyret blir tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga. Det synast ikkje å vere etablert ein praksis for å orientere heradsstyret regelmessig om berekna utbetningskostnader for vedlikehald eller forslag til prioriteringar av vedlikehald. Vidare blir det etter overgang til rapportering av budsjett og årsmeldingar i *Framsikt* ikkje lenger gitt ei eiga orientering til heradsstyret om dei kommunale bygga. Ein føresetnad for eit godt vedlikehald av kommunale bygg er god kommunikasjon mellom heradsstyret som eigar og administrasjonen som forvaltar. Konsekvensane av at heradsstyret ikkje i tilstrekkeleg grad blir orientert om behov for vedlikehald av kommunale bygg er at dei ikkje kan ivareta sitt ansvar som eigar av bygga. Dette gjer det meir utfordrande å sikre eit strategisk og langsiktig vedlikehald av kommunale bygg som forhindrar verdireduksjon.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga anbefaler revisjonen at Kvam herad sett i verk nokre tiltak. Desse er presentert i kapittel 6 Konklusjon og anbefalingar.

Innhald

Samandrag	3
Innhald	5
Detaljert innhaldsfortegnelse	6
1 Innleiing	8
2 Overordna organisering av vedlikehaldsarbeid i Kvam herad	12
3 Organisering av vedlikehalds-arbeidet	13
4 Verdibevarande vedlikehald	21
5 Informasjon til heradsstyret	32
6 Konklusjon og anbefalingar	34
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	36
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	38
Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	44

Detaljert innhaldsfortegnelse

1	Innleiing	8
1.1	Bakgrunn	8
1.2	Føremål og problemstillingar	8
1.3	Metode	8
1.3.1	Dokumentanalyse	9
1.3.2	Intervju	9
1.3.3	Spørjeundersøking	9
1.3.4	Analyse av statistikk	10
1.3.5	Verifisering og høyring	10
1.4	Avgrensing	10
1.5	Revisjonskriterium	10
1.6	Omgrepsavklaring	10
2	Overordna organisering av vedlikehaldsarbeid i Kvam herad	12
2.1	Organisering i heradet	12
2.2	Kvam herad sin bygningsmasse	12
3	Organisering av vedlikehalds-arbeidet	13
3.1	Problemstilling og revisjonskriterium	13
3.2	Rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald	13
3.2.1	Datagrunnlag	13
3.2.2	Vurdering	16
3.3	Kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg	17
3.3.1	Datagrunnlag	17
3.3.2	Vurdering	18
3.4	Kompetanse og kapasitet til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald av kommunale bygg	18
3.4.1	Datagrunnlag	18
3.4.2	Vurdering	20
4	Verdibeverande vedlikehald	21
4.1	Problemstillingar og revisjonskriterium	21
4.2	Mål, strategiar og planar for arbeidet med vedlikehald	22
4.2.1	Datagrunnlag	22
4.2.2	Vurdering	26
4.3	Oversikt over faktisk tilstand på kommunale bygg og vedlikehaldsetterslep	27
4.3.1	Datagrunnlag	27
5	Informasjon til heradsstyret	32
5.1	Problemstilling og revisjonskriterium	32
5.2	Datagrunnlag	32
5.3	Vurdering	33
6	Konklusjon og anbefalingar	34
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	36
	Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	38

Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur

44

Figurer

Figur 1: Oversikt over kva type kommunal verksemd leiarane arbeider ved	10
Figur 2: Organisering av eining for bygg og eigedom	12
Figur 3: Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling knytt til vedlikehald	16
Figur 4: Rutinar for kommunikasjon og samhandling	18
Figur 5: Oppfølging av innmelde manglar ved vedlikehald	19
Figur 6: Utsetting av vedlikehald	20
Figur 7: Verdibevarande og planmessig vedlikehald (brukarar)	24
Figur 8: Utsnitt frå LAFT/IK-Bygg (svaralternativ på kontrollspørsmål om tilstand på bygg)	28
Figur 9: Vedlikehaldsetterslep	30

Tabellar

Tabell 1: Areal for eigde kommunale føremålsbygg, etter føremålstype (2022)	12
Tabell 2: Rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av offentlege føremålsbygg i Kvam herad	14
Tabell 3: Utgifter knytt til drift og vedlikehald av kommunale bygg	24
Tabell 4: Utgifter knytt til vedlikehald av kommunale bygg, per føremålstype	25
Tabell 5: Kartlegging av tilstand jf. NS3424	41

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 26.04.2023 (sak 14/23) og innspel i møte med kontrollutvalet 05.06.2023 (sak 19/23) gjennomført ein forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad.

Kvam herad forvaltar kommunale føremålsbygg¹ på totalt om lag 58 000 kvadratmeter. Skular, barnehagar og administrasjonslokale er døme på føremålsbygg. Forvaltning av kommunale føremålsbygg er ei viktig kommunal oppgåve. Dei kommunale bygga gir rammer for utvikling av lokalsamfunna og lokale tenestetilbod. Eigendomsforvaltninga representerer også ein betydeleg del av kommunane sine utgifter.² Eit godt vedlikehald vil bidra til økt levetid og standard på bygga, som igjen vil vere lønsamt over tid og leggje til rette for å kunne gi innbyggjarane eit godt tenestetilbod. Samtidig kan eit dårleg vedlikehald føre til auka risiko for forringing av verdien på kommunale bygg og vesentlege vedlikehaldsetterslep.³

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibeverande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av roller og ansvar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?

- Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
- Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
- Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald av kommunale bygg?

2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen?

- I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
- Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
- I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
- I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
- I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibeverande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
- Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
- I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?

3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

1.3 Metode

Deloitte har gjennomført oppdraget i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikra det i samsvar med krav til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

¹ Føremålsbygg er bygg som er utforma for bestemte føremål og som kjenneteiknast av at det ofte er vanskeleg å skaffe alternative lokalar som passer til det føremålet bygninga var spesielt konstruert for. Døme på føremålsbygg er barnehagar, skular, sjukeheimar, administrasjonslokale, kulturbygg og idrettsbygg.

² Kommunenes Sentralforbund (KS). 2009. Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn.

³ Ibid.

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet juni 2023 til januar 2024. Som metode har revisjonen nytta dokumentanalyse, spørjeundersøking og intervju, samt analyse av føreliggjande statistikk.

1.3.1 Dokumentanalyse

Interne styringsdokument og rutinar, samt dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mv. har blitt samla inn og analysert i samband med forvaltningsrevisjonen. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot revisjonskriteria.

1.3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervjuet fire personar frå Kvam herad på leiarnivå som har ansvar for arbeidet med vedlikehald av offentlege bygg. Revisjonen har intervjuet:

- Sjef for teknisk og informasjon
- FDVU-bygg leiar
- Fagansvarleg vedlikehald
- Fagansvarleg drift

Revisjonen har også gjennomført intervju med rektor ved alle dei fem grunnskulane i heradet (Norheimsund, Strandebarm, Tørvikbygd, Øystese, Ålvik). Rektorane representerer brukarane av bygga.

1.3.3 Spørjeundersøking


Revisjonen har gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking i samband med forvaltningsrevisjonen. Invitasjon til å svare på undersøkinga blei sendt til eit utval leiarar ved ulike kommunale verksemder for å få informasjon om korleis dei som brukarar av kommunale bygg vurderer tilstanden til og vedlikehaldet av bygga der dei arbeider. Det blei også stilt spørsmål om korleis leiarane vurderer vedlikehaldsarbeidet og rolle- og ansvarsdelinga knytt til vedlikehald.

Utvalet av leiarar ble gjort på bakgrunn av ei tilsendt oversikt over 108 leiarar i Kvam herad. Dei kommunale verksemdene som er inkludert i undersøkinga er skular, barnehagar, sjukeheimar og enkelte verksemder innanfor helse og omsorg og samfunn, næring og kultur. Leiarar på lista som ikkje har arbeidsstad ved eit kommunalt føremålsbygg eller som ikkje er øyste leiar på den aktuelle tenestestaden ble ikkje inkludert i utvalet.

Spørjeundersøkinga ble sendt til 45 leiarar kor av 34 av dei svarte. Dette gir ein svarprosent på 76 prosent. Fordelinga mellom ulike kommunale verksemder går fram av Figur 1 under.⁴

⁴ Leiarane som svara *Anna kommunal verksemd* arbeider innan sektor for helse og omsorg (til dømes legekontor), og sektor for samfunn, næring og kultur (til dømes bibliotek).

Figur 1: Oversikt over kva type kommunal verksemd leiarane arbeider ved



1.3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen har nytta KOSTRA-tal henta frå SSB til å samanlikne Kvam herad sine vedlikehalds- og driftskostnader med gjennomsnitt for kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 5), Vestland fylke og Noreg, samt for å få oversikt over det totale omfanget av føremålsbygg som heradet eiger.

1.3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå verifiserte intervjureferat som er nytta i rapporten.

Utkast til rapport er sendt til rådmannen for verifisering og høyring. Faktafeil som blei påpeika i samband med verifiseringa er retta opp i den endelege versjonen av rapporten. Rådmannen sin høyringsuttale er lagt ved rapporten (vedlegg 1).

1.4 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonsprosjektet omfattar ikkje kommunale bustadar. Vidare har ikkje forvaltningsrevisjonsprosjektet omfatta fysiske undersøkingar av bygningsmassen.

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er henta frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå plan- og bygningslova, kommunelova, Norsk offentlig utredning 2004:22, rettleiar frå KS og rapport frå Multiconsult og PwC om vedlikehald i kommunesektoren, utarbeida på oppdrag frå KS.

Kriteria er nærmare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i 0.

1.6 Omgrepsavklaring

Byggordboka er nytta som kjelde for å avklare omgrep knytt til vedlikehald.

Med **vedlikehald** meinast arbeid som er naudsynt for å oppretthalde kvaliteten på eit bygg og halde dei tekniske installasjonane på eit fastsett nivå, og sikre at bygget som heilheit fungerer etter hensikta innafor ei gitt brukstid.⁵ I NS-EN 13306:2010 er vedlikehald definert som «kombinasjon av alle tekniske administrative og styringsrelaterte tiltak gjennom livssyklusen til en enhet, som har til hensikt å bevare den i eller tilbakeføre den til en tilstand der den kan oppfylle nødvendige funksjonskrav.» Ein kan skilje mellom planlagt/førebyggjande og løypande vedlikehald. **Planlagt/førebyggjande vedlikehald** er arbeider som blir utført for å hindre forfall som følgje av jamn og normal slitasje og som er gjennomført

⁵ Byggordboka. *Vedlikehald*. Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/vedlikehald>

anten periodisk eller basert på vurderingar av tilstanden til bygga. **Løypande vedlikehald** er tiltak som ikkje er ein del av planlagd vedlikehald og som tar sikte på å rette tilfeldige skadar eller manglar som kan oppstå som følgje av til dømes hærverk eller akutte situasjonar.

Drift omfattar alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at bygga med tekniske installasjonar skal fungere som planlagt, både funksjonelt, teknisk og økonomisk.⁶

Vedlikehaldsetterslep er det akkumulerte vedlikehaldsbehovet som pregar enkelte bygg. Vedlikehaldsetterslep er som oftast eit uttrykk for den kostnad som krevst for å oppnå ønska tilstand.⁷

⁶ Byggordboka. *Drift*. Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/drift>.


⁷ Byggordboka. *Etterslep*. Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/etterslep>.

2 Overordna organisering av vedlikehaldsarbeid i Kvam herad

2.1 Organisering i heradet

Eigedomssforvaltninga i Kvam herad er underlagt sektor for teknisk og informasjon. I sektor for teknisk og informasjon er det eining for bygg og eigedom som har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU)⁸ av kommunale bygg. Organiseringa av eining for bygg og eigedom, med underliggende avdelingar, går fram av Figur 2 under.

Figur 2: Organisering av eining for bygg og eigedom



2.2 Kvam herad sin bygningsmasse

Kvam herad sitt samla areal av eigde kommunale føremålsbygg var i 2022 på 56 446 km², ifølgje tal frå KOSTRA. Tabellen under (Tabell 1), viser arealet for eigde kommunale føremålsbygg i Kvam herad, etter føremålstype.

Tabell 1: Areal for eigde kommunale føremålsbygg, etter føremålstype (2022)

Føremålstype	Areal (m ²)
Administrasjonslokale	5 472
Barnehagelokale	5 237
Institusjonslokale	9 170
Kommunale idrettsbygg/anlegg	11 229
Kommunale kulturbygg	2 767
Samla bygningsmasse	56 446

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, 2023.

⁸ FDVU er kort for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling. Vi nyttar namna eining for bygg og eigedom og FDVU-bygg synonymt.

3 Organisering av vedlikehalds-arbeidet

3.1 Problemstilling og revisjonskriterium

For å sikre god internkontroll med eit kommunalt ansvarsområde, er det viktig å ha ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling. Ei tydeleg og føremålstenleg organisering er vidare ofte ein føresetnad for å sikre god og effektiv kommunikasjon mellom brukarar av bygg, forvaltar og eigar. For å sikre ei forsvarleg eigedomsforvaltning er det i tillegg sentralt at heradet har tilgang til naudsynt kompetanse og kapasitet for å gjennomføre naudsynte vedlikehaldsoppgåver knytt til bygningsmassen.

I det følgjande svarar vi på om heradet har ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehaldet av dei offentlege føremålsbygga som Kvam herad eigar. I venstre kolonne under presenterer vi hovudproblemstillinga som ligg til grunn for dette kapittelet, med underproblemstillingar. I høgre kolonne presenterer vi aktuelle revisjonskriterium som er utleia i samband med problemstillingane.⁹

Problemstilling 1	Krav og forventningar til heradet
Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg? a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg? b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg? c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?	Det skal vere på plass god internkontroll i arbeidet med vedlikehald av kommunale bygg. Dette inneberer at: → det bør vere ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld arbeidet med vedlikehald (jf. kommunelova §25-1; NOU 2004:22; KS 2020; KS 2009). → det bør vere på plass formaliserte system, rutinar og kanalar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar, inkludert eit system for å melde og følgje opp avvik (jf. kommunelova §25-1; NOU 2004:22; KS 2020; KS 2009). → det bør vere på plass system og rutinar for å sikre kompetanse og kapasitet knytt til arbeidet med vedlikehald, slik at føremålsbygga blir halde i forsvarleg stand (jf. plan- og bygningslova §31-1; NOU 2004:22).

3.2 Rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald

3.2.1 Datagrunnlag

Rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald innan sektor for teknisk og informasjon

Ansaret for vedlikehald av Kvam herad sin bygningsmasse går fram av ein tilsendt power point presentasjon av organisering av sektor for teknisk og informasjon. Presentasjonen gir mellom anna skildringar av roller og ansvar knytt til ulike delar av forvaltninga av kommunale bygg og er oppsummert i Tabell 2 under. I intervju opplyser leiar for FDVU-bygg at presentasjonen blir nytta for å forklare kva rolle og oppgåver dei tilsette har knytt til vedlikehald.

⁹ Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

Internkontrollsystemet LAFT/IK-bygg inneheld også ei skildring av roller og oppgåver, men på eit meir overordna nivå enn power point presentasjonen.¹⁰

Tabell 2: Rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av offentlege føremålsbygg i Kvam herad¹¹

Rolle	Skildring og ansvar
Rådmann	Rådmannen har hovudansvaret for eigedomsforvaltning av kommunale bygg i Kvam herad.
Teknisk sjef (leiar sektor for teknisk og informasjon)	Sjef for eining for teknisk og informasjon. Teknisk og informasjon består av einingane Bygg og eigedom (FDVU-bygg), Kommunalteknikk VAV, Brann og redning og Fellessekretariatet/arkiv.
Einingsleiar (bygg og eigedom)	Leiar for FDVU-bygg (forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling) har det overordna ansvar for forvaltning, drift, utvikling og vedlikehald av bygg og eigedomar, og leiar eininga bygg og eigedom. Har også personal- og HMS-ansvar for avdelingsleiarane i eininga bygg og eigedom.
Fagansvarleg (vedlikehald bygg)	Avdelingsleiar for vedlikehald, med eit delegert ansvar for dagleg vedlikehald. Avdelingsleiarane har ansvar for å behandle alle meldingar og rapportar frå brukarar av føremålsbygga i heradet. Avdelingsleiarane har ansvar for vedlikehald av bygg og uteområde.
Fagansvarleg (drift)	Avdelingsleiar for drift, med eit delegert ansvar for dagleg drift. Ansvar for kontinuerleg drift og utbetring for stabil drift. Opplæring av anna driftspersonell til å forstå og drifte anlegga på trygg måte. Ansvar for renovasjon, brann, utleige, og låsesystem.
Fagansvarleg (tekniske anlegg)	Ansvar for kontinuerleg drift og vedlikehald for stabil drift. Opplæring av anna driftspersonell til å forstå og drifte anlegga på ein trygg måte. Ansvar for tekniske anlegg, inkludert varmeanlegg, varmepumper, ventilasjon, alarmer, nødlis og heisar.
Prosjektleiar (prosjektavdeling)	Ansvar for leing og utvikling av større og mindre prosjekt innan byggavdeling. Inkluderer nybygg, ombygging, utbetring og mindre kontinuerlege prosjekt.
Brukar av bygg	Ansvar for å melde inn og rapportere avvik på bygga. Ansvar for å kartlegge og vurdere tilstand av bygg.

Det går ikkje fram av tilsendt dokumentasjon kva ansvar og rolle eigar har på overordna nivå knytt til vedlikehald av kommunale bygg og i kva grad heradsstyret er involvert i prioriteringar og strategiske avgjersler som gjeld vedlikehald av den kommunale bygningsmassen. Forvaltar¹² si rolle for vedlikehald er ytterlegare skildra i Kvam herad sitt delegasjonsreglement. I utdrag frå delegasjonsreglementet¹³ som revisjonen har fått tilsendt går det fram at leiar FDVU-bygg (leiar for eining for bygg og eigedom) har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygg i heradet, samt personalansvar for avdelingsleiarane i eining for bygg og eigedom. Leiar for FDVU-bygg sitt overordna ansvar inkluderer å ha oversikt over alle kommunale bygg, inkludert deira tilstand. Vedlikehaldsansvaret inkluderer vedlikehald av alle kommunale føremålsbygg, inkludert alle uteområde, unnateke park og hage¹⁴. Vedlikehaldsansvaret er delegert vidare til ei eiga vedlikehaldsavdeling underlagt eining for bygg og eigedom, som er ansvarleg for det operative vedlikehaldet av bygga, og som blir leia av ein fagansvarleg vedlikehald (fagansvarleg vedlikehald).

Vedlikehaldsavdelinga har ni tilsette byggdriftarar i tillegg til fagansvarleg vedlikehald. Det går ikkje fram av tilsendt dokumentasjon kva rolle og ansvar byggdriftarane har knytt til drift og vedlikehald av kommunale bygg utover ei kort skildring som blir nytta i samband med opplæring av brukarar, nærmare omtalt under.

Heradet opplyser at det i 2017 blei gjennomført ei omorganisering av arbeidet med vedlikehald, der ein gjekk frå ei desentralisert vaktmeisterteneste og over til ei ny sentralisert vedlikehaldsavdeling. Under tidlegare organisering var vedlikehaldsarbeidet i heradet fordelt mellom fleire avdelingar og etter geografi. I dag er vedlikehaldsarbeidet i kommunen sentralisert i ei samanslått avdeling og styrka med intern fagkompetanse. Fagansvarleg vedlikehald peiker i intervju på at dagens organisering med teknisk fagkompetanse i avdelinga gjer at det i større grad er mogleg for heradet

¹⁰ LAFT/IK-bygg er eit digitalt internkontrollsystem som mellom anna nyttast for å rapportere inn vedlikehaldsbehov på bygg.

¹¹ Kvam herad. *Organisering teknisk og informasjon*. Ikkje datert; Kvam herad. *Oversending av etterspurt dokumentasjon til forvaltningsrevisjon knytt til vedlikehald av offentlege bygg*. 04.09.2023.

¹² Forvaltar viser til ei rolle med eit delegert ansvar for løypande drift og vedlikehald på oppdrag frå eigaren av bygget, samt å følgje opp eigar sine pliktar og rettar etter avtale med brukar av bygget.

¹³ Kvam herad. *Utdrag frå delegasjonsreglement for rolla leiar for FDVU-bygg*. Ikkje datert.

¹⁴ Heradsgartneren har ansvar for stell av park og grøntområde i heradet.

å gjennomføre det daglege vedlikehaldsarbeidet på eiga hand utan innleigd kompetanse. Når det gjeld ansvar for vedlikehald peiker teknisk sjef på at fleire brukarar har et ynskje om å gå tilbake til tidlegare ordning med vaktmeistereneste. Det blir kommentert at dette ønsket dels kan skuldast misforståingar knytt til kva som er driftsoppgåver og kva som er vedlikehaldsoppgåver.

Vedlikehaldsansvarleg opplever at roller og ansvar for vedlikehald i heradet er tydeleg definert. Fagansvarleg vedlikehald peiker vidare på at dei tilsette i avdelinga er kjent med kva som er deira ansvarsoppgåver, sjølv om det er enkelte gråsoner, særleg knytt til kven som har ansvar for vedlikehald av utvendig leikeutstyr og grønt vedlikehald. Leiar for FDVU-bygg forklarar i intervju at han opplever vedlikehaldsarbeidet som hovudsakeleg tydeleg definert og organisert i dag, men peiker også på at det er nokre utfordringar når det gjelder kven som har ansvaret i grenseskilet mellom bygningsmasse og uteområde. Leiaren forklarar i intervju at vedlikehaldsavdelinga i utgangspunktet ikkje er rusta for eit slikt arbeid. I dag blir mykje av dette likevel løyst akutt/ad-hoc av vedlikehaldsavdelinga, noko som medfører eit ytterlegare press på ressursane til avdelinga. Han forklarar vidare at dagens organisering av vedlikehaldsavdelinga har bidratt til høgare trivsel og lågare sjukefråvær enn under tidlegare driftsmodell. Driftsansvarleg opplever at det er eit svært godt samarbeid internt, både med fagansvarleg vedlikehald og leiaren for FDVU-bygg. Driftsansvarleg trer inn i rolla som fagansvarleg vedlikehald dersom fagansvarleg vedlikehald ikkje er tilgjengeleg grunna ferie og liknande.

Rolle- og ansvarsdeling mellom forvaltar og brukar knytt til vedlikehald


Det er utarbeidd ein eigen presentasjon som skildrar ei overordna rollefordeling mellom forvaltar og brukar.¹⁵ Teknisk sjef opplyser i intervju at presentasjonen har vore nytta i opplæring gjennomført av vedlikehaldsavdelinga, retta mot brukarar av kommunale bygg. I presentasjonen går det fram at brukar sjølve har ansvar for mindre drifts- og vedlikehaldsoppgåver som til dømes montere møblar, smøre låsar, stramme lause skruar, byte lypærar, koste og strø framom inngangsdører. Det går også fram at byggdriftar i heradet har ansvar for overordna vedlikehald, reperasjon og endringar av bygg og uteområde, større montasjearbeid og transportoppgåver, internkontroll på teknisk anlegg, oppgraderingar av innvendige areal, tilsyn og kontroll av utvendige rømningsveggar og rettleiing ved arrangement. Presentasjonen gir også eksempel på kva tid teknisk vakt skal kallast ut, som til dømes ved akutte vedlikehaldssituasjonar som kan ha alvorlege følgjer.¹⁶ I intervju blir det opplyst at det utover denne presentasjonen ikkje føreligg skriftlege rutinar som gjer ansvarsdelinga mellom brukar og forvaltar tydeleg.

Gjennom intervju og spørjeundersøking kjem det fram at fleire av brukarane av bygga saknar ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld vedlikehald av kommunale bygg. Figur 3 under viser at 21 prosent svarar *i liten grad* og 41 prosent *i nokon grad* på spørsmål om Kvam herad har ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald. Fleire av dei som i liten eller nokon grad meiner at rolle- og ansvarsdelinga er tydeleg, forklarar i fritekstsvar at det er uklare forventingar til kva som er brukar sitt ansvar, uklart kven som har ansvar for kva og at det kan oppstå situasjonar der vedlikehaldsoppgåver ikkje blir utført.

¹⁵ Kvam herad. *Arbeidsdeling mellom brukar og forvaltar*. Ikkje datert.

¹⁶ Kvam herad. *Arbeidsdeling mellom brukar og forvaltar*. Ikkje datert.

Figur 3: Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling knytt til vedlikehald



Fagansvarleg vedlikehald forklarar i intervju at det har vore gjennomført eit opplæringsmøte med brukarane. Likevel opplever han at roller og ansvar mellom brukar og forvaltar av bygga ikkje er tydleg nok definert per i dag. Han forklarar at opplæringsmøta har hatt som føremål å avklare og tydeleggjere forventningar og ansvarsdeling mellom brukar og forvaltar av bygga knytt til vedlikehald. Samtidig kan relativt hyppig utskifting av tilsette hos brukarane medføre at forventningar og ansvarsdeling ikkje er kjent for alle. Det blir kommentert at manglande kjennskap til kva oppgåver brukarane kan og bør løyse sjølv fører til auka arbeidsmengde for vedlikehaldsavdelinga.

Også gjennom intervju med rektorane kjem det fram at det både er ønske om og behov for meir opplæring knytt til kva oppgåver som ligg til brukar og kva som er ansvaret til vedlikehaldsavdelinga når det gjeld drifts- og vedlikehaldsoppgåver. Fleire av rektorane i heradet stadfestar i intervju at det ikkje føreligg ein tilstrekkeleg tydeleg skriftleg definisjon av deira rolle som brukar av eit offentleg føremålsbygg. Samtidig opplever nokre av dei intervjuatane at ansvaret ofte verkar logisk og sjølvforklarande, særleg når det gjeld innrapportering av vedlikehaldsbehov og avvik. Blant rektorane er det ulike oppfatningar om i kva grad dagens organisering av vedlikehaldsarbeidet er føremålstenleg. Enkelte kommenterer at det hadde vore nyttig for brukarane av bygga å ha ein vedlikehaldsansvarleg tilgjengeleg på kvart bygg.

3.2.2 Vurdering

Det er Deloitte si vurdering at Kvam herad i hovudsak har etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til arbeidet med vedlikehald av kommunale bygg. Roller og ansvar er på overordna nivå skildra skriftleg og det er gjort viktige avklaringar knytt til vedlikehald av dei kommunale bygga. Samtidig viser undersøkinga at det ikkje føreligg skriftlege skildringar av rolla til byggdrittarar, noko som etter revisjonen si vurdering medfører risiko for at rolla og ansvaret ikkje er tilstrekkeleg tydeleg definert. Det er i tillegg nokre utfordringar knytt til grenseoppgang mellom vedlikehald av bygg og vedlikehald av uteområde, noko som kan medføre risiko for at naudsynte oppgåver ikkje blir utført.

Videre viser undersøkinga at både representantar for forvaltar og brukarar av bygga opplever at det er nokre uklarheiter knytt til kva som er brukar og forvaltar sitt ansvar når det gjeld enkelte drifts- og vedlikehaldsoppgåver. Sjølv om det er etablert eit eige skriv som til ein viss grad tydeleggjer rollefordelinga, har fleire gitt uttrykk for eit behov for opplæring og ei ytterlegare presisering av denne ansvarsdeling. Eigedomsforvaltningsutvalet peiker på viktigheta av ei god gjensidig rolleforståing med klare ansvarsforhold. Deloitte meiner difor det bør føreliggje tydelege definisjonar av rollene og ansvaret som ligg til dei ulike rollene, og at dette bør inngå som ein del av styringsdokumenta knytt til vedlikehald i kommunen. Mellom anna merkar revisjonen seg at det ikkje føreligg skildringar av ansvaret brukarane har knytt til «å kartlegge og vurdere tilstand av bygg». Etter revisjonen si meining er dette ein vesentleg mangel i skriftleggjinga av roller og ansvar, og vi stiller spørsmål ved kva føresetnader brukarane av bygga har til å gjere denne typen tilstandsvurderingar. Det er etter revisjonen si vurdering også viktig at det jamleg blir lagt til rette for dialog mellom brukarane av bygga og forvaltar, der ein drøftar roller og ansvar og kan gjere naudsynte avklaringar og presiseringar.

Uklar ansvarsfordeling mellom brukarar og forvaltar kan medføre risiko for at enkelte vedlikehaldsoppgåver ikkje blir utført innan rimeleg tid eller at oppgåver som ikkje er å rekne som vedlikehaldsoppgåver må utførast av vedlikehaldsavdelinga. I sistnemnde tilfelle kan dette medføre ei vridning av ressursbruken som ikkje er føremålstenleg. Ei tydeleg skriftleggjing er særleg viktig med tanke på utskifte av personell, for å sikre at kunnskap om roller og ansvarsdeling ikkje blir personavhengig.

3.3 Kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg

3.3.1 Datagrunnlag

Internkontrollsystemet LAFT/IK-bygg er hovudkanalen for kommunikasjon og samhandling mellom brukarar og forvaltar av kommunale bygg i Kvam herad. LAFT/IK-bygg er eit felles datasystem som *brukarar* (til dømes rektorar, barnehagestyrarar og sjukeheimstyrarar), *eigarrepresentantar*, *forvaltar* og *utførar* (driftspersonell, både innleigde eksterne og internt tilsette byggdriftarar og driftsoperatørar) nyttar mellom anna for å registrere avvik og bestillingar til vedlikehaldsavdelinga.¹⁷ Systemet gir informasjon om tidsbruk og restansar knytt til innmelde vedlikehaldsbehov.

Heradet opplyser om at brukarar av bygga har ansvar for å legge inn bestillingar og registrere avvik knytt til vedlikehald. Brukarane skal også gjere ei eiga kartlegging og vurdering av bygg, men det er ikkje nærare definert kva type vurdering dette skal vere. I fleire intervju kjem det fram at kommunen er liten og oversiktleg, noko som bidrar til god kjennskap og dialog på tvers av einingar og avdelingar. Teknisk sjef viser i samband med oversending av dokumentasjon til at den uformelle kommunikasjonen mellom forvaltar, brukar og leiarnivå fungerer godt som ein kanal for samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg. I hendingar med langvarige manglande utbetringar som kan ha innverknad på HMS blir også avvikssystemet i Compilo nytta. Teknisk sjef opplyser i intervju at det har førekome at brukarar har meldt avvik i Compilo fordi bestillingane deira i LAFT/IK-bygg ikkje har blitt følgt opp innan rimeleg tid.

Dialog mellom byggeigar (heradsstyret) og brukar eller forvaltar knytt til vedlikehald er ikkje dokumentert utover årsmeldingar og utdrag frå budsjett (sjå kapittel 5). Leiar for FDVU-bygg peiker i intervju på at det manglar ein tydeleg kommunikasjonskanal frå eining for bygg og eigedom til politisk nivå i heradet om vedlikehald av kommunale bygg. Det kjem også fram i intervju at det har vore uklar kommunikasjon kring ekstraordinære løyvingar til uteområde ved skular og barnehagar.


Både gjennom intervju med rektorar i heradet og gjennom spørjeundersøkinga kjem det fram ein del erfaringar som brukarar av bygga har med LAFT/IK-bygg. Fleire av rektorane forklarar at det i hovudsak er dei sjølve og avdelingsleiarar som har tilgang til å melde inn vedlikehaldsbehov i LAFT/IK-bygg, medan andre tilsette melder frå om vedlikehaldsbehov til rektor. Brukarar av føremålsbygga opplever i stor grad LAFT/IK-bygg som eit enkelt og nyttig verktøy for å melde inn avvik og bestillingar. Samtidig viser fleire av dei som nyttar LAFT/IK-bygg til at dei saknar moglegheit for dialog og tilbakemelding på innmelde behov frå vedlikehaldsavdelinga.

Enkelte rektorar i heradet erfarer at det ikkje blir gitt tilbakemelding rundt innmelde sakar i LAFT/IK-bygg, medan andre gir uttrykk for at dei blir orientert om utført arbeid på saker dei sjølv har meldt inn i systemet. Ein rektor kommenterer at vedlikehaldseininga ikkje er synlege når dei gjennomfører inspeksjonar på skulen og rektor saknar ein tettare dialog og tilbakemelding om kva som eventuelt blir avdekkja under inspeksjonane. Samtidig trekk enkelte rektorar fram at det ikkje er tett nok dialog mellom byggforvaltar og brukar om uteståande vedlikehald, gjennomførte utbetringar og når vedlikehaldsavdelinga gjennomfører inspeksjonar og kva som eventuelt blir avdekkja under inspeksjonane. Fleire av dei intervjuar rektorane i heradet har forklart at dei ynsker seg ein definert kontaktperson for vedlikehalds- og driftsoppgåver, og meiner dette ville vore eit positivt bidrag til ei føremålstenleg vedlikehaldsorganisering. Rektorane forklarar at det ofte kan vere hensiktsmessig med eit alternativ til å melde inn saker og behov skriftleg i LAFT/IK-bygg, og at dei opplever det som vanskeleg å vite kven dei kan kontakte i heradet. Det er ikkje etablert faste arenaer for dialog mellom brukarane av bygga og forvaltar, som til dømes periodiske møte der forvaltar og brukar av eit bygg deltar.

Resultat frå spørjeundersøkinga (Figur 4) viser at 47 prosent meiner det delvis er etablert tilstrekkeleg med rutinar for kommunikasjon og samhandling mellom brukarar og vedlikehaldsavdelinga og 29 prosent meiner det ikkje er etablert tilstrekkeleg med rutinar.

¹⁷ Kvam herad. Oversikt over roller i internkontrollsystemet LAFT. Ikkje datert.

Figur 4: Rutinar for kommunikasjon og samhandling



3.3.2 Vurdering

Revisjonen meiner det er positivt at Kvam herad har etablert eit digitalt system for kommunikasjon mellom forvaltar og brukar, der brukarar kan melde inn vedlikehaldsbehov. Eit slikt system sikrar at alle innmeldte behov blir registrert, og at kommunikasjonen i liten grad er avhengig av enkeltpersonar. Vidare gir systemet moglegheit til å følgje opp tidsbruk og restansar knytt til vedlikehaldsbehov.

Samtidig viser undersøkinga at det er enkelte utfordringar knytt til bruken av systemet. Mellom anna fungerer systemet i liten grad som ei plattform for dialog om vedlikehaldsoppgåver og det blir i liten grad gitt tilbakemelding på innmelde vedlikehaldsbehov. Fleire brukarar etterlyser også betre rutinar for kommunikasjon og samhandling med vedlikehaldsavdelinga.

Revisjonen meiner at registrering, oppfølging og avklaring av dei behov og manglar som blir meldt inn frå brukarane er viktig for å sikre god internkontroll og ein sentral del av eit føremålstenleg system for kommunikasjon og samhandling om vedlikehald. For å sikre god samhandling mellom aktørane, og god forståing for kvarandre sine behov og roller, meiner revisjonen også at det er viktig med faste arenaer for dialog mellom brukarane av eit bygg og forvaltar. Ein slik arena kan til dømes knytast opp mot faste synfaringar av bygga i samband med tilstandsvurderingar, og tilhøyrande oppsummering av behov og planar når det gjeld vedlikehald av bygget.

Kommunikasjon mellom forvaltar og eigar blir omtalt nærmare i kapittel 5 om orientering til heradsstyret om behov for vedlikehald.

3.4 Kompetanse og kapasitet til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald av kommunale bygg

3.4.1 Datagrunnlag

Vedlikehaldsarbeidet i Kvam herad var fram til 2017 desentralisert, med faste vaktmeistarar tilknytt dei ulike bygga. Fagansvarleg vedlikehald i heradet peiker i intervju på at omorganiseringa og sentraliseringa av vedlikehaldsarbeidet gjorde det mogleg å samle fagressursar. Med omorganiseringa blei det tilrettelagt for eit vedlikehaldsarbeid der avdelinga i større grad kan nytte spesialiserte fagfolk til enkeltoppdrag framfor ein spesifikk vaktmeister på kvart bygg som skulle gjennomføre oppgåver på tvers av ulike fagområde. Fagansvarleg vedlikehald viser til at heradet har arbeidd systematisk med å bygge opp ei avdeling som omfattar tilsette med ulik fagkompetanse, når personell dei seinare åra har blitt skifta ut. Til dømes går det fram av dokumentasjon at heradet har tre byggdriftarar med elektro som fagutdanning og erfaring innan elektroinstallasjon.¹⁸ Fagansvarleg vedlikehald har sjølv fagleg bakgrunn som takstmann, medan FDVU-leiar har fagbrev som tømrrar og takstmann.

Både fagansvarleg vedlikehald og FDVU-leiar forklarar at det er fleire nye føremålsbygg i heradet, og at desse bygga er mykje meir teknisk avanserte enn eldre bygg. Dette medfører at det er behov for tilsette med variert fagkompetanse for

¹⁸ Kvam herad. *Organisering teknisk og informasjon*. Ikkje datert.


å kunne drifte og vedlikehalde bygga. Begge opplever den faglege kompetansen til vedlikehaldsavdelinga som høg og variert i dag, noko som igjen gjer at dei er mindre avhengig av å leige inn ekstern kompetanse for å løyse oppgåvene. I heradet si årsmelding frå 2021 er det også kommentert at heradet si tilsetning av eigne elektrikarar og rørleggjarar i organisasjonen har gjort det mogleg å redusere innkjøp av eksterne tenester.¹⁹

Sjølv om kompetansen internt blir vurdert som god, får revisjonen opplyst at heradet grunna manglande kapasitet framleis til dels må leige inn ekstern kompetanse. Innleige av kompetanse er særleg knytt til større vedlikehaldsprosjekt. Fagansvarleg vedlikehald opplyser at det har vore meldt ifrå ved fleire anledningar om manglande kapasitet i vedlikehaldsavdelinga og at det hadde vore rimelegare å tilsette ytterlegare intern kompetanse samanlikna med innleige av ekstern kompetanse.

FDVU-leiar opplever at skulane ynskjer seg ein lokal vaktmeister og kontaktar byggeininga for å få utført driftsoppgåver som brukar av bygget eigentleg har ansvar for sjølv. Det blir peika på at dette går utover eininga sin kapasitet til å planlegge og gjennomføre vedlikehaldet på ein føremålstenleg måte. Både FDVU-leiar og fagansvarleg vedlikehald opplever at mange innmeldte serviceoppdrag (til dømes fjerning av avfall, montering av møbel, utbetring etter hærverk og liknande) går utover avdelinga sin kapasitet til å gjennomføre oppdrag knytt til vedlikehald. Desse oppdraga blir derfor nedprioriterte av avdelinga sjølv om dette blir oppfatta som problematisk frå brukarsida.

Gjennom spørjeundersøkinga blei brukarane av bygga spurt om deira erfaringar med vedlikehaldsarbeidet. Figur 5 viser at utvalde leiarar opplever at meldingar om manglar ved vedlikehald ikkje alltid blir følga opp. 38 prosent seier dei er *delvis einig*, 26 prosent er *delvis ueinig* i spørsmålet «vedlikehaldseininga i heradet følger alltid opp meldingar om manglar ved vedlikehald som blir sendt frå mi verksemd».²⁰

Figur 5: Oppfølging av innmeldte manglar ved vedlikehald




På spørsmål om i kva grad dei opplever at vedlikehald av bygget blir utsett og skyvd fram i tid er det ein vesentleg del av dei spurde leiarane som opplever at dette er ei relevant problemstilling. Som Figur 6 viser, svarer til saman 76 prosent av respondentane at dei enten i *stor grad* eller i *nokon grad* opplever at vedlikehald av bygget der dei arbeider blir utsett og skyvd fram i tid.

¹⁹ Kvam herad, Årsmelding 2021.

²⁰ Revisjonen viser til at det er uklarheit i kva brukarar forstår som vedlikehaldsoppgåver og kva dei forstår som driftsoppgåver.

Figur 6: Utsetting av vedlikehald



Fagansvarleg vedlikehald forklarar i intervju at han opplever at det er for lite ressursar og for lite kapasitet i avdelinga til grønt vedlikehald.²¹ Både brukarar og fagansvarleg vedlikehald peiker på manglande vedlikehald av uteområde ved kommunale føremålsbygg, og meiner at dette heng saman med manglande kapasitet og uklar arbeidsdeling.

3.4.2 Vurdering

Revisjonen meiner det er positivt at Kvam herad systematisk har arbeidd for å auke kompetansen i vedlikehaldsavdelinga, etter sentraliseringa som blei gjennomført for nokre år sidan. Sjølv om det til dels er ulike oppfatningar om kva organisering som er føremålstenleg, er det revisjonen si vurdering at det er viktig at heradet i størst mogleg grad kan sikre at vedlikehaldsoppgåver blir utført av personell med relevant fagkompetanse. Dagens organisering synast i så måte å vere føremålstenleg.

Gjennom undersøkinga kjem det også fram at det har blitt stilt spørsmål ved kapasiteten til å gjennomføre vedlikehaldsarbeid, og at det frå enkelte leiarar blir framheva at det ville vore meir kostnadseffektivt å tilsette meir personell med fagkompetanse framfor å leige inn ekstern kompetanse. Det er etter revisjonen si vurdering viktig å gjere ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse, og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen. Samtidig kjem det fram at kapasiteten til vedlikehaldsarbeid synast å bli påverka av at ansvaret for ein del oppgåver ikkje er tilstrekkeleg avklara, noko som vanskeleggjer prioritering av ressursane frå vedlikehaldsavdelinga si side. Det kjem mellom anna fram at arbeid knyt til driftsoppgåver som blir meldt frå brukarane går ut over kapasiteten til vedlikehaldsoppgåver. Dette er etter revisjonen si vurdering særst uheldig, og revisjonen meiner vedlikehaldsavdelinga bør ha dialog med brukarane av bygga når denne typen oppgåver blir meldt inn, for å avklare roller og ansvar, og sikre at ressursane blir nytta på føremålstenleg vis. Desse utfordringane stadfester også behov for ytterlegare tydeleggjering av roller og ansvar, som påpeikt i kapittel 3.2. Vidare vil revisjonen igjen framheve viktigheita av å ha tilstrekkeleg med arenaer for kommunikasjon og dialog mellom forvaltar og brukarane av bygga, som påpeikt i kapittel 3.3.

²¹ «Grønt vedlikehald» sikter til vedlikehald av uteområde, i denne samanheng uteområde i tilknytning til kommunale føremålsbygg.

4 Verdibeverande vedlikehald

4.1 Problemstillingar og revisjonskriterium

Eit verdibeverande vedlikehald inneber å oppretthalde verdien på bygga gjennom å sørge for tilfredsstillande vedlikehald.²² Mellom anna er eit verdibeverande vedlikehald kjenneteikna av at det føreligg strategiar som definerer målsettingar for vedlikehaldet og som legg til rette for eit planmessig og langsiktig vedlikehald. Ein føresetnad for å ha eit verdibeverande vedlikehald er også at heradet har ei oversikt over vedlikehaldsetterslep med mål om å unngå større forfall og nye etterslep.²³ Alternativet til eit verdibeverande vedlikehald er et vedlikehald som er prega av «brannsløkking» kor heradet blir løpande mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære, og gjerne meir kostbare, løysingar. Eit kontinuerleg vedlikehald er både meir lønsamt og ein del av god kommunal eigedomsforvaltning.²⁴

I det følgjande svarar vi på om Kvam herad har system og rutinar som sikrar eit verdibeverande vedlikehald av føremålsbygga som Kvam herad eig. På bakgrunn av hovudproblemstilling med underproblemstillingar er det utleia følgjande revisjonskriterium:²⁵

Problemstilling 2	Krav og forventningar til heradet
I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen? a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet? b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen? c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga? d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand? e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibeverande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet? f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådte normer? g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?	→ Det bør ligge til grunn tydelege mål, strategiar og planar for arbeidet med vedlikehald av kommunale føremålsbygg, som mellom anna: ○ definerer ønska tilstand for bygga ○ bidrar til å sikre eit verdibeverande vedlikehald ○ bidrar til å redusere vedlikehaldsetterslepet ○ sikrar at kostnader til vedlikehald er i samsvar med tilrådte normer ○ vurderer kostnader knytt til vedlikehald opp mot kostnader knytt til å bygge nytt (Kommunelova § 25-1; NOU 2004: 22; KS 2009; Multiconsult 2008) → Heradet bør ha oversikt over vedlikehaldsetterslep og dei kommunale føremålsbygga sin tilstand, samt ha system og rutinar for å regelmessig innhente tilstandsinformasjon (Kommunelova § 25-1; NOU 2004: 22; KS 2009; Multiconsult 2008)

²² Multiconsult (2008): «Vedlikehold i kommunesektoren. Areal, tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdsstrategi». Appendiks 1.

²³ NOU 2004:22. *Velholdte bygninger gir mer til alle*. Kommunal- og regionaldepartementet.

²⁴ Kommunenes Sentralforbund (KS). 2009. *Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn*.

²⁵ Sjå vedlegg 2 for mer om kjelder og grunngjeving av utleiingane.

4.2 Mål, strategiar og planar for arbeidet med vedlikehald²⁶

4.2.1 Datagrunnlag

Vedlikehaldsstrategi

På revisjonstidspunktet er det ikkje utarbeidd ein samla vedlikehaldsstrategi for Kvam herad sin bygningsmasse. Målsettingar og tiltak for dei kommunale bygga er likevel omtala som eige tema i enkelte budsjett og økonomiplanar dei siste ti åra. I budsjett for 2015²⁷ og i tilhøyrande årsmelding²⁸ går til dømes følgjande målsettingar fram:

- Redusera vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningsmasse
- Sikre god standard på nye bygg
- Lage gode vedlikehaldsplanar for oversikt og ei mest mogleg effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar
- Sikre god dialog og samspel med brukarar av dei kommunale bygga
- Redusera heradet bygningsmasse der ein ikkje har noverande eller framtidige eigarbehov
- Sikre kontinuerleg forbetring i effektivitet og arbeidsmetodar

I budsjett for 2017 går det fram at heradet ikkje har ein overordna tilstandsanalyse for den samla kommunale eigedomsmassen og at det å fullføre tilstandsanalyse er eit eige tiltak under temaet «kommunale bygg». ²⁹ Leiar for FDVU-bygg opplyser at heradsstyret også bestilte ein eigedoms- og vedlikehaldsstrategi i 2017 som sektor for teknisk og informasjon har ansvar for å utarbeide. Teknisk sjef peiker på at eigedomsstrategien i utgangspunktet skulle vere basert på ei tilstandskartlegging, og gi oversikt over kommunale bygg og behov for vedlikehald, men at arbeidet i ettertid har blitt utvida i omfang med ein strategi som mellom anna inkluderer perspektivet til brukarane og deira behov i forvaltninga av kommunale bygg. Etter det revisjonen kan sjå er bestilling av ein eigedomsstrategi knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av offentlege bygg først omtalt i budsjett for 2019. Her går det fram følgjande tiltak:

*«Fullføre tilstandsanalysen over kommunale eigedomar og presentera funna saman med ein eigedomsstrategi i ei politisk sak i løpet av våren».*³⁰

Heradet opplyser at det på revisjonstidspunktet framleis blir arbeidd med ein eigedoms- og vedlikehaldsstrategi. Teknisk sjef viser i intervju til at føremålet med eigedomsstrategien som er under arbeid er at politikarane skal få ein overordna rapport som viser bygga sin tilstand, slik at den kan nyttast som bakgrunn til budsjettprosessen. Teknisk sjef forklarar i intervju at arbeidet med eigedoms- og vedlikehaldsstrategi har blitt forsinka grunna investeringsprosessar som har teke mykje kapasitet og ressursar i teknisk sektor. Vidare blir det peikt på koronapandemien som ein medverkande årsak til at strategien enno ikkje er ferdigstilt og lagt fram for heradsstyret. FDVU-leiar som har hatt ansvaret for å utarbeide strategien framhever også utfordringar med kapasitet som årsak til forseinkinga og at dette er meldt frå om ved fleire høve.

Heradet opplyser om at arbeidet med å utarbeide og ferdigstille ein eigedoms- og vedlikehaldsstrategi er intensivt i løpet av 2023 og at heradet frå hausten 2023 har leigd inn ein ekstern konsulent for dette arbeidet. Av utkastet på eigedomsstrategi som låg føre per 05.11.2023 går det fram at dokumentet er meint å vere eit fullstendig, overordna og styrande dokument som omfattar all eigedomsaktivitet i heradet, inkludert vedlikehald. Disposisjonen i utkastet viser til at eigedomsstrategien er tenkt å ha mellom anna følgjande innhald:³¹

- Organisering av eigedomsforvaltninga i heradet
- Generelt om eigedomsforvaltning
- Kriterium for god eigedomsforvaltning
- Utfordringsbilete med visjon og hovudmål for eigedomsforvaltninga
- Eigedomsstrategien sett opp mot andre kommunale planar
- Hovudstrategiar for eigedomsforvaltninga (inkl. heilskapleg eigarskap og forvaltning av kommunale bygg, samfunnsutvikling, ivaretaking av heradet sine verdiar i fast eigedom, arealbehov for kommunale tenester,

²⁶ I dette delkapittelet blir følgjande problemstillingar svara ut: 2a, 2c, 2e, 2f og 2g.

²⁷ Kvam herad. *Budsjett 2015*. Vedtatt 16.12.2014.

²⁸ Kvam herad. *Årsmelding 2015*. Vedtatt 10.05.2016.

²⁹ Kvam herad. *Budsjett 2017*. Vedtatt 10.11.2015.

³⁰ Kvam herad. *Budsjett 2019*. Vedtatt 19.12.2018.

³¹ Revisjonen understrekar at utkastet på eigedomsstrategi framleis er under utarbeiding og at innhaldet i endeleg versjon ikkje nødvendigvis speglar det som er omtalt i denne forvaltningsrevisjonen.

energibruk og klimaklok utvikling, trygge, sikre og tilgjengelege kommunale eigedomar, og ressurseffektiv og smart eigedomsdrift)

Teknisk sjef opplyser vidare at strategien i stor grad skal baserast på NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir meir til alle».

På revisjonstidspunktet er det ikkje fastsett mål for ønska tilstandsgrad på heradet sine føremålsbygg. I intervju med FDVU-leiar går det fram at det å definere mål for tilstand på bygg er noko heradet planlegg å inkludere i eigedoms- og vedlikehaldsstrategien som det blir arbeidd med.

Verdibeverande og planmessig vedlikehald

Som omtalt over føreligg det på revisjonstidspunktet ikkje ein vedteken eigedoms- og vedlikehaldsstrategi for heradet, og det føreligg heller ikkje ein plan eller strategi som definerer korleis heradet skal sikre eit langsiktig og verdibeverande vedlikehald. Heradet opplyser at det i internkontrollsystemet LAFT/IK-Bygg føreligg vedlikehaldsplanar for ulike bygg kor det blir registrert behov for utbetring og plan for kva tid utbetringane er planlagt gjennomført. Revisjonen har fått tilsendt eksempel på vedlikehaldsplanar for barnehagar og identifiserte vedlikehaldsbehov for desse bygga.

Sjølv om heradet nyttar vedlikehaldsplanar for å sikre at vedlikehaldet av kommunale bygg blir utført planmessig, peiker fagansvarleg vedlikehald på at vedlikehaldet av kommunale bygg er prega av ein høg grad av «brannsløkking» og at det i heradet ikkje er prioritert budsjettmidlar til å oppretthalde eit langsiktig og verdibeverande vedlikehald. Vidare viser fagansvarleg vedlikehald til at det meste av heradet sine større vedlikehaldstiltak i dag ikkje er planmessige. Tiltaka blir gjennomført ad-hoc og stort sett med bruk av prosjektmidlar. Teknisk sjef stadfestar også i intervju at vedlikehaldsarbeid ofte blir finansiert gjennom eigne prosjekt som ligg utanfor ordinært driftsbudsjett.

Ifølgje fagansvarleg vedlikehald bidrar god kompetanse internt likevel til at dei viktigaste oppgåvene innan vedlikehald blir prioritert. Teknisk sjef peiker også i intervju på at drøftingar av kva som skal prioriterast av vedlikehald i budsjettprosessar tek omsyn til kor kritisk vedlikehaldet er og kva tiltak som er nødvendige for å forhindre verdireduksjon av dei kommunale bygga. FDVU-leiar viser i intervju til at materialar til tak og ytterkledningar, særleg det siste åra, har vore valt med omsyn til kvalitet og at bygga skal vere enkle å vedlikehalde. Han viser vidare til at han meiner heradet har eit langsiktig perspektiv på vedlikehaldet av offentlege føremålsbygg.

Brukarane av kommunale føremålsbygg i Kvam herad opplever at vedlikehaldet i avgrensa grad er planmessig og verdibeverande. Rektor på ein av skulane i heradet viser i intervju til ei oppleving av at vedlikehald blir gjennomført etter «brannslukningsmetoden» heller enn å vere verdibeverande og førebyggjande. Vedkomande peiker også på langvarige manglar ved bygget som ikkje har blitt retta opp i.

Ved ein annan skule i heradet opplever rektor at vedlikehald blir gjennomført på bakgrunn av innmelde avvik i LAFT/IK-Bygg og ikkje som systematiske, førebyggjande tiltak. Skulen har ifølgje rektoren hatt utfordringar med ventilasjonssystemet over lengre tid, utan at dette problemet har blitt løyst. I bygningsrapportane frå nokre av skulane er det også registrert at ventilasjonsanlegga er av eldre karakter og har dårleg verknadsgrad som ikkje følgjer dagens krav til luftmengde. Registrering av merknadene går i nokre tilfelle meir enn fem år tilbake i tid.

I spørjeundersøkinga til utvalde leiarar går det fram at om lag to femdelar av dei spurde svarar at dei opplever at vedlikehaldet i heradet anten *i liten grad* (29 prosent) eller *ikkje i det heile* (9 prosent) er planmessig gjennomført (sjå Figur 7 under). Samtidig er det også to femdelar (41 prosent) som *i nokon grad* opplever at heradet har eit planmessig vedlikehald.

På spørsmål om dei opplever at vedlikehaldet av offentlege bygg i heradet er verdibeverande, er det ein noko større prosentdel som svarer at dette i stor grad er tilfelle. Også på dette spørsmålet svarer likevel meir enn ein tredel av respondentane at dei anten *i liten grad* (26 prosent) eller *ikkje i det heile* (9 prosent) opplever vedlikehaldet som verdibeverande.

Figur 7: Verdibevarende og planmessig vedlikehald (brukarar)



Kostnader til vedlikehald i forhold til tilrådde normer

Av budsjett og årsmeldingar går det ved fleire høve fram at heradet har eit etterslep på vedlikehald av offentlege bygg og at det er utfordrande å redusere etterslepet grunna manglande ressursar til vedlikehald. KOSTRA-tal henta frå SSB viser Kvam herad sine vedlikehaldskostnader per kvadratmeter knytt til kommunale føremålsbygg.³² Tala er sjølvrapporterte av heradet, og henta frå perioden 2015-2022. Talla går fram av Tabell 33.

I tillegg til å vise utgifter til vedlikehald for Kvam herad viser tabellen også samanliknbare tal frå KOSTRA-gruppe 5³³, snitt for Vestland fylke, og snitt for Noreg totalt. Av tala går det fram at Kvam herad har til dels betydeleg lågare utgifter knytt til vedlikehald av kommunale føremålsbygg mellom 2015 og 2022 enn kommunar i tilsvarende kommunegruppe, fylket og resten av landet.

Tabell 3: Utgifter knytt til drift og vedlikehald av kommunale bygg

	Utgifter pr kvadratmeter bygg (kr)							
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvam herad	36,7	52,9	58,9	30,6	73,8	35,2	25,4	23,4
KOSTRA-gruppe 5	82,4	91,5	89,3	87,8	78,3	88,7	81,2	80,7
Kommunar i Vestland fylke	-	-	-	-	-	115,8	104,9	99,7
Noreg	92,6	101,0	108,7	108,8	112,1	117,9	134,8	137,7

Kilde: Statistisk sentralbyrå, 2023.

Teknisk sjef peiker i intervju på at KOSTRA-talla ikkje nødvendigvis er representative av kva heradet totalt sett brukar på vedlikehald, då ein del av vedlikehaldsarbeidet blir finansiert gjennom eigne prosjekt. Det kjem også fram i ulike årsmeldingar i perioden mellom 2013-2023 at vedlikehaldsarbeidet som har vore gjennomført har vore så omfattande

³² I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald går det fram at anslått årleg vedlikehaldsbehov per m2 ved 30 års levetid er 100 kroner (omrekna til kr 137 i 2022).

³³ I KOSTRA kan ein kommune vurderast opp mot ei kommunegruppe for å gje eit samanlikningsgrunnlag opp mot andre tilsvarende kommunar. Kommunegruppene er gruppert langs tre ulike dimensjonar: folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. KOSTRA-gruppe 5 omfattar kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, middels bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

og av ein slik karakter at det har blitt utført som investeringsprosjekt, anten enkeltvis eller som delprosjekt³⁴. I årsmelding frå 2020 går det til dømes fram at:

Vedlikeholdet er omfattande og etterslepet så stort at ein del bygg treng oppgradering. Det er difor lagt opp til ei årleg investeringsramme.

Videre står det i årsmeldinga følgjande om investeringsprosjekt og driftsprosjekt:

Kvam herad har mange investeringsprosjekt og få driftsprosjekt. Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, medan driftsprosjekta ikkje kan vera lånefinansiert, og må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Tidlegare vedtekne prosjekt er delt opp i 4 grupper; driftsprosjekt, investeringsprosjekt, skule- og barnehageprosjekt og VA-prosjekt.³⁵

Heradet har i følgje teknisk sjef årlege budsjettmøte og møte knytt til tertialrapportering der budsjettinnspel om utbetringar som er for store til å kunne gjennomførast innan ordinære driftsbudsjett blir fremja til budsjettet/tertialrapport. Desse innspela blir deretter gjennomgått og prioritert av einingsleiar, teknisk sjef og rådmannen si leiargruppe før dei blir lagt fram for politisk nivå i tertialrapport eller årsbudsjett. I intervju med fagansvarleg vedlikehold kjem det fram at det har vore prioritert å gjennomføre utskifting av tak på kommunale føremålsbygg for å forhindre potensielle følgjeskadar som kan oppstå dersom dette ikkje blir gjort innan rimeleg tid. Fagansvarleg vedlikehold understrekar likevel at det for vedlikehaldsavdelinga er utfordrande å gjennomføre førebyggjande arbeid grunna manglande ressursar og at tilstandsgraden ofte må vere så alvorleg at det utløysar eigne prosjektmidlar som kan nyttast til omfattande utbetringar. Heradet opplyser at det sidan 2019 årleg blir sett av kr 1,3 mill. i prosjektmidlar for å oppgradere kommunale bygg som har eit stort investering- og vedlikeholdsetterslep. Av budsjetta publisert i *Framsikt*³⁶ frå 2021 går det fram av note knytt til årleg investeringsramme for oppgradering at «vedlikehold må finansierast av driftsmidlar. I planperioden er det førebels lånefinansiert.»

Tabell 44 under gir oversikt over Kvam herad sine utgifter til vedlikehold per kvadratmeter bygg (kr) fordelt på føremålstype. Det går fram at heradet for dei ulike føremålstypene har hatt vedlikeholdskostnader som i enkelte år har vore relativt høge samanlikna med åra før og etter, noko som kan vere ein indikasjon på enkeltvis større vedlikehaldsutbetringar som har vore naudsynt å gjennomføre. Dette gjelder til dømes vedlikehold av administrasjonslokale i 2019 (91,6) og institusjonslokale i 2020 (95,0).

Tabell 4: Utgifter knytt til vedlikehold av kommunale bygg, per føremålstype

Utgifter til vedlikehold pr kvadratmeter bygg (kr), føremålstype i Kvam herad								
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Administrasjonslokalar	51,7	52,8	80,6	60,4	91,6	-20,7	14,4	-48,6
Barnehagelokalar	51,1	35,3	45,1	41,1	22,5	27,9	28,3	36,7
Skulelokalar	50,9	36,5	69,5	30,4	82,1	38,7	33,9	27,9
Institusjonslokalar	14	14	48	27,7	54,7	95,9	27,3	39,6
Kommunale idrettsbygg/anlegg	-	-	-	-	103,6	18,2	17	34,6
Kommunale kulturbygg	-	0	0	0	0	0	0,4	4,3
Samla bygningsmasse	36,7	52,9	58,9	30,6	73,8	35,2	25,4	23,4

Kilde: Statistisk sentralbyrå, 2023.

³⁴ Kvam herad. *Årsmelding 2015*. Vedtatt 10.05.2016.

³⁵ Kvam herad. *Årsmelding 2020*. Vedtatt 11.05.2021.

³⁶ Framsikt er ei plattform for heilskapleg verksemdsstyring kor, Kvam herad nyttar Framsikt mellom anna til rapportering av økonomiske forhold, som til dømes budsjett- og økonomiplan.

Teknisk sjef peiker også på at det er ei utfordring at heradet i dag nyttar lite pengar på vedlikehold og at det er for små økonomiske ressursar til å ivareta ønska vedlikehaldsstandard. Til dømes viser teknisk sjef til at heradet prøver å løyse dei mest kritiske manglane knytt til bygga, som manglar med stor fare for følgjeskader, men har utilstrekkelege rammer til å ivareta anna vedlikehald. Sistnemnde gjeld mellom anna utemiljøet til kommunale bygg. Som omtala i kapittel 3.3 har heradsstyret gitt ei løyving for 2024 og dei komande åra for å ruste opp uteområda ved barnehagar og skular i heradet.

Vedlikehaldskostnader og vurderingar av vedlikehaldsbehov opp mot kostnader til nybygg

I intervju går det fram at Kvam herad vurderer vedlikehaldskostnader opp mot kostnader ved nybygg, men at heradet ikkje har etablert rutinar eller retningslinjer for korleis desse vurderingane skal gjennomførast. Teknisk sjef peiker mellom anna på at det både blir vurdert kostnad for nybygg opp mot oppgradering av eksisterande bygningsmasse, samt vist omsyn til forskjellar i klimapåverknad av dei prosjekta heradet vurderer. FDVU-leiar viser til at dette er vurderingar som også er vesentleg i evalueringa av tilbod som blir henta inn i tilfelle kor vedlikehaldet er av eit slikt omfang at heradet ikkje kan gjere det sjølve.

Teknisk sjef peiker på at ei av årsakene til at det har vore bygd mykje nytt dei seinare åra, er at vedlikehaldsbehovet er mindre med nye bygg, og dermed blir vedlikehaldsbehovet betrakta som mindre kostnadskrevjande enn med eldre bygg. Han opplever også at det er meir utfordrande å få løyvd tilstrekkeleg med budsjettmidlar til vedlikehald samanlikna med det å få løyvingar til nybygg. Samtidig understrekar teknisk sjef at vedlikehaldsbehovet ikkje er fråverande på nyare bygg, men at det tar tid før vedlikehaldsetterslepet blir synleg.

Fleire av dei tilsette i sektor for teknisk og informasjon framhevar samtidig at sjølv om det er mindre behov for vedlikehald av nyare bygg, er desse bygga også meir tekniske. Dette bidrar til å auke både behovet for jamleg vedlikehald og behov for spesialisert kompetanse i tilfelle der det er behov for vedlikehald av tekniske installasjonar. I årsmelding frå 2015 går det fram at også fleire av det som då var nyare utbyggingsprosjekt i heradet nærma seg ei levetid kor vedlikehaldskravet til tekniske anlegg aukar.³⁷ Heradet opplyser i budsjett for 2021 at det har vore mogleg å ta inn att noko av vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg dei siste åra, men at det er behov for å redusere driftsbudsjett til drift og vedlikehald for kommande år for å møte økonomiske utfordringar. Det går vidare fram at dette kan medføre eit auka vedlikehaldsetterslep, dårlegare kvalitet på bygg og auke sannsyn for at behovet for investeringar veks på sikt.³⁸

4.2.2 Vurdering

Det er Deloitte si vurdering at Kvam herad ikkje har etablert system som sikrar eit verdibevarande vedlikehald av heradet sin bygningsmasse. Mellom anna meiner revisjonen at det er uheldig at det ikkje føreligg ein overordna vedlikehaldsstrategi. Det er i avgrensa grad fastsett politiske målsetningar for heradet si forvaltning av kommunale bygg og heradet har ikkje definert ønska tilstand for bygg heradet eiger. Manglande vedlikehaldsstrategi som omfattar og konkretiserer målsettingar for vedlikehaldet av bygningsmassen og beskriv korleis måla skal nås, aukar etter Deloitte si vurdering risikoen for at vedlikehaldet vert prega av «brannsløkking», noko som også totalt sett gir eit meir kostbart vedlikehald av den kommunale bygningsmassen. Revisjonen registrerer at heradet arbeider med å etablere ein eigedomsstrategi som også omfattar ein vedlikehaldsstrategi, og at dette arbeidet har pågått sidan 2017. At vedlikehaldsstrategi ikkje er ferdigstilt og vedtatt av heradsstyret etter seks år viser etter vår vurdering at arbeidet ikkje har vore prioritert med tilstrekkelege og naudsynte ressursar. Det er etter revisjonen si vurdering positivt at heradet har intensivert arbeidet med å få på plass ein vedlikehaldsstrategi hausten 2023.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at Kvam herad gjer langsiktige vurderingar når det gjeld materialval med omsyn til kvalitet og enkelt vedlikehald. Videre er det positivt at heradet har fastsett vedlikehaldsplanar for føremålsbygga i LAFT/IK-Bygg. Dette kan etter revisjonen si vurdering bidra til å redusere risikoen for at det byggjer seg opp eit nytt vedlikehaldsetterslep over tid. Samtidig går det fram av undersøkinga at Kvam herad manglar overordna føringar og målsettingar for vedlikehald av kommunale bygg, noko som kan bidra til at vedlikehaldet i praksis er prega av ad-hoc løysingar, «brannsløkking» og i avgrensa grad blir planmessig utført. Eigedomsforvaltningsutvalet peiker på at planmessig vedlikehald er lønsamt over tid og vil medføre lågare forvaltningskostnader enn dersom vedlikehaldet blir utført etter «brannsløkkingsmetoden».³⁹

³⁷ Kvam herad. Årsmelding 2015. Vedtatt 10.05.2016.

³⁸ Kvam herad. Budsjett 2021. Vedtatt 10.12.2020.

³⁹ NOU2004:22 (2004). *Velholdte bygninger gir mer til alle*. Kommunal- og regionaldepartementet.

Kvam herad sine utgifter til vedlikehald per kvadratmeter samla sett og fordelt på ulike føremålstypar viser også at heradet ligg under anbefalte normtal for eit verdibevarande vedlikehald. Anbefalingar i KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald viser til at anslått årleg kostnad per kvadratmeter for eit verdibevarande vedlikehald er kr. 100 (137 kr i 2022) ved 30 års levetid. Kvam herad sine vedlikehaldskostnader per kvadratmeter bygg var til samanlikning kr. 23,4 i 2022. Det er Deloitte si vurdering at Kvam herad sine utgifter knytt til vedlikehald ikkje er i samsvar med tilrådde normer og at det samla vedlikehaldet av kommunale bygg i liten grad er verdibevarande. Manglande ressursar til vedlikehald kan tvinge fram ei tidlegare totalrehabilitering av bygga og totalt sett gje ei meir kostbar forvaltning av kommunal eigedom.

Basert på informasjon som kjem fram i undersøkinga forstår revisjonen det slik at deler av vedlikehaldsarbeidet i heradet i praksis blir gjennomført som investeringsprosjekt. Dette kan medføre risiko for brot på forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 2-3 der det går fram at utgifter til vedlikehald av varige driftsmidlar er rekna som utiftar til drift.⁴⁰ I rettleiar til forskrifta går det vidare fram at utgifter til tiltak som må bli rekna som vedlikehald skal bli ført i drift, sjølv om vedlikehaldet er ekstraordinært. Revisjonen vil presisere viktigheita av at Kvam herad sikrar etterleving av forskriftskrav og god kommunal rekneskapskikk.

Revisjonen merker seg vidare at heradet opplyser om at vedlikehaldskostnader blir vurdert opp mot kostnader for nybygg i det einskilde tilfelle. Samtidig kan ikkje revisjonen sjå at heradet har ei strategisk tilnærming kor det blir gjort systematiske vurderingar av i kva grad og korleis ein kan oppretthalde standarden til bygningsmassen over tid, heller enn å måtte byggje nytt jamleg. Manglande vurderingar av kostnader til verdibevarande vedlikehald over tid opp mot det å la bygg forfalle gradvis for deretter å byggje nytt kan etter revisjonen sin vurdering føre til eit totalt sett meir kostbart vedlikehald. Vurderingar av livssykluskostnader⁴¹ bør vere ein sentral del av desse vurderingane for å sikre at ressursbruk knytt til forvaltning, drift og vedlikehald blir halde på eit føremålstenleg nivå gjennom bygga si levetid og at ønskeleg kvalitet på bygningsmassen blir oppretthalda.

Ei strategisk tilnærming til vedlikehald, kor det er fastsett ambisjonsnivå for tilstand og standard på kommunale bygg, er viktig for å leggje til rette for eit planmessig vedlikehald som bidrar til å oppretthalde ønska standard over tid og som hindrar verdireduksjon av bygga. Dette vil også kunne bidra til redusere sannsynet for at heradet kjem i ein situasjon kor vedlikehald må gjennomførast akutt og medfører store uføresette utgifter som heradet ikkje har avsett midlar til. Ein slik situasjon vil kunne krevje ekstraordinære løyvingar som også kan ha konsekvensar for heradet sin politiske og økonomiske handlefridom, i tillegg til at denne tilnærminga til vedlikehald kan få negative konsekvensar for brukarane av bygga i form av til dømes dårleg inneklima.

4.3 Oversikt over faktisk tilstand på kommunale bygg og vedlikehaldsetterslep⁴²

4.3.1 Datagrunnlag

System og rutinar for tilstandsvurdering av kommunale bygg

Kvam herad har ikkje etablert overordna retningslinjer eller rutinar for å gjennomføre jamlege synfaringar ved bygga som eit ledd i tilstandskartlegging av bygningsmassen. Det er likevel etablert eigne system for rutinemessige kontroller av tekniske installasjonar som heis, brannalarmanlegg og elektrisk anlegg. Mellom anna er oversikt over og oppfølging av gjennomførte elektriske kontrollar ført i eige excel-ark. I tillegg opplyser heradet at det på område kor heradet ikkje sjølve har kompetanse blir henta inn ekstern kompetanse for å gjennomføre tilstandsvurderingar. Kvam herad har til dømes nytta ekstern kompetanse for vurderingar av tilstand og behov for utbetringar av museumsbygg, som til dømes Vavollstovo⁴³ og Storeteigen bygdetun.⁴⁴

Kvam herad nyttar som omtalt i kapittel 3.3 datasystemet LAFT/IK-Bygg for å rapportere byggavvik og legge inn bestillingar til vedlikehaldsavdelinga. Systemet blir også nytta som eit internkontrollverktøy for å halde oversikt over tilstanden på dei kommunale bygga og bidrar til å samle dokumentasjon på gjennomførte tilstands- og risikovurderingar av bygningsmassen. Revisjonen får opplyst at alle kommunale bygg som heradet eiger og forvaltar er registrert i datasystemet og at kvart bygg har ein bygningsrapport som inneheld bygningsinformasjon med tal på brukarar og samla

⁴⁰ Fast eigedom, bygningar og anlegg er klassifisert som som varige driftsmidlar, sjå kommunal rekneskapsstandard nr. 1 og nr. 4 (KRS).

⁴¹ Livssykluskostnader er summen av kapitalkostnad og alle kostnader til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling i brukstiden og restkostnad ved avhending. Sjå Bjørberg, Larsen og Øiseth (2007).

⁴² I dette delkapittelet blir følgjande problemstillingar svara ut: 2b og 2d.

⁴³ Stiftinga Hardanger og Voss museum. *Tilstandsvurdering knytt til Vavollstovo*. 18.12.2019.

⁴⁴ MUHO Bevaringstenestene. *Synfarringsrapport for Storeteigen bygdetun og magasin*. Juni 2023.

areal og eit dokumentarkiv kor det mellom anna går fram byggtekniske spesifikasjonar, FDV-dokumentasjon og anna relevant dokumentasjon for bygga. Tilsette som er gitt tilgang til systemet som eigar, forvaltar, brukar eller utførar (til dømes tilsette ved vedlikehaldseininga) blir i systemet stilt ei rekkje kontrollspørsmål om følgjande tema eller kategoriar⁴⁵:

- Bygning
- Innemiljø
- Universell utforming
- Brann og beredskap
- Ytre miljø og uteområde
- Offentlege pålegg
- Ved byggearbeider⁴⁶

Desse kategoriane har igjen fleire detaljerte spørsmål som skal bidra til å gje oversikt over tilstand på bygga og eventuelle behov for vedlikehald eller oppgraderingar. Spørsmåla er stilt som ja/nei spørsmål med fem ulike svaralternativ som går fram av Figur 8. Verdien for kvart spørsmål blir lagt saman til ein overordna og samla tilstandsscore for dei ulike kategoriane. Dersom det blir registrert merknad eller avvik og bygget har behov for utbetringar kan det også bli registrert eit estimat på utbetningskostnader (i 1000 kr). Til dømes er det registrert ein estimert kostnad på kr 2 600 000 for utbetring av merknader og avvik knytt til Kvam rådhus.

Figur 8: Utsnitt frå LAFT/IK-Bygg (svaralternativ på kontrollspørsmål om tilstand på bygg)

- 0 = Helt i orden/ikke relevant
 1 = Ja (grønt lys, oppfyller forskriften)
 2 = Merknad/Delvis (gult lys)
 3 = Avvik/Nei (rødt lys)
 B = Besvares ikke

I systemet går det fram at for nokre bygg er det lagt inn faste intervall for kor ofte kontrollspørsmål skal svarast på (til dømes kvart andre eller kvart fjerde år). For andre bygg er ikkje slike intervall lagt inn. Bygningsrapporten for det enkelte bygg gir også oversikt over avvik i dei ulike kategoriane og status på om bygga er i tråd med relevante forskriftskrav der dette er aktuelt. Systemet inneheld også ei oversikt over ulike arbeidsordrar for kvart bygg. Totalt føreligg det bygningsrapportar for 39 kommunale bygg. Nokre av skulane består av fleire bygg som i er systemet registrert som sjølvstendige bygg som det skal gjerast tilstandsvurderingar av.

I tillegg til datasystemet LAFT/IK-Bygg går det fram av tilsendt dokumentasjon at heradet i løpet av 2023 har gjennomført ei synfaring av kommunale føremålsbygg samla i eit oversiktsdokument.⁴⁷ Det er totalt 29 bygg med i oversikta. Oversikta inneheld ei fotosamling som visar utvendige bildar og enkelte korte kommentarar knytt til tilstand på bygga, behov for vedlikehald og planlagde vedlikehaldsutbetringar.

I intervju med fagansvarleg vedlikehald går det fram at vedlikehaldsavdelinga gjennomfører tilstandsanalyser og forsøker å oppdatere dei fortløpande for å sikre at dei har tilstrekkeleg med oversikt over dei kommunale bygga sin faktiske tilstand. Som nemnd over er det ikkje fastsett rutinar for å gjennomføre jamlege, systematiske synfaring eller tilstandsanalyser av bygga, men det blir opplyst at arbeidet blir gjennomført dersom vedlikehaldsavdelinga har tilgjengeleg kapasitet. I tilfelle kor vedlikehaldsavdelinga manglar kapasitet til å gjennomføre tilstandsvurderingar, blir tilstandsgradar på bygga fastsett i stor grad på bakgrunn av avdelinga sin kjennskap til bygga og gjennom tett dialog med brukarane. Tilstandsanalyser i LAFT/IK-Bygg er basert på Norsk Standard 3424. Fagansvarleg vedlikehald peiker i intervju på at avvik med tilstandsgrad på nivå 2 og nivå 3⁴⁸ som blir avdekka i heradet sine tilstandsanalyser blir formidla vidare til heradsstyret.

⁴⁵ Dei fleste kontrollspørsmåla er berre stilt til forvaltar av bygga. Dei andre nemnde rollane er på spørsmåla markert med «Besvares ikke».

⁴⁶ Denne kategorien er relevant i tilfelle der det skal utførast større vedlikehaldsarbeid, oppgraderingar eller endringar på bygga.

⁴⁷ Kvam herad. 2023. *Kommunale bygg frå sydvest til nordaust, juni – august 2023*.

⁴⁸ Sjå Tabell 5 i Vedlegg 2 : Revisjonskriterium for ei oversikt over tilstandsgrader.

Oversikt over faktisk tilstand på bygg og vedlikeholdsetterslep

I bygningsrapportane i LAFT/IK-Bbygg er det ikkje systematisk lagt inn estimerte kostnader for utbetring av registrerte merknadar eller avvik på kvart bygg. Til dømes er det ved fleire av skulebygga i heradet registrert merknadar eller avvik knytt til byggetekniske kvalitetar som utvendig tilstand og tilstand på tekniske installasjonar, men utan at det går fram estimerte kostnader for utbetring av manglane. Det er også ein del feil og manglar som blei registrert fleire år tilbake, men som ifølgje bygningsrapportane i LAFT/IK-Bbygg ikkje ser ut til å vere kvittert ut eller er løyst. På ein av skulane er det mellom anna registrert lekkasjeskadar tilbake i 2018 som det ikkje går fram av bygningsrapporten om er utbetra eller ikkje. Revisjonen registrerer også at det for fleire av heradet sine føremålsbygg er meldt inn vedlikehaldsbehov utan at det går fram om det er gjennomført utbetringstiltak. Det ligg i desse tilfella heller ikkje inne informasjon i systemet om kva tid skaden eller mangelen er planlagt utbetra.

I tillegg til å gje oversikt over tilstand per bygg, er det også mogleg å henta ut ei totaloversikt for alle heradet sine bygg i LAFT/IK-Bbygg med samla tilstandsvurdering. I totaloversikta er bygga fordelt på følgjande bygningsgrupper:

- Rådhus/administrasjonsbygg
- Skuler
- Barnehagar
- Kombinasjon sjukeheim og omsorgsbygg
- Idrettsbygg

Oversikta gir også ein berekna utbetningskostnad for alle bygga i kvar bygningsgruppe. Oversikta viser at heradet har ein estimert utbetningskostnad for vedlikehold av føremålsbygga i dei ulike bygningsgruppene i heradet på totalt kr. 8 288 000. Som nemnd over er det ikkje alltid berekna utbetningskostnad for avvik eller merknadar som er meldt inn og som går fram av dei ulike bygningsrapportane. Etter det revisjonen er kjend med er dermed ikkje alle vedlikehaldsbehov inkludert i den estimerte totalkostnaden, noko som inneber at den totale utbetningskostnaden for vedlikehold av bygningsmassen er usikker. I intervju med teknisk sjef blir det stadfesta at heradet ikkje har oversikt over vedlikehaldsbehovet i kostnader.

I intervju går det fram at tilsette i heradet med overordna ansvar for bygg og vedlikehold opplever å ha god oversikt over tilstand på bygga. Det blir vist til at dei tilsette ved vedlikehaldsavdelinga har nær kjennskap til kvart av bygga heradet eig og difor er kjent med kor behova for vedlikehold er størst. Teknisk sjef peiker på at heradet har ein del vedlikeholdsetterslep. Samtidig trekk leiara for FDVU-bygg fram i intervju at heradet har ein relativt ny bygningsmasse, som gjer at det er færre utfordringar knytt til vedlikehold av bygga, særleg innvendig. Sjølv om mykje av bygningsmassen er forholdsvis ny, blir det likevel understreka at ein del av dei nyare bygga også byrjar å bli eldre, noko som vil medføre eit gradvis aukande behov for vedlikehold. I tillegg blir det peika på at delar av den nyare bygningsmassen sidan den var ny har hatt manglar og feil som det har vore vanskeleg å finne gode løysingar på. Fleire av desse manglane er likevel utbetra i løpet av dei seinaste åra.

FDVU-leiara opplyser om at heradet over tid har hatt eit vedlikeholdsetterslep knytt til tak på bygg heradet eig. Heradet har difor arbeidd med å skifte ut tak på fleire av bygga, og det blir opplyst at resultatet av dette arbeidet er at dei fleste tak snart skal vere utbetra og tette. Vedlikehold av tak har vore ei prioritert oppgåve som ifølgje FDVU-leiara mellom anna har ført til ei nedprioritering av andre vedlikehaldsbehov som blir vurdert som mindre alvorleg. Vidare peiker FDVU-leiara på at det står att eit vedlikeholdsetterslep i heradet når det gjeld varmepumpeteknologi. Fleire av heradet sine varmepumper har passert forventa levetid på om lag 15 år og er no over 20 år gamle. Det blir peika på at desse bør skiftast ut. FDVU-leiara viser til at energiutnyttinga på fleire kommunale bygg er dårleg grunna gamle varmepumper.

I budsjett og årsmeldingar frå heradet går det fram det over tid har blitt opplyst om vedlikeholdsetterslep på kommunal bygningsmasse. Mellom anna går det fram at vedlikeholdsetterslepet i heradet er omfattande og at avgrensa personell og økonomiske ressursar gjer det utfordrande å hente inn etterslepet. Vidare går det fram at fleire av dei nyare utbyggingsprosjekta i heradet nærmar seg ei levetid der vedlikehaldskravet knytt til dei tekniske anlegga aukar. I årsmeldingane det fram at førebyggjande vedlikehaldstiltak må løysast innanfor eit avgrensa budsjett og at dette bidrar til at heradet ikkje klarer å redusere vedlikeholdsetterslepet. Ingen av budsjetta eller årsmeldingane revisjonen har undersøkt inneheld noko estimat på totalt vedlikeholdsetterslep målt i kroner.

I årsmeldinga for Kvam herad frå og med 2020 er det ikkje eit eige kapittel som inneheld informasjon om tilstand på bygningsmassen og vedlikeholdsetterslep, og heller ikkje informasjon om kva tiltak heradet eventuelt har sett i verk for å

reducere etterslep det har blitt informert om i tidlegare budsjett og årsmeldingar. Heradet opplyser om at kommunale bygg ikkje blir omtalt i et eige kapittel etter overgang til rapportering gjennom plattformen *Framsikt* fordi kommunale bygg ikkje er eit eige tenesteområde (sjå kapittel 5).

Gjennom spørjeundersøkinga som er gjennomført, kjem det fram at dei fleste respondentane opplever at det er eit vedlikehaldsetterslep knytt til offentlege bygg i heradet (Figur 9). Nesten halvparten av dei spurde har svart at dette *i stor grad* er tilfelle.

Figur 9: Vedlikehaldsetterslep⁴⁹



Vidare blei leiarane spurd om korleis dei vurderer standarden ved dei tekniske installasjonane (ventilasjonsanlegg, sanitæranlegg osv.), dei indre flatene og dei ytre flatene.⁵⁰ Svara viser at dei fleste vurderer kvart av spørsmåla ganske likt og at dei fleste opplever at standarden er god. Samtidig er det om lag ein tredel som svarar at det er eit visst omfang av feil og manglar ved tekniske installasjonar og dei indre flatene. Ein femdel svarar at det er eit visst omfang av feil og manglar ved dei ytre flatene.

I spørjeundersøkinga fekk respondentane også høve til å gje eventuelle utfyllande kommentarar knytt til tilstanden på bygget der dei arbeider. Av dei som har valt å gje ytterlegare kommentarar kjem det mellom anna det fram at utvendige flater over lengre tid har hatt behov for utbetringar og at bygga generelt sett blir opplevd som slitt, noko som gjer at det stadig vekk dukkar opp nye vedlikehaldsbehov. Ein leiar opplyser også om at det har vore manglande vedlikehald over lengre tid knytt til eit eldre bygg som vedkomande meiner svært treng oppgradering. Den aktuelle leiaren opplever at vedlikehald av bygget ikkje blir prioritert.

I intervju med brukarar går det også fram at dei opplever at kommunale bygg i heradet er prega av eit vedlikehaldsetterslep. I intervju er det fleire som trekk fram at det både er eit etterslep på sjølve bygga (som til dømes tak) og tekniske installasjonar (som til dømes ventilasjon og varmeanlegg). Ein av rektorane viser til at skulen har hatt utfordringar med ventilasjonssystem over fleire år, noko som forårsakar dårleg luft og temperaturregulering i skulebygget. I nokre tilfelle framhevar dei intervjuua også at det er eit synleg vedlikehaldsetterslep knytt til bygga. Ein rektor peiker mellom anna på at skulen er prega av slitasje og viser til at maling flassar og at taka er mosegrodde. Vidare kommenterer rektoren på at manglande vedlikehald av taket på skulen kan vere ein medførande årsak til at det har oppstått lekkasjeskader.

⁴⁹ Revisjonen tar atterhald om at opplevd vedlikehaldsetterslep ikkje naudsynleg samsvarar med faglege vurderingar av vedlikehaldsetterslep.

⁵⁰ Svaralternativa i spørsmålet viser til ulike tilstandsgrader i NS3424. Sjå Vedlegg 2 : Revisjonskriterium for meir utfyllande informasjon om tilstandsgrader.

4.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at Kvam herad nyttar internkontrollsystemet LAFT/IK-Bygg til å halde oversikt over kommunale bygg sin faktiske tilstand. Deloitte meiner det er positivt at kommunen nyttar eit system der det er lagt til rette for tilstandsvurderingar av bygga, der det blir utarbeidd bygningsrapportar for kvart enkelt bygg og der det er mogleg å følgje historikken knytt til innmeldte feil og manglar ved bygga. Samtidig meiner revisjonen at arbeidet med å utarbeide tilstandsvurderingar ikkje er tilstrekkeleg systematisk, og revisjonen finn grunn til å stille spørsmål ved om grunnlaget for utarbeiding av tilstandsvurderingar er godt nok. Det er revisjonen si vurdering at jamlege og systematiske synfaringar ved bygga bør ligge til grunn for utarbeiding av tilstandsvurderingar, for å redusere risikoen for at behov og manglar ikkje blir fanga opp så raskt som mogleg. I den grad tilstandsvurderingar blir utarbeidd med bakgrunn i historikken til bygget og feil og manglar brukarane har meldt inn, meiner revisjonen det er risiko for at tilstandsvurderinga er mangelfull. Dette til tross for at vedlikehaldsavdelinga opplever å ha god oversikt over tilstanden til dei kommunale bygga. Det er derfor revisjonen si vurdering at Kvam herad bør systematisere dette arbeidet ytterlegare, mellom anna gjennom etablering av system og rutinar for systematiske synfaringar ved bygga. Slike synfaringar kan også vere ein god arena for samhandling og dialog mellom forvaltar og brukarane av bygga, jf. revisjonen si vurdering i kapittel 3.2.

Undersøkinga viser at det er eit vedlikehaldsetterslep knytt til Kvam herad sin bygningsmasse. Revisjonen vil i denne samanheng vise til kapittel 4.2 der det går fram at Kvam herad i liten grad har eit planmessig og førebyggjande vedlikehald av bygga. Som påpeikt i NOU:2004: 22⁵¹ vil dette over tid bidra til eit auka vedlikehaldsetterslep, noko ein også ser i Kvam. Samtidig har Kvam herad ein del nyare bygg, som i ein periode har bidratt til reduserte vedlikehaldsbehov. Imidlertid viser undersøkinga at også desse bygga no begynner å få auka behov for vedlikehald, noko som også medfører risiko for auka vedlikehaldsetterslep i åra som kjem.

Gjennom LAFT/IK bygg har Kvam herad moglegheit til å få ei samla oversikt over vedlikehaldsetterslepet i heradet. Gode grunnlagsdata per bygg er imidlertid ein føresetnad for at systemet skal gi ei reell oversikt over vedlikehaldsetterslepet. Per i dag er det noko usikkerheit knytt til kor fullstendig og oppdatert grunnlaget er, og dermed også kor fullstendig oversikta over vedlikehaldsetterslepet er. Mellom anna stiller revisjonen spørsmål ved om berekninga av vedlikehaldsetterslepet i form av kostnad er fullstendig, då vi merkar oss at det for enkeltbygg i mange tilfelle manglar kostnadsoverslag knytt til vedlikehaldsbehov. Med bakgrunn i manglande grunnlagsdata er det difor revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje har tilstrekkeleg oversikt over vedlikehaldsetterslepet som er knytt til den kommunale bygningsmassen, og utviklinga i dette.

Samtidig vil revisjonen understreke at for å få eit bilete på vedlikehaldsetterslep bør det definerast ein ønska tilstand for kommunale bygg (jf. kapittel 4.2). Det er kostnadane knytt til det å få eit bygg frå faktisk tilstand til ønska tilstand som utgjør vedlikehaldsetterslepet. Deloitte si vurdering er difor at Kvam herad ikkje har ei tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen.

⁵¹ NOU 2004:22 (2004). *Velholdte bygninger gir mer til alle*. Kommunal- og regionaldepartementet.

5 Informasjon til heradsstyret

5.1 Problemstilling og revisjonskriterium

Jamleg og tilstrekkeleg rapportering er ein føresetnad for god kontroll og styring.⁵² Heradsstyret er ansvarlege for å vedta budsjett og å fastsette prioriteringane til heradet, og er dermed avhengige av å vere tilstrekkeleg informert om tilstanden på bygningsmassen.⁵³

I det følgjande svarar vi på om heradsstyret blir tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga. På bakgrunn av problemstillinga er det utleia følgjande revisjonskriterium:⁵⁴

Problemstilling 3	Krav og forventningar til heradet
I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?	Heradet bør ha system og rutinar som sikrar: → at det regelmessig blir rapportert til heradsstyret om tilstanden på den kommunale bygningsmassen. → at rapporteringa inneheld forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnader. (Kommunenenes Sentralforbund 2009)

5.2 Datagrunnlag

Kvam herad har tidlegare hatt ein rapporteringspraksis frå administrasjonen til heradsstyret kor kommunale bygg blei omtala som eige tema, med utgreiing om utfordringar, mål og forslag til tiltak. I budsjetta blir kommunale bygg fram til og med 2019 regelmessig omtalt. I hovudsak blir heradsstyret informert om utfordringar med bygningsmassen, om mål og forslag til tiltak. Budsjettforslaget frå 2019 omtalar til dømes organisering av vedlikehaldsarbeidet, om forvaltningsansvaret, og ei kort skildring av investeringsprosjekt knytt til nye eller eksisterande bygg. I budsjettforslaget blir heradsstyret også informert om ulike utfordringar knytt til vedlikehald, som til dømes ressursbruk på vedlikehald, og mål om å flytte ressursar frå drift og serviceoppgåver til langvarig vedlikehald.⁵⁵ Det går ikkje fram av årlege rapporteringar kva som er berekna utbetningskostnader for å ta inn att vedlikehaldsetterslep eller forslag til prioriteringar av vedlikehald.

Dei siste åra har heradet nytta *Framsikt* for rapportering til dei folkevalde. Heradet opplyser i samband med oversending av dokumentasjon at det i dette formatet ikkje lenger blir kommentert særskilt knytt til byggdrift og vedlikehald. I intervju med teknisk sjef går det fram at kommunale bygg ikkje er rekna som eit eige tenesteområde. Med unntak av i enkelte notar i rekneskapen, går det difor ikkje fram ei like tydeleg rapportering til heradsstyret om behov for vedlikehald som det som tidlegare var praksis.

Innspel til rådmannen sitt budsjettframlegg knytt til vedlikehald blir, som tidlegare omtalt i kapittel 4.2, gjennomgått av einingsleiar, teknisk sjef og rådmannen si leiargruppe før budsjettforslaget blir lagt fram for politisk handsaming. Vedlikehaldsavdelinga blei også beden om å gjennomføre ei kartlegging av tilstanden på kommunale bygg i budsjettforslag for 2017. I årsmeldinga for 2017 går det fram at det blei gitt ein statusrapport for kartleggingsarbeidet til formannskapet og at kartlegginga ville kome opp til politisk handsaming i løpet av 2019. Det går fram av dokumentasjon at eining for teknisk og informasjon haldt ein presentasjon for heradsstyret i 2019 om arbeidet i eininga. Heradet opplyser i samband med verifiseringa av rapporten at kartlegginga har vore arbeidd med, men så langt ikkje er lagt fram som eiga

⁵² KS. 2020. *Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll*.

⁵³ Kommunenenes Sentralforbund (KS). 2009. *Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn*.

⁵⁴ Sjå vedlegg 2 for meir om kjelder og grunngjeving av utleiingane.

⁵⁵ Kvam herad. *Budsjett 2019*. Vedtatt 19.12.2018.

sak. Videre opplyser heradet om at eigedsstrategien med kartlegginga er venta lagt fram som ei politisk sak i løpet av 2024.

I intervju peiker FDVU-leiar på at eining for bygg og eigedom saknar ein tydeleg rapporteringskanal til politisk hald, og viser til at det har vore lite kommunikasjon med politisk nivå i den tida han har vore tilsett i heradet. Teknisk sjef viser i intervju til at han ved eit høve tidlegare har lagt fram for heradsstyret normtal på driftsutgifter for vedlikehald og nedskrivingstid på offentlege bygg for å sikre at folkevalde er kjende med vedlikehaldsetterslepet i heradet og kva som må til for å ta dette inn att. Teknisk sjef opplevde at tala som blei presentert blei for abstrakte og høge slik at politikarane ikkje fekk reelle forhold til vedlikehaldsbehovet i heradet og kostnadane for utbetring. Det er etter teknisk sjef si oppleving ofte enklare å formidle informasjon om vedlikehald av kommunale bygg når ein kan knyte kostnadar til konkrete prosjekt, og han peiker på at internkontrollsystemet LAFT/IK-bygg gjer dette arbeidet enklare. Teknisk sjef viser vidare til at det framstår som formålstenleg om det blir etablert ein fast rutine i årshjulet kor eigedsstrategi blir lagt fram for og følgt opp av politikarane i heradet slik at dei er tilstrekkeleg kjende med og informert om heradet si tilnærming til kommunal eigedom.

5.3 Vurdering

Det er Deloitte si vurdering at rapporteringa til eigar ikkje er tilstrekkeleg, særleg i lys av dei utfordringane som kjem fram tidlegare i kapittelet knytt til vedlikehaldsetterslep og det at forvaltar opplever å mangle ressursar til å sikre eit verdibevarande vedlikehald. Etter overgang til rapportering av budsjett og årsmeldingar i *Framsikt* gir administrasjonen etter det revisjonen kan sjå ikkje lenger ei eiga orientering til heradsstyret om kommunale bygg. Det er difor heller ikkje praksis for å orientere heradsstyret regelmessig om berekna utbetningskostnadar for vedlikehald eller forslag til prioritering av vedlikehald.

Revisjonen vil framheve at ein føresetnad for eit godt vedlikehald av kommunale bygg er god kommunikasjon mellom heradsstyret som eigar og administrasjonen som forvaltar. I rettleiar frå KS går det fram det er eit minimumskrav at eigedsforvaltar rapporterer om tilstand på all kommunal bygningsmasse med forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnadar til heradsstyret.⁵⁶ Revisjonen meiner det bør etablerast system i Kvam herad for å sikre jamleg rapportering frå forvaltar til eigar om viktige forhold knytt til vedlikehald av den kommunale bygningsmassen

⁵⁶ Kommunenes Sentralforbund (KS). 2009. *Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn.*

6 Konklusjon og anbefalingar

Undersøkinga viser at Kvam herad på fleire område har etablert system og rutinar for å sikre eit godt vedlikehald av kommunale bygg. Roller og ansvar er på overordna nivå skildra skriftleg og det er gjort viktige avklaringar knytt til roller og ansvar for vedlikehald av dei kommunale bygga. Det er etablert eit digitalt system for kommunikasjon som sikrar at innmeldte behov blir registrert og gir moglegheit til å følgje opp tidsbruk og restansar knytt til vedlikehaldsbehov. Videre synast organiseringa av vedlikehaldsavdelinga å vere føremålstenleg med omsyn til å i størst mogleg grad sikre at vedlikehaldsoppgåver blir utført av personell med relevant fagkompetanse. Revisjonen vurderer det også som positivt at heradet gjer langsiktige vurderingar når det gjeld materialval med omsyn til kvalitet og enkelt vedlikehald og at det er fastsett vedlikehaldsplanar for føremålsbygga i heradet sitt internkontrollsystem for vedlikehald. Internkontrollsystemet har også funksjonar for å bidra til å halde oversikt over tilstanden på dei kommunale bygga. Samla sett kan dette redusere risiko for at det byggjer seg opp eit vedlikehaldsetterslep over tid.

Samtidig meiner revisjonen at det er behov for å tydeleggjere rolle- og ansvarsfordelinga på enkelte område, og at heradet har eit betydeleg forbettringspotensial med omsyn til å ivareta eit langsiktig og verdibevarande vedlikehald.

Sjølv om den overordna organiseringa av vedlikehaldsarbeidet framstår som føremålstenleg, er det revisjonen si vurdering at det er på enkelte område er behov for ytterlegare tydeleggjering av rolle- og ansvarsdelinga. Mellom anna er det nokre uklarheiter knytt til kva som er brukar og forvaltar sitt ansvar når det gjeld enkelte drifts- og vedlikehaldsoppgåver, og fleire har gitt uttrykk for eit behov for opplæring og ytterlegare presisering av denne ansvarsdelinga. I tillegg er det fleire brukarar som etterlyser ei plattform for dialog og betre rutinar for kommunikasjon og samhandling med vedlikehaldsavdelinga. Deloitte meiner det er viktig med faste arenaer for dialog mellom brukarane av eit bygg og forvaltar for å sikre god kommunikasjon og samhandling om vedlikehald. Undersøkinga viser også at det blir stilt spørsmål ved kapasiteten til å gjennomføre vedlikehaldsarbeid. Manglande tydeleggjering av ansvar og roller synast også å få konsekvensar for kapasiteten til vedlikehaldsavdelinga. Det er etter revisjonen si vurdering viktig at Kvam herad gjer ei nærare vurdering korleis ein best kan sikre naudsynt kapasitet og kompetanse for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.

Det er revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje har etablert system som sikrar eit verdibevarande vedlikehald av heradet sin bygningsmasse. Revisjonen meiner at det er uheldig at det ikkje føreligg ein overordna vedlikehaldsstrategi, at det i avgrensa grad er fastsett politiske målsetningar for heradet si forvaltning av kommunale bygg og at heradet ikkje har definert ønska tilstand for dei bygga heradet eiger. Manglande vedlikehaldsstrategi med tydelege målsettingar for vedlikehaldet og som beskriv korleis måla skal nås aukar risikoen for at vedlikehaldet vert prega av «brannsløkking». Kvam herad sine utgifter til vedlikehald per kvadratmeter samla sett og fordelt på ulike føremålstypar viser også at heradet ligg under anbefalte normtal for eit verdibevarande vedlikehald. Manglande ressursar til vedlikehald kan tvinge fram ei tidlegare totalrehabilitering av bygga og totalt sett gje ei meir kostbar forvaltning av kommunal eigedom.

Videre viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at arbeidet med å utarbeide tilstandsvurderingar ikkje er tilstrekkeleg systematisk, og revisjonen finn grunn til å stille spørsmål ved om grunnlaget for utarbeiding av tilstandsvurderingar er godt nok. Kvam herad har heller ikkje tilstrekkeleg oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til den kommunale bygningsmassen. Sjølv om heradet har eit system som gir moglegheit for å få ei samla oversikt over vedlikehaldsetterslepet er det per i dag noko usikkerheit knytt til kor fullstendig og oppdatert grunnlagsdata i systemet er. bygningsmasse

Basert på informasjon som kjem fram i undersøkinga forstår revisjonen det slik at deler av vedlikehaldsarbeidet i heradet i praksis blir gjennomført som investeringsprosjekt. Dette kan medføre risiko for brot på forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 2-3 der det går fram at utgifter til vedlikehald av varige driftsmidlar er rekna som utiftar til drift. Revisjonen vil presisere viktigheita av at Kvam herad sikrar etterleving av forskriftskrav og god kommunal rekneskapsskikk.

Når det gjeld involvering av eigarrolla, er det revisjonen si vurdering at Kvam herad ikkje sikrar at heradsstyret blir tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga. Ein føresetnad for eit godt vedlikehald av kommunale bygg er god kommunikasjon mellom heradsstyret som eigar og administrasjonen som forvaltar.

Konsekvensane av at heradsstyret ikkje i tilstrekkeleg grad blir orientert om behov for vedlikehold av kommunale bygg er at dei ikkje kan ivareta sitt ansvar som eigar av bygga. Dette gjer det meir utfordrande å sikre eit strategisk og langsiktig vedlikehold av kommunale bygg som forhindrar verdireduksjon.

Basert på funn og vurderingar i undersøkinga anbefaler revisjonen at Kvam herad setter i verk følgjande tiltak:

1. Utarbeidar ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablerer system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.
4. Gjer ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurderer kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehold av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematiserer arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurderer å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert
6. Sørgjer for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikeholdsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



Espen Ringkjøb Stokke

Vår ref.: DokumentID 24/3574

Dykkar ref.:

Dato: 01.02.2024



SVAR PÅ HØYRING - FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM VEDLIKEHALD AV OFFENTLEGE BYGG I KVAM HERAD

Rådmannen har gjennomgått rapporten etter forvaltningsrevisjonen, og kjenner seg i hovudsak att i dei funn, vurderingar og konklusjonar som går fram av rapporten. Behovet for betre strategiar, planar og politisk rapportering er noko rådmannen har gjort merksam på, og som er grunnen for at dette forbetningsarbeidet har vore påpeika i fleire av budsjetta dei siste åra. Avgrensa kapasitet og ressursar har likevel gjort det vanskeleg å prioritere dette arbeidet i tilstrekkeleg grad. Dette særleg i høve arbeid med investeringar og drift- og vedlikehaldsoppgåver. Rådmannen engasjerte difor ekstern konsulent frå hausten 2023 for auka prioritering av strategi- og planarbeidet. Mål og framdriftsplan for dette arbeidet er at eigedomsstrategien skal leggjast fram som ei politisk sak i løpet av året.

Når det gjeld tilstanden på den kommunale bygningsmassen, har kommunen gjennom fleire år gjort gode og viktige investeringar innan både helse- og omsorg, administrasjon, brann, skular og barnehagar. Samanlikna med mykje av kommune-Noreg, meiner rådmannen derfor at Kvam har eit godt utgangspunkt for å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane våre og gode arbeidstilhøve for våre tilsette.

Rådmannen er likevel merksam på at sjølv våre nyare bygg no nærmar seg ein alder der behovet for auke vedlikehald gjer seg gjeldande for å oppretthalde ein god stand på den kommunale bygningsmassen. Dette har vore påpeika ved fleire høve, og vil vera eit vesentleg tema i den komande saka om kommunal eigedomsstrategi.

Når det gjeld skilje mellom vedlikehald og investering, vil rådmannen gjera oppmerksam på at skilje mellom vedlikehald og investering har fokus i organisasjonen. Om det har vore tvilstilfelle, har rådmannen gjerne også konferert med eksterne ressursar som revisjonsselskap om tolking. Rådmannen vil også gjera oppmerksam på at dette er tema som gjennomgått i årlege revisjonar. Ein viktig årsak til at kommunen har relativt høg del av investeringar og låg del av vedlikehald, er at svært mange av bygga som er ombygd eller erstatta, vart bygde på 50-60-talet, og over forventa levetid sjølv med normalt vedlikehald.

Helsing

Anita Hesthamar

Adresse: Kvam rådhus, Grovagelet 16, 5600 Norheimsund | Telefon: 56 55 30 00
postmottak@kvam.kommune.no | Bankkontonr.: 3530.28.63421 | Org.nr.: 944 233 199 | www.kvam.no

Rådmann
Telefon: 916 17 909

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Deloitte As Avd Bergen	Postboks 6013	5892	BERGEN
Espen Ringkjob Stokke			

Kopi til:
Lars Ese Ur

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Revisjonskriterium og kjelder

Revisjonskriterium er dei normer og krav som blir stilt til heradet si verksemd på det området som er gjenstand for ein forvaltningsrevisjon, og danner grunnlaget for revisjonen sine vurderingar. Revisjonskriterium blir utleia frå lover, forskrift, rundskriv, rettleiarar frå nasjonale mynde, heradsstyret sine vedtak, god forvaltningsskikk på området m.m. Eigedomsforvaltning er eit mindre lovregulert område samanlikna med andre saksområde innanfor den kommunale forvaltninga. Derfor vil standardar og beste praksis frå offentlege utredningar og anna kunnskapsgrunnlag vere sentrale revisjonskriterium.

I denne undersøkinga er revisjonskriteria utarbeida på bakgrunn av desse kjeldene:

- Plan- og bygningslova
- Kommuneleva
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.
- Eigedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004:22
- Klimatilpassingsutvalet. NOU 2010:10
- PriceWaterhouseCoopers 2009. «Internkontroll i kommuner».
- Multiconsult og PwC (2008): Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde.
- Multiconsult (2008): «Vedlikehold i kommunesektoren. Areal, tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdsstrategi». Appendiks 1.
- KS 2020. «Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll».
- KS 2009. «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn»

Sentralt for forvaltningsrevisjonen er prinsippet om verdibevarande vedlikehold som god vedlikehaldsstrategi.

Krav til organisering av arbeidet med vedlikehold av føremålsbygg

Kommuneleva § 25-1 stiller krav til at heradet skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgd. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart og risikoforhold. Den systematiske internkontrollen inneber at kommunedirektøren skal:

- utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Rolle- og ansvarsdeling er ein sentral del av god internkontroll i ein kommune. Kommunedirektøren står som ansvarleg for internkontrollen som følgje av kommuneleva § 25-1, og i KS⁵⁷ sin rettleiar «Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll» frå 2020 er *formalisering* trekt fram som ein sentral føresetnad. I dette legg KS mellom anna at det skal vere tydeleg og dokumentert rolle- og ansvarsdeling. Videre er ei føremålstenleg organisering ifølgje eigedomsforvaltningsutvalet eit delkriterium for god eigedomsforvaltning. Ei føremålstenleg organisering inneber at det er lagt til rette for god fagleg kompetanse på alle nivå, eit godt samarbeid og ei god gjensidig rolleforståing med klare ansvarsforhold i trekantforholdet mellom eigar, forvaltar og brukar av bygg.

Eigedomsforvaltningsutvalet forklarar dei ulike rollene i den kommunale eigedomsforvaltninga. Her tek ein utgangspunkt i eigar, forvaltar og brukar av ein eigedom. Desse rollene har ulike funksjonar i forhold til kvarandre og til eigedomen. Eigarrolla ligg hos kommunestyret og dei skal ivareta eigedomsretten, strategiske funksjonar og vere oppdragsgivar i forhold til forvaltarrolla. For offentlege føremålsbygg med ein intern kommunal brukar er det eigar som stiller bygget til rådighet etter vedtak. Forvaltarrolla står for drift og vedlikehold av bygget, og vil også ha eit ansvar for å følge opp eigar sine plikter og rettar overfor brukar. Brukarrolla ligg til verksemda som brukar bygninga. Fleire grupper og individ er med

⁵⁷ KS. 2020. *Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll*.

på å ivareta brukarrolla. Til dømes vil dette for ein skule kunne inkludere skulen si leing, tilsette, elevar, føresette og skulesjefen sitt kontor. Kommunestyret er også ein del av brukarrolla på eit overordna nivå gjennom å vere ansvarleg for skuletilbodet. Ein kommune vil dermed kunne ha ansvar og funksjon for alle desse rollene og må dermed balansere ulike mål og prioriteringar. Eigedomsforsvaltningsutvalet visar til at det ofte vil kunne føre til at vedlikehald blir lite prioritert og at dei kortsiktige behova kring brukarane si verksemd blir prioriterte.⁵⁸

God kommunikasjon er nødvendig for å sikre god internkontroll, og det dannar grunnlaget for ei føremålstenleg samhandling i heradet. KS sin rettleiar stadfestar også at det bør vere ein tovegs kommunikasjon, der informasjon kan bevege seg mellom fleire ulike nivå. Med god kommunikasjon og samhandling blir det enklare for heile organisasjonen å jobbe mot felles mål, når ein også har ei felles forståing av kva måla er og kva som skal til for å nå dei.

Dette er også noko som har blitt omtalt i PwC sin rapport «Internkontroll i kommuner», som blei utarbeidd på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet i 2009. Her visar dei til COSO-rammeverket for internkontroll, der informasjon og kommunikasjon er ei sentral blokk. Rammeverket stadfestar at det må både etablerast og implanterast rutinar og tiltak som kan vere med på sikre nettopp god kommunikasjon og informasjonsflyt relatert til ein organisasjon sin internkontroll. Dei tilrår også i rapporten at bruk av avvikssystem for registrering, oppfølging og avklaring av kvart enkelt avvik, vil vere ein sentral del av internkontrollen.

I sin gjennomgang av eigedomsforsvaltninga i kommunar og fylkeskommunar stilte Eigedomsforsvaltningsutvalet opp kriterium for god eigedomsforsvaltning. Eigedomsforsvaltningsutvalet visar til at første kriterium for god eigedomsforsvaltning er at eigaren av eit bygg fastset dei målsettingane, prioriteringane og rammene som eigedomsforsvaltninga skal styrast etter. Andre kriterium, ifølgje eigedomsforsvaltningsutvalet, er at det må vere eit rasjonelt (målretta) system for planlegging og styring av eigedomsforsvaltninga, basert på tilstandsinformasjon og planlegging av tiltak.

Kommunelova sin formålsparagraf peiker på at kommunen skal vere effektiv, tillitsskapande og berekraftig. Plan- og bygningslova §31-1 stiller krav til at eigar eller ansvarleg brukar pliktar å holde byggverk og installasjonar i forsvarleg stand. I kommunal forvaltning er det heradsstyret som er eigar av dei kommunale bygga og som representerer interessa til innbyggjarane i heradet. Det overordna forvaltningsansvaret blir tradisjonelt delegert til kommunedirektøren/rådmannen, kommunale føretak eller andre samanliknbare institusjonar.

Revisjonen legg til grunn at dersom heradet skal følgje kravet i plan- og bygningslova om å halde føremålsbygg i forsvarleg stand, samt sikre ei effektiv, tillitsvekkande og berekraftig forvaltning, så er det ei forutsetning at det er på plass system og rutinar som sikrar tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i arbeidet med vedlikehald av føremålsbygg.

På bakgrunn av gjennomgangen over er følgjande revisjonskriterium utleia til problemstilling 1:

Problemstilling 1	Krav og forventningar til heradet
Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?	Det skal vere på plass god internkontroll i arbeidet med vedlikehald av kommunale bygg. Dette inneberer at:
d) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?	→ det bør vere ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld arbeidet med vedlikehald (jf. kommunelova §25-1; NOU 2004:22; KS 2020; KS 2009).
e) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?	→ det bør vere på plass formaliserte system, rutinar og kanalar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar, inkludert eit system for å melde og følgje opp avvik (jf. kommunelova §25-1; NOU 2004:22; KS 2020; KS 2009).

⁵⁸ NOU2004:22 (2004). *Velholdte bygninger gir mer til alle*. Kommunal- og regionaldepartementet.

- f) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?

→ det bør vere på plass system og rutinar for å sikre kompetanse og kapasitet knytt til arbeidet med vedlikehald, slik at føremålsbygga blir halde i forsvarleg stand (jf. plan- og bygningslova §31-1; NOU 2004:22).

Verdibeverande vedlikehald

Kommunelova sin føremålsparagraf stadfestar at kommunen si verksemd skal vere effektiv, tillitsskapande og berekraftig.⁵⁹ Ei slik tilnærming må dermed vere grunnlag for alt av kommunen sitt arbeid.

Ifølgje st.prp.nr.61 (2005 – 2006) er det «en sentral målsetting at dagens vedlikehaldsetterslep fjernes, samtidig som man unngår at nytt etterslep oppstår». Det blir også vist til at for å oppnå dette, må kommunesektoren auke driftsutgiftene til vedlikehald. Av melding til Stortinget nr. 28 (2011–2012) går det fram at det offentlege skal ha framtidsretta og kostnadseffektive bygg.

Eigedomsforvaltningsutvalet peiker i NOU 2004:22, «*Velholdte bygninger gir mer til alle*», på at planmessig vedlikehald er lønsamt over tid, og vil medføre lågare forvaltningskostnader enn dersom vedlikehaldet blir utført etter «brannslukkingsmetoden». Dei viser til at eit vanleg alternativ til et slikt planmessig vedlikehald er å la bygg forfalle gradvis før det blir gjennomført større rehabiliteringar. Eigedomsforvaltningsutvalet definerer planmessig vedlikehald som:

(...) tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendige for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. I dette inngår også utskifting av komponenter, for eksempel utskifting av fugemasse, utskifting av listverk, dører, vinduer osv.⁶⁰

I ein rapport utarbeidd på oppdrag for KS, blir det vist til at «en vedlikeholdsstrategi omfatter og konkretiserer målsettinger for vedlikeholdet av bygningsmassen og beskriver hvordan målene skal nås.»⁶¹ Vidare blir det vist til at alternativet til ein definert strategi ofte er ein umedviten «akuttstrategi» der vedlikehaldsarbeidet ber preg av «brannslukking». Dette gir totalt sett eit meir kostbart vedlikehald. Ifølgje rapporten må ein vedlikeholdsstrategi som eit minimum tilfredsstillende dei lovpålagte krava i plan- og bygningslova.

Vidare blir det peika på at vedlikehaldsstrategien normalt har «eit verdibeverande vedlikehald» som fundament. Dette inneber at eigaren forpliktar seg til å oppretthalde verdien på bygga sine gjennom levetida ved å sørgje for tilfredsstillande vedlikehald.⁶² Det blir konstaterat at utarbeiding av vedlikehaldsstrategi er eigar sitt ansvar, og at «ambisjonsnivå for tilstand og standard må ha en politisk forankring.»⁶³ Det blir også vist til at ein vedlikehaldsstrategi kan referere til målbare krav jf. NS 3424.

I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald frå 2009, blir det vist til at anslått årleg vedlikehaldsbehov, for å ha eit verdibeverande vedlikehald, vil vere 100 kroner (omrekna til kr 137 i 2022) per m2 ved 30 års levetid og 170 kroner (232,15 2022-kroner) per m2 ved 60 års levetid (inkludert naudsynte oppgraderingar).⁶⁴ Dette er eit gjennomsnitt basert på vedlikehaldsbehovet til ulike bygningstypar, og arealfordelinga mellom bygningstypane.

Det blir vidare peikt på at utan, eller ved lågt vedlikehald, vil bygget vere slitt ned etter 15-20 år og kommunen blir «løypande» mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære løyvingar. Det går også fram at manglande vedlikehald tvinger fram ei tidlegare totalrehabilitering, som vil kunne auke driftsutgiftene (inkludert årlege renter og avdrag) til langt meir enn 100 (2009-)kroner per m2 per år. KS konkluderer i sin rettleiar med at eit godt kontinuerleg vedlikehald er både lønsamt og ein del av god kommunal eigedomsforvaltning.

⁵⁹ Kommunelova, §1-1

⁶⁰ NOU 2004:22 (2004). *Velholdte bygninger gir mer til alle*. Kommunal- og regionaldepartementet.

⁶¹ Multiconsult og PwC (2008): Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde.

⁶² Multiconsult (2008): «Vedlikehold i kommunesektoren. Areal, tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdsstrategi». Appendiks 1.

⁶³ Ibid.

⁶⁴ Vedlikehaldsbehovet er utrekna i 2008/2009 og reflekterer difor kostnadsnivåa i 2008/2009.

Ved eit verdibevarande vedlikehald rettar ein blikket framover og tek eit langtidsperspektiv på vedlikehaldet og bygningsmassen, med mål om å unngå større forfall og etterslep. Konsekvensar på bygningsmassen som følgje av endringar i klima er eit døme på faktorar som verkar inn i eit slikt langtidsperspektiv. I NOU 2010:10, *Tilpassing til eit klima i endring*, stadfestar Klimatilpassingsutvalet at det er fleire utfordringar for bygningar i møtet med klimaendringane:

«Etterslep av vedlikehald er ei felles utfordring for store delar av infrastrukturen og bygningsmassen. Klimaendringane vil forsterke behovet for vedlikehald og auke utfordringane knytte til etterslep i vedlikehaldet.»

Same budskap er også tatt med i ei meir nyleg utreiing. I NOU 2018:17, «Klimarisiko og norsk økonomi», stadfestar klimarisikoutvalet at klimaendringar vil føre til auka vedlikehaldsbehov for offentlege bygg.⁶⁵ Dette kan inkludere skadar på bygg som følgje av økte regnmengder, skred og jordras og meir ekstremvær. Bygg som ikkje er klimatilpassa vil dermed truleg få høgare vedlikehaldskostnader i levetida enn kva normtalla legg opp til. Dei reelle talla for kva som krevst for eit verdibevarande vedlikehald kan dermed bli høgare enn det som reflekterast i normtalla i KS sin rettleiar.

I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.⁶⁶ går det fram at «Utgifter til vedlikehold av varige driftsmidler regnes som utgifter til drift. Utgifter til vesentlige og varige påkostninger regnes som utgifter til investeringer i anleggsmidler.» I rettleiar til forskrifta går det vidare fram at utgifter til tiltak som må bli rekna som vedlikehald skal bli ført i drift, sjølv om vedlikehaldet er ekstraordinært og kjem som følgje av at vedlikehald er uteletne eller utsett.⁶⁷

Tilstandsinformasjon

Informasjon om tilstanden til eit bygg er eit viktig element for planlegging og styring av eigendomsforvaltninga. NOU 2004:22 stadfestar at for å sikre ei rasjonell, kostnadseffektiv og formålseffektiv eigendomsforvaltning må det innhentast informasjon om eigedommane sin tilstand. Tilstanden bør vurderast mot vedtekne mål og standardar, slik at det kan vurderast kva tiltak det er føremålstenleg å sette i verk for å nå desse måla. For å vurdere tilstand kan tilstandsgradene i Norsk Standard 3424 leggjast til grunn. I NS3424 blir fire graderingar for vurdering av tilstandsgrad for eit bygg presentert, som vist i tabellen under.

Tabell 5: Kartlegging av tilstand jf. NS3424⁶⁸

Tilstandsgrad	Tilstand jamfør referansenivået	Skildring
0	Ingen avvik	Veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slitasje og elde frå nybyggstandard Ingen symptom på avvik
1	Mindre eller moderate avvik	God, tilfredsstillande standard, der alle lovar og forskrifter er ivareteke. Noko slitasje og elde frå nybyggstandard.
2	Vesentlege avvik	Eit visst omfang av feil og manglar som krev teknisk utbetring og/eller avvik frå lovar og forskrifter.
3	Stort eller alvorleg avvik	Omfattande skadar, feil og manglar. Mykje slitasje. Monaleg behov for teknisk utbetring. Avvik frå lovar og forskrifter.

⁶⁵ NOU 2018:17 (2018). «Klimarisiko og norsk økonomi», Finansdepartementet, s. 74

⁶⁶ Kommunal- og distriktsdepartementet. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner. FOR-2021-12-09-3479 frå 01.01.2022.

⁶⁷ Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2019. *Veileder til budsjett- og regnskapsforskriften*.

⁶⁸ Norsk Standard 3424 (NS3424) *Tilstandsanalyse for byggverk. Innhold og gjennomføring*.

På bakgrunn av gjennomgangen over er følgande revisjonskriterium utleia til problemstilling 2:

Problemstilling 2	Krav og forventningar til heradet
I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibevarende vedlikehold av bygningsmassen? a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet? b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen? c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga? d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand? e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarende vedlikehold og redusere vedlikehaldsetterslepet? f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer? g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?	→ Det bør ligge til grunn tydelege mål, strategiar og planar for arbeidet med vedlikehald av kommunale føremålsbygg, som mellom anna: ○ definerer ønska tilstand for bygga ○ bidrar til å sikre eit verdibevarende vedlikehald ○ bidrar til å redusere vedlikehaldsetterslepet ○ sikrar at kostnader til vedlikehald er i samsvar med tilrådde normer ○ vurderer kostnader knytt til vedlikehald opp mot kostnader knytt til å bygge nytt (Kommunelova § 25-1; NOU 2004: 22; KS 2009; Multiconsult og PwC 2008) → Heradet bør ha oversikt over vedlikehaldsetterslep og dei kommunale føremålbygga sin tilstand, samt ha system og rutinar for å regelmessig innhente tilstandsinformasjon (Kommunelova § 25-1; NOU 2004: 22; KS 2009; Multiconsult og PwC 2008)

Rapportering og avgjerdsgrunnlag

Jamleg og tilstrekkeleg rapportering er ein føresetnad for god kontroll og styring.⁶⁹ I Kvam herad sitt økonomireglement frå 2020 er det stadfesta at «Rådmannen skal utarbeide 2 tertialrapporter i løpet av året, per april og per august. Rapportane viser rekneskapsoversikt og årsprognoser for det enkelte rammeområda og for kommunen samla. Ein enkel 3. tertial rapport skal utarbeidast ved behov. Tertialrapportane skal omtala den økonomiske utviklinga og utviklinga i tenesteproduksjonen i høve til budsjettal og aktivitetsplaner.»⁷⁰

Krava til kva som skal inngå i rapporteringa er ikkje detaljregulerte og gir dermed stor valfridom til administrasjonen. Ifølgje rettleiaren «God kommunal eigedomsforvaltning»⁷¹ bør det etablerast ein årsplan for rapportering og forbetring av føremålsbygga, slik at det sikrast at politikarane har oversikt over tilstanda på bygga, til dømes gjennom ein trafikklysmodeill. Vidare er det ifølgje KS sin rettleiar «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn*» eit minimumskrav at eigedomsforvaltarane rapporterer tilstand på all kommunal bygningsmasse, med forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnader. Rapporten kan og bør også inngå i kommunane sin årsrapport.

På bakgrunn av gjennomgangen over er følgande revisjonskriterium utleia til problemstilling 3:

Problemstilling 3	Krav og forventningar til heradet

⁶⁹ KS. 2020. *Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll*.

⁷⁰ Kvam herad. 2020. *Økonomireglement*, s. 10.

⁷¹ Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). 2011. *God kommunal eigedomsforvaltning*.

I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Heradet bør ha system og rutinar som sikrar:

- at det regelmessig blir rapportert til heradsstyret om tilstanden på den kommunale bygningsmassen.
- at rapporteringa inneheld forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnader.

(Kommunenes Sentralforbund 2009)

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov av 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- Kommunal- og distriktsdepartementet. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner. FOR-2021-12-09-3479 frå 01.01.2022.

Forarbeider, rundskriv, veiledere mv.

- Egedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004:22. *Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren.*
- Klimatilpassingsutvalet. NOU 2010:10. *Tilpassing til eit klima i endring. Samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringane.*
- Klimarisikoutvalet. NOU2017:17. *Klimarisiko og norsk økonomi.*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2019. *Veileder til budsjett- og regnskapsforskriften.*

Dokumenter frå kommunen

- Kvam herad. *Organisering teknisk og informasjon.* Ikkje datert.
- Kvam herad. *Oversending av etterspurt dokumentasjon til forvaltningsrevisjon knytt til vedlikehold av offentlige bygg.* 04.09.2023.
- Kvam herad. *Utdrag frå delegasjonsreglement for rolla leiar for FDVU-bygg.* Ikkje datert.
- Kvam herad. *Arbeidsdeling mellom brukar og forvaltar.* Ikkje datert.
- Kvam herad. *Oversikt over roller i internkontrollsystemet LAFT.* Ikkje datert.
- Kvam herad. *Kommunale bygg frå sydvest til nordaust, juni – august 2023.*
- Kvam herad. *Budsjett 2021.* Vedtatt 10.12.2020.
- Kvam herad. *Budsjett 2019.* Vedtatt 19.12.2018.
- Kvam herad. *Budsjett 2017.* Vedtatt 13.12.2016.
- Kvam herad. *Budsjett 2015.* Vedtatt 16.12.2014.
- Kvam herad. *Årsmelding 2021.* Vedtatt 24.05.2022.
- Kvam herad. *Årsmelding 2020.* Vedtatt 11.05.2021.
- Kvam herad. *Årsmelding 2015.* Vedtatt 10.05.2016.
- Stiftinga Hardanger og Voss museum. *Tilstandsvurdering knytt til Vavollstovo.* 18.12.2019.
- MUHO Bevaringstenestene. *Synfarsingsrapport for Storeteigen bygdetun og magasin.* Juni 2023.

Andre kjelder

- Kommunenes Sentralforbund (KS). 2020. *Rådmannens internkontroll. Hvordan få orden i eget hus?*
- Kommunenes Sentralforbund (KS). 2009. *Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn.*
- Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). 2011. *God kommunal egedomsforvaltning.*
- Multiconsult og PwC. 2008. *Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde.*
- PwC. 2009. *Internkontroll i kommuner.*
- Multiconsult. 2008. *Appendiks 1 til rapporten: Vedlikehold i kommunesektoren. Kartlegging av areal, teknisk tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdskostnader.*
- Byggordboka. *Vedlikehold.* Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/vedlikehold>.
- Byggordboka. *Etterslep.* Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/etterslep>.
- Byggordboka. *Drift.* Henta 04.01.2024 frå: <https://www.byggordboka.no/artikkel/les/drift>.
- Norsk Standard 3424 (NS3424) *Tilstandsanalyse for byggverk. Innhold og gjennomføring.*
- Bjørberg S., Larsen A. og Øiseth, H. 2007. *Livssyklus kostnader for bygninger.*



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the "Deloitte organization") serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/426-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	4/24	20.02.2024

Møteplan for kontrollutvalet for 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2024:

Dato:
20.02.2024 – under avvikling
17.04.2024
07.05.2024
10.09.2024
22.10.2024
03.12.2024

Samandrag

Føremålet med denne saka er å få vedteke ein møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskapet og heradsstyret. Av møteplanen for 2024 for øvrige politiske utval i Kvam herad går det fram at møta i heradsstyret i hovudsak er lagt til torsdagar. For formannskapet er møta også i hovudsak lagt til torsdagar. Då kan det vera praktisk at kontrollutvalet legg sine møter på andre vekedagar. Det er også teke omsyn til at ein representant ikkje har høve til å møte på måndagar og at ein representant også har sete i fylkestinget mv. Sekretariatet har på bakgrunn av det lagt inn tysdag som ein aktuell vekedag for møta i kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går frem over har vi laga eit forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2023, der det er teke omsyn til møta som er planlagt for heradsstyret og formannskapet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet: (Tysdag)	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet (Torsdag)	Heradsstyret (Torsdag)
20.02.2024	Årsmelding for 2023 for KU Revisjonsrapport vedlikehald offentlege bygg Prosessmøte 1 Konk.uts. revisjon		14.03.2024
17.04.2024 (onsdag)	Bestilling ny revisjon Prosessmøte 2 Val av revisor Avvikling av kurs		23.05.2024
07.05.2024	Kommunerekneskap for 2023 Årsrekneskap Kvamabadet 2023 Uavhengighetserklæring Plan for forvaltningsrevisjon Plan for eigarskapskontroll	15.05.2024	20.06.2024
10.09.2024	Revisjonsplan 2024 Risikovurd. etterlev 2024 Budsjett 2025 for KU		26.09.2024
22.10.2024	Avvikling av kurs		14.11.2024
03.12.2024	Interimsrevisjonsrapport		12.12.2024

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan for 2024 slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/25-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	5/24	20.02.2024

Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Samandrag

Gjennom at kontrollutvalet legg fram årsmelding for føregåande år, vert delar av den pålagde rapporteringa frå utvalet til heradsstyret ivareteke.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk. Leiar i kontrollutvalet i førre valperiode, Gjermund Stuve, har fått årsmeldinga til gjennomlesing og hadde ingen kommentarar til den.

Vedtakskompetanse

Det er heradsstyret som har vedtakskompetanse i denne saka etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å tilbakemelde til heradsstyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at heradsstyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2023 til godkjenning i heradsstyret.



ÅRSMELDING 2023
FOR KONTROLLUTVALET I
KVAM HERAD



Innhold

1.	Føremål og oppgaver for kontrollutvalet.....	3
2.	Samansetnad av kontrollutvalet.....	3
3.	Om verksemda til kontrollutvalet i 2023.....	4
4.	Sekretariatsordninga.....	4
5.	Revisjonstenestene.....	5
6.	Forvaltningsrevisjon.....	6
6.1.	Plan for forvaltningsrevisjon.....	6
6.2.	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg.....	7
7.	<i>Eigarskapskontroll</i>	9
7.1.	Plan for eigarskapskontroll.....	9
7.2.	Gjennomført eigarskapskontroll i 2023.....	10
7.2.1.	Kvam Energi AS.....	10
7.2.2.	Oppfølging av heradet sine eigarinteresser.....	11
8.	Arbeid med rekneskapsrevisjon og den økonomiske situasjonen.....	12
8.1.	Den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF.....	12
8.2.	Den økonomiske situasjonen i Kvam herad.....	12
8.3.	Kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad.....	13
9.	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	13
10.	Opplæring.....	13
11.	Andre saker i kontrollutvalet i 2023.....	13
12.	Oppfølging av tidligere gjennomførte revisjonar.....	15
12.1.	Forvaltningsrevisjon av internkontroll.....	15
12.2.	Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar.....	16
12.3.	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.....	17

1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Kvam herad skal føre løpande kontroll av heradet på vegne av heradsstyret, jf. kommunelova § 23-1 første del.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at heradet sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2. Samansetnad av kontrollutvalet

For valperioden 2019 – 2023 er kontrollutvalet samansett slik:

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Gjermund Stuve, (Sp) leiar	Torgeir Magnar Børve, (Sp)
Michael Iversen, (Ap), nestleiar	Katrine Froestad, (SV)
Anita Sørnes, (FrP) til 27.09.2022 Frank Jacobsen, (FrP) frå 27.09.2022	Kjerstin Valland, (Ap)
Svanhild A. Botnen, (Sp) til 14.06.2022 Ramune Paulauskiene, (Sp) frå 14.06.2022	Ronny Samland, (FrP)
Håvard Gjerde, (Raudt)	Ingunn Karin Torvik (Sp)

Svanhild Botnen (Sp) fekk fritak frå vervet frå 14.06.2022 og Ramune Paulauskiene (Sp) vart vald inn i staden. Vidare fekk Anita Sørnes (FrP) fritak frå vervet frå 27.09.2022 og Frank Jacobsen (FrP) vart vald inn i staden.

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vere medlem av heradsstyret. Gjermund Stuve og Håvard Gjerde hadde fast sete i heradsstyret.

For valperioden 2023 – 2027 er kontrollutvalet samansett slik:

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Trygve Vik, (Sp) leiar	Oddbjørn Vestbøstad, (SV)
Borghild Storaas Ones, (Ap), nestleiar	Michael Iversen, (Ap)
Bjarte Helleand, (INP), medlem	Frank Jacobsen, (FrP)
Jan-Ove Fredheim, (FrP), medlem	Safira Moola-Nernæs, (R)
Beate Gauden, (MDG), medlem	Lisbeth Hanne Fredheim Oma, (KRF)

Bjarte Helleand (INP) har fast sete i heradsstyret.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2023

- Kontrollutvalet hadde 6 møter
- Kontrollutvalet har handsama 47 politiske saker og 23 referatsaker
- Kontrollutvalet har opne møter
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet
- Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Kvam herad. Roald Breistein har vore sekretær på alle møta i 2023.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Bjørnafjorden, Øygarden, Samnanger, Vaksdal, Askøy og Austevoll. I tillegg har sekretariatet vore settesekretariat for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune i heile 2023.

5. Revisjonstenestene

Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med lov, forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS vart vald som revisor for Kvam herad etter ein prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene vinter/vår 2020. Den nye avtalen gjeld fram til og med 30.06.2024.

Heradsstyret gjorde slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet i møte

1. Heradsstyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse om val av revisor for Kvam herad. Tidsramma må leggjast slik at den som vert vald ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2024.
2. Fullmakta omfatter gjennomføring av helie prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdere mottekne tilbod og innstilla overfor heradsstyret på val av revisor.

På bakgrunn av dette er det kunngjort ein konkurranse i november 2023 med frist for levering av tilbod til 26.01.2024. Forslag til evalueringsarbeid skal leggjast fram i første møte i kontrollutvalet i 2024 og målsettinga er at sak om val av revisor skal leggjast fram for heradsstyret i mai 2024.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot heradet, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med heradsstyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane.

Deloitte sin plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet i møte 28.08.2023. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2022 i det same møtet. Interimsrevisjonsrapport vart lagt fram i møte 30.11.2023.

Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte, Unni Renate Moe, som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Kvam herad.

6. Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som heradet har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2021.

6.1. Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2020, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av heradet si verksemd og av verksemda i heradet sine selskap som skulle gjelde for perioden 2020 - 2024.

På bakgrunn av dette arbeidet vart det utarbeid ein plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 som vart vedteke i heradsstyret 16.06.2020. Kontrollutvalet fekk m.a. slik fullmakt frå heradsstyret:

«Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.»

Forslag til rullert plan vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 20.02.2023 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet godkjenner rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre.»

Av den rullerte planen går det fram desse prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekta:

- Vedlikehald av offentlege bygg
- Vedtaksoppfølging

- Kvam Kraftverk AS
- Beredskap
- Innkjøp
- Hardanger AKS AS (Storeholmen)
- Investeringar

Revisjonsrapport for prosjekt 1 «Vedlikehald av offentlege bygg» skal etter planen behandlast i kontrollutvalet i møte 20.02.2024 og i heradsstyret 14.03.2024.

I tråd med kommunelova § 23-3 som går fram over, vart det i møte 30.11.2023 vedteke å be Deloitte bistå kontrollutvalet i arbeidet med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 ved at det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Kvam herad verksemda i heradet sine selskap og av
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 20.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og for 2024 – 2028 skal leggjast fram for heradsstyret i juni 2024.

6.2.Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i møte 05.06.2023:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigert prosjektplan
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at denne forvaltningsrevisjonen har slik føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
 - c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?

2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibevarende vedlikehald av bygningsmassen?
 - a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
 - d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
 - e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarende vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnadar til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådte normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnadar knytt til nybygg?
3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektleggje vedlikehald av kommunale føremålsbygg.

Revisjonsrapporten skal etter planen behandlast i kontrollutvalet 20.02.2024 og det er ei målsetting at rapporten skal leggjast fram for heradsstyret i møte 14.03.2024.

7. Eigarskapskontroll

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap og heradet si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

7.1. Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll vart handsama i heradsstyret 16.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til heradsstyret.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Eigarskapsforvaltning
2. Kvam Energi AS
3. Hardanger AKS
4. Kvam kraftverk AS

Kontrollutvalget fekk m.a. slik fullmakt frå heradsstyret 16.06.2020:

Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.

På bakgrunn av dette vart det gjennomført ei evaluering av planen i møte 14.11.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

I tråd med kommunelova § 23-4 som går fram over vart det i møte 30.11.2023 vedteke å be Deloitte bistå kontrollutvalet i arbeidet med å utarbeide plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 ved at det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av Kvam herad sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 20.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggjast fram for heradsstyret i juni 2024.

7.2.Gjennomført eigarskapskontroll i 2023

7.2.1. Kvam Energi AS

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak PS 23/23 i møte 05.06.2023:

«Kontrollutvalet ber dagleg leiar og/eller styreleiar i Kvam Energi AS om å komme i møte i kontrollutvalet 28.08.2023 for å orientere om følgjande:

1. Status når det gjeld den økonomiske situasjonen i selskapet, med særleg fokus på fastprisavtalene.
2. Ei innføring i korleis systemet med fastprisavtalar fungerer, t.d. i høve innleigde konsulentar.»

Dagleg leiar, Arne Tillung, og styreleiar, Gunnar Skeie, i Kvam Energi AS orienterte kontrollutvalet i tråd med dette og det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

7.2.2. Oppfølging av heradet sine eigarinteresser

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak PS 14/23 i møte 26.04.2023:

«Kontrollutvalet ber rådmannen komme i møte 28.08.2023 for å orientere om korleis Kvam herad utfører oppfølging av heradet sine eigarinteresser i selskap, jf. m.a. kommunelova kapittel 26.»

På bakgrunn av dette orienterte rådmannen kontrollutvalet i møte 28.08.2023 der det m.a. kom fram dette:

- Det nye heradsstyret skal vedta ny eigarskapsmelding som skal gjelde for neste valperiode
- Det vert årleg vedteke eigarstrategi for kvart selskap
- Den inneheld ein del standardpunkt for alle og nokre særskilte punkt for det enkelte selskap
- Dei største selskapa har ein tett dialog med og dei vert prioritert i eigaroppfølginga
- Dei mindre selskapa er ikkje like enkelt å følge opp
- Det skal i haust sendast skriftleg brev til dagleg leiar i alle selskapa med krava i eigarstrategien. Det vert bede om tilbakemelding på status.
- Oppdatert informasjon vert lagt fram for heradsstyret
- Dei som ikkje svarer vert følgd opp vidare
- Har fått henvending frå VLFK om å ha felles eigarstrategi for Hardanger AKS

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.»

8. Arbeid med rekneskapsrevisjon og den økonomiske situasjonen

8.1. Den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF

Kontrollutvalet handsama årsmelding og rekneskap 2022 for Kvammabadet KF i møte 26.04.2023 og vedtok slik uttale:

1. Kontrollutvalet registrere at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 0 og eit meirforbruk på kr 1.000.000 i 2022.
2. Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2022 og har ikkje andre merknader til denne.
3. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

8.2. Den økonomiske situasjonen i Kvam herad

Kontrollutvalet i Kvam herad handsama årsrekneskapen for 2022 i møte 26.04.2023 der det vart gjeve m.a. slik uttale:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 13.04.2023 og revisjonsrapport nr. 15, datert 13.04.2023, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2022.

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 7,44 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 103,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 6,0 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 21.17 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet er uroa for at Kvam herad si lånegjeld har vore høg fleire år på rad, sjølv om den dei 2 siste åra har gått noko ned. Lånegjelda ligg likevel langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2022 på 103,5 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2020 var på 127,3 % og i 2021 på 111,2%.

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 28.08.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

I tråd med punkt 2 i vedtaket over orienterte rådmannen kontrollutvalet i møte 28.08.2023 om oppfølging av revisjonsrapport nr. 15 for 2022 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.»

8.3. Kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad

Kontrollutvalet inviterte rådmannen til å orientere i møte 22.11.21 om kva tiltak eller prosessar heradet gjennomfører for å ivareta kommunaløkonomisk bærekraft, jf. kommuneolva §§ 14-1 og 14-2 med t.d. slikt innhald:

Vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Denne orienteringa var tenkt som første stasjon i ei slik orientering og sekretariatet oppmoda utvalet til å kome med innspel til rådmann i vidare oppfølging.

Rådmannen har orientert kontrollutvalet om status før KØB ved fleire høve seinast i møte 26.04.2023 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2024, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Denne orienteringa inneheld m.a. informasjon om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

9. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Kvam herad er medlem i FKT.

FKT sin årlige fagkonferanse vart halde i tidsrommet 08. - 09.06.2022. Kontrollutvalet i Kvam herad hadde ingen deltakarar på denne konferansen. Årsmøtet i FKT vart gjennomført 08.06.2022.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er lagt fram som melding til kontrollutvalet.

10. Opplæring

«NKRF – kontroll og revisjon i kommunene» arrangerte sin årlege kontrollutvalskonferanse i tidsrommet 01. - 02.02.2023. Ingen av medlemmene i kontrollutvalet deltok på denne konferansen.

I 2023 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Prosjektstyring/-oppfølging – Fallgruver og «Roller og ansvar i kontrollarbeidet». Kostnadane til kursa ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og heradet.

11. Andre saker i kontrollutvalet i 2023

- Budsjett for kontroll og tilsyn i Kvam herad for 2024.
- Møteplan for kontrollutvalet for 2023
- Status for etikk og misleg framferd i Kvam herad
- Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker
- Driftsrapportar og økonomiplan
- Årsmelding 2022 for kontrollutvalet
- Klage frå Øystese grendautval

- Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023, utført av Statsforvaltaren i Vestland.
- Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Kvam herad for valperioden 2019 – 2023

12. Oppfølging av tidligere gjennomførte revisjonar

Kontrollutvalet har i løpet av 2023 følgd opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve heradsstyret sine vedtak i tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med handsaming av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

12.1. Forvaltningsrevisjon av internkontroll

[Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten av internkontroll i møte 26.03.2019, sak 019/19 og gjorde slikt vedtak samrøystes:](#)

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll» ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. Ferdigstille arbeidet med å a. etablere eit felles internkontrollsystemet
 - a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar
 - b. ytterlegare konkretisere måla for einingane
 - c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet
 - d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette
 - e. ta i bruk dokumentsytringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte
2. Etablere system for å
 - a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå
 - b. kontrollere at rutinar og retningslinjer blir etterlevd
 - c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen
 - d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov
3. Vurdere tiltak for å
 - a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend
 - b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald
 - c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon
 - d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda
 - e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende
 - f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.08.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

[Kontrollutvalet har følgd opp denne rapporten 6 gonger, seinast i møte 20.02.2023, der det vart gjort slikt vedtak:](#)

Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll og ønskjer lukke til i det vidare forbetningsarbeidet.

12.2. Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Kontrollutvalet handsama i møte 06.09.2021, PS 21/21 rapporten og gjorde slik innstilling som vart vedteke i heradsstyret 20.10.2021, PS 86/21:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp 3 gongar seinast i møte i kontrollutvalet 20.02.2023 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 01.02.2024.

12.3. Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Kontrollutvalet i Kvam herad vedtok i møte 22.11.21 å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk. Heradsstyret behandla revisjonsrapporten i møte 28.03.23 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd ved 2 høve seinast i møte 30.11.2023 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad er kome noko lenger i forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til møte i utvalet i april 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 08.04.2024.

Kvam herad

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no
e-post: roald.breistein@vlfk.no
e-post: kjartan.haugsnæs@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2022/255-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	6/24	20.02.2024

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 2, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet etter sumaren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 20.08.2024.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 20.10.2021 av forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar
- 2 Vedlegg - Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i møte 20.10.2021, sak 086/21 og gjorde slikt vedtak samrøystes:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til heradsstyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årlegg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgt opp 3 gongar tidlegare, seinast i møte 20.02.2023, sak PS 07/23, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 01.02.2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 05.02.2024, motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga er det verdt å merka seg at rådmannen skriv m.a. dette:

«Eining barnehage jobbar kontinuerleg med oppfølging av revisjonen. Det er mange av punkta som tar tid å både endra og implementera. Punkta som ikkje er oppfylt vert jobba vidare med. Det er brukt mykje tid på å laga felles system og planar. Dette er tidkrevjande arbeid og skal nå ut i mange ledd for å sikre implementering. «Bli i jobben» prosjektgruppa sitt arbeid med arbeidsmiljø har vore til god hjelp og har gjeve oss kompetanseheving og fleire nye verktøy.»

Sekretariatet har merka seg at det er gjort noko meir forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad sidan førre rapportering. For punkta 3, 4, 8 og 9 går det fram av tilbakemeldinga at forbetningsarbeidet i hovudsak er ferdig gjennomført medan det for resten av punkta framleis står att noko arbeid.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 2, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet etter sumaren 2024.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad så langt til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 2, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet etter sumaren 2024, med frist for levering til sekretariatet 20.08.2024.

Anita Hesthamar

Vår ref.: DokumentID 24/3900

Dykkar ref.:

Dato: 05.02.2024

OPPDATERING TIL KONTROLLUTVALET 2024

Rådmannen viser til vedtak i sak PS 19/22 «Oppfølging – Forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage» etter møte i kontrollutvalet 07.06.2022. Kontrollutvalet har bedt om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen innan 01.02.2024.

Eining barnehage jobbar kontinuerleg med oppfølging av revisjonen. Det er mange av punkta som tar tid å både endra og implementera. Punkta som ikkje er oppfylt vert jobba vidare med. Det er brukt mykje tid på å laga felles system og planar. Dette er tidkrevjande arbeid og skal nå ut i mange ledd for å sikre implementering. «Bli i jobben» prosjektgruppa sitt arbeid med arbeidsmiljø har vore til god hjelp og har gjeve oss kompetanseheving og fleire nye verktøy.

Helsing

Ingunn Mo

Leiar for barnehage

Telefon: 997 38 755

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Anita Hesthamar

Kvam Kontrollutval

v/Roald Breistein

Vedlegg:

05.02.2024

Tittel:

Oppdatering til kontrollutvalet 2024

Handlingsplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon barnehage 2021.

	Område	Tiltak	Merknad	Ansvar	Frist	Oppdatering februar 2024
1.	Arbeid med årsplanar Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.	Felles mal for årsplan i kommunale barnehagar.	Leiar for barnehage og styrarane byrja arbeid med felles mal for årsplan på fagmøte 01.12.21.	Leiar for bhg.	Ok	Årsplanen er ferdig og tatt i bruk. Den vart godkjent av SU i alle barnehagar haust 2023. Arbeid med implementering er i gang.
			Oppretta ei prosjektgruppa som lagar eit utkast som vert sendt ut på høyring til alle styrarane.	Leiar for bhg.	Ok	
			Ta felles årsplan i bruk august 2022.	Styrar	Ok	Årsplanen er evaluert og vert vidareført.
		Felles system for oppfølging og evaluering av årsplanar gjennom årshjul og oppgåver i 1310.	Leiar for barnehage legg oppfølging og evaluering av årsplan inn i 1310.	Leiar for bhg.	Ok	Leiar for barnehage har ansvar for å følgje opp at årsplanen vert bruk i barnehagane, og syte for at den vert evaluert 1 gong i året. Tema på styrarmøte.
			Styrar syt for at årsplanen vert brukt i møter og ved planlegging. Styrar føl opp og dokumenterer i 1310.	Styrar	Ok	Styrar ansvar for at den vert brukt av personale, gjennomgått og godkjent av samarbeidsutvala i barnehagane.
2.	Arbeidsmiljø Tydeleggjer roller og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når	Ansvarsfordeling styrar, pedagogisk leiar og barnehageeigar.	Leiar for barnehage lagar ein plan for arbeid med arbeidsmiljø i dei kommunale barnehagane.	Leiar for bhg og styrar	2022-2024	Deltaking i «Bli i jobben» i regi av KLP. Det er gjennomført: - Felles opplæring for tillitsvalte, leiar og verneombod - Fokus på partssamarbeid

	det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.	Rolle- og ansvarsavklaring styrar, tillitsvalt og verneombod.	Samarbeid med tillitsvalte, HR og verneombod.			- Medråderettsmøter - Spørjeundersøking og involvering av alle tilsette - Fokus på kva me kan gjera noko med og kva me kan påverka - TV og VO i barnehagane skal ha 1 time i månaden til planleggingstid - Nav arbeidslivssenter kartlegg sjukefråvær i alle barnehagane Prosjektgruppa har sidan 2023: - Kobla funna frå NAV arbeidslivssenter og spørjeundersøkinga saman - Laga verktøykasse som inneheld: • Rutine for sjukefråværsoppfølging • Oversikt over tilretteleggingstiltak • Faste møter i LTV gruppa (leiar – tillitsvalt – verneombod) • HMS årshjul og årshjul for LTV møter • Fellesmøte 2 gongar i året for alle leiarar – tillitsvalte - verneombod • Bruk av Bedriftshelse 1 • Bruk av NAV arbeidslivssenter • Opplæring • Helselarbeid • En bra dag på jobben En bra dag på jobb - Verktøy for
--	--	---	---	--	--	--

						arbeidsmiljø i barnehage (enbradagpajobb.no) • Fokus på tilsette, belastningar og emosjonelle krav Fastlegetenesta i Kvam har vore involvert i arbeidet med tilretteleggingstiltak oversikt. Dei er positive til at tilsette, saman med leiar, har sett på moglege tiltak før legekonsultasjon. Arbeidsmiljønettverket og samarbeidet med KLP er ferdig i april 2024. Prosjektgruppa ser at det er behov for ei vidareføring av prosjektgruppa. Me ynskjer å arbeida vidare med: - Implementera verktøya og ha vidare fokus på arbeidsmiljø - Setja emosjonelle belastningar som tilsette står i på dagsorden og jobba for at me får gode system for kompetanseheving, handtering og oppfølging - Arbeida for gode arbeidskvardagar for barnehagetilsette - Formidla resultatet av prosjektet og dela verktøykassen med dei andre leiarane i kommunen
--	--	--	--	--	--	--

	Opplæring « <i>Roller i arbeidsmiljøarbeid</i> ».	Felles forståing for roller og ansvar.	NAV arbeidslivssenter	Ok	03.11.21
	Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakarar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV.				
	Opplæring « <i>Konfliktførebygging og konflikthandtering på arbeidsplassen</i> ».	Bransjetreff med NAV arbeidslivssenter (digitalt).	NAV arbeidslivssenter	Ok	24.11.21
	Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakarar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV.				
	HMS årsplan.	Plan over tiltak som skal gjennomførast i løpet av året.	Leiar for bhg.	Ok	Me arbeider med implementering. Er tema på medråderettsmøter. I tillegg er det laga årshjul leiar-tillitsvalte-verneombod (LTV) gruppene. Denne er knytt til HMS årshjulet vårt. Me ser at satsing på LTV gruppene er positivt og at det bidreg til meir fellesskapstenking, engasjement og leiarstøtte.
	Deltaking 10-faktor, Auka svarprosenten – mål 100%	Gjennomføring av 10 faktor i oktober/november.	Leiar for bhg. og styrar	Ok	

		Få oversikt over kven undersøkinga vert sendt ut til i sin barnehage. Avklara på førehand kven den næraste leiaren dei tilsette skal svara til. Motivera til deltaking. Legga til rette med tid og utstyr. Etterarbeid og oppfølging. Gjennomgang av malar, rutinar og verktøy for gjennomføring og oppfølging av 10 faktor. Systematisk arbeid med forbetningspunkt etter 10-faktor. Inn i årshjul.	Styrar hentar inn oversikt over kven som skal svara i sin barnehage. Styrar motiverer og legg til rette for deltaking. Leiar for bhg. motiverer styrarane. Arbeid med 10 faktor på styrarmøte 29.09.21 og 24.11.21. Kontinuerleg arbeid med valde faktorar. Vel to faktorar ein er nøgd med og to faktorar ein ynskjer å bli betre på. Kontinuerleg arbeid med valde faktorar.	Leiar for bhg., styrar og HR avd. Leiar for bhg. Styrar	Ok Ok Ok – skal jobbast vidare med til neste 10-faktor undersøking	Det vert arbeidd med oppfølging av valte faktorar og handlingsplan i styrargruppa og i den enkelte barnehage etter gjennomført 10-faktor undersøking i 2023. Styrargruppa har valt å oppretthalde god skår på faktor 1 - Indre motivasjon og ynskjer å bli betre på faktor 6 – Rolleklarheit.
		Fysisk arbeidsmiljø og slitasjeskader. Gjennomføra planlagde tiltak i HMS årsplan. Opplæring av bruk av hjelpemiddel på arbeidsplassen.	Kartleggja behovet. Involvere Bedriftshelse1, HVO og NAV arbeidslivssenter ved behov.	Styrar	Ok	Dette må jobbast med kontinuerleg. Nye tilsette må få opplæring i bruk av utstyr. Bedriftshelse 1 bidreg med opplæring på bestilling frå barnehagane. LTV gruppene har ansvar for å kartlegga behov for utstyr og vera pådrivar for at utstyr vert brukt.
3.	Bemannning	1)	Gå gjennom organisering av avdeling.	Ped.leiar Styrar	Jamlege tema	Barnehagane har fått auka grunnbemanning med 4,5 millionar.

Jamleg evaluera om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.	Tema/eigenvurdering på avdelingsmøte 2 gonger pr. halvår Tema/eigenvurdering på pedagogisk leiarmøte 2 gonger pr. halvår. Blir barnehagen drive i samsvar med krava i rammeplan/krav til innhald i barnehagen?	Sjå på fordeling av personale og sjå på bruk av bemanning mtp «heile huset». Gjennomføra risikoanalyse. Jamleg gjennomgang på møter gjennom året.		gjennom året.	Pengane er fordelt til barnehagane og brukt på grunnbemanning og administrasjonsmedarbeidar. Utan desse midlane hadde det vore vanskeleg å halde barnehagane opne. Konsekvensane hadde bl.a. vore at føresette hadde fått fleire spørsmål om moglegheit til å henta barn tidlegare, kortare opningstid og stengte avdelingar. Me ser at utfordringar med lågare bemanning og vanskar med å få nok personale sjeldan går utover føresette. Personale kjenner på ei større belastning i desse tilfella og kvaliteten på borna sitt tilbod vert redusert.
	2) 1g. pr halvår: Styrar gjer ei eigenvurdering av om barnehagen blir driven i samsvar med rammeplan og krav til innhald i barnehagen gjennom heile barnehagedagen.		Styrar		
	3) 1 gong i halvåret - tema på styrarmøte Kva kriterie må vera oppfylt for at barnehagen driv ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd i tråd med rammeplan og lovverk.		Leiar for barnehage		
	4) Vurdera tilsyn på dette området på bakgrunn av risikovurdering		Mynde		I 2023 har det vore jobba mykje med å rekruttera personale til barnehage. Vikarkoordinatorane og informasjonsrådgjevar har publisert utlyste stillingar i ulike kanalar. Det har bl.a. vore utlyst barnehagelærarstillingar på Finn.no og gjennom eit rekrutteringsfirma i Sverige. Me jobbar med å sjå på løysingar for å behalda personale vårt i samarbeid med forbunda. I tillegg vert det jobba med leiarstøtte til pedagogisk leiarar og styrarar.

						Dagleg vert det gjort risikovurderingar knytt til om det er nok personale på arbeid kvar dag. Det er utarbeida ein plan for kva styrarane skal gjera dersom det ikkje er tilstrekkeleg med personale i barnehagen. I 2023 har barnehagane hatt mykje arbeid med å få tak i nok personale. Det har vore få kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar. Barnehagane har tilstrekkeleg bemanning ut frå bemanningsnorm og pedagognorm. Ved auka grunnbemanning frå politikarane får alle barnehagane 5,6 barn pr vaksen frå 2023. Dette har ikkje vore realiteten då det sjeldan at alle tilsette er på arbeid og det er nok vikarar. Punkta er ikkje uttømmmande og må arbeidast med systematisk og heile tida.
4.	Sjukefråvær a) Etablera konkrete mål for sjukefråvær.	Mål sjukefråvær tilpassa barnehage. Felles mål for eining barnehage er 8%.	Tilsette få betre kjennskap til kva som ligg i omgrepet «arbeidsrelatert fråvær», Leiar, tillitsvalte og verneombod på arbeidsplassen arbeida	Leiar for bhg, styrar, tillitsvalt og verneombod	2023	Det har vore høgt fråvær blant personale dette året. Mål på 8% sjukefråvær er ikkje nådd. Sjukefråvær er tema som vert jobba med i «Bli i jobben» prosjektet i regi av KLP i perioden 2022-2024.

			saman for å sikre eit godt arbeidsmiljø og redusera sjukefråvær.			Det er etablert eit samarbeid med Nav arbeidslivssenter i dette arbeidet. Nav arbeidslivssenter har kartlagt sjukefråværet i alle barnehagane og i 2023 og 2024 skal alle barnehagane delta i Helselarbeid. Tema i Helselarbeid er: Dag 1; Arbeid og psykisk helse, Dag 2; Muskel-/skjelettplager og inkludering på arbeidsplassen. Livsfasar og overgangsalder Dag 3; Livsmeistring og arbeidsmiljø
	b) Sikra systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.	Samarbeid med HR. Meir systematisk HMS-arbeid, fast sak i styrarmøte og i barnehagane. Tilsette får vite at dei er viktige på arbeidsplassen. Kva kan arbeidsplassen og dei sjølve gjera for å redusera sjukefråværet?	Tilsette få kjennskap til kvifor det er viktig for heradet at dei kjenner til at det er arbeidsrelatert sjukefråvær. Erfaringsdeling knytt til arbeid med å redusera sjukefråvær på tvers av bhg.		2023	Heng saman med punkt ovanfor.
	c) Etablere planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.	Opplæring «Sjukefråvær» Arrangør: NAV arbeidslivssenter	Få felles kunnskap og styrka samarbeidet.	NAV arbeidslivssenter	Ok	19.01.22

		Deltakrar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV. Tiltak for å få ned sjukefråværet i bhg. Systematisk arbeid med førebyggjande arbeid og tiltak.		Leiar for bhg. og styrar		«Bli i jobben» prosjektet har laga felles verktøy til leiarane ved oppfølging av sjukefråvær.
	d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.	Følgje årshjul for HMS og evaluera arbeidet gjennom året.		Leiar for bhg. og styrar	2023	Arbeid med implementering av årshjulet. Er tema i partssamarbeidet.
5.	Kompetanse	Laga kompetansepakkar i KS for nyttilsette og vikarar. Tilsette gjennomføra kompetansepakkar i KS, Kvam herad.	Legge til rette for gjennomføring.	Leiar for bhg. og styrar	2022-2023 Utsett til 2024	Leiar for barnehage og styrarane har ikkje laga kompetansepakkar til nyttilsette og vikarar. Me er i gang med å gje systematisk opplæring av vikarar. Det er den oppretta administrasjonsmedarbeidaren som har ansvar for dette. Rettleiar for nyutdanna lærarar i barnehage og skule skal gje opplæring av nyutdanna dei fyrste 2 år. Tema på fellessamlingar dei skal ha er henta frå satsingsområde og tema barnehage og skule jobbar med i Kvam herad. Kvam herad har laga kompetansepakkar som tilsette skal

					gjennomføra i arbeidstida. Det har vore sett av tid til gjennomføring på personalmøte og planleggingsdagar. Dette må vidareførast til neste år.
					Barnehage har hatt fokus på felles kompetanseheving av alle tilsette i barnehagane i Kvam. Alle har fått opplæring i BTI og Sjø barnet innanfrå.
	Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet. Auka kompetanse til personale på arbeidsplassen. Dossir-kompetansestyring.	Til bruk ved tilsetjing. Ved fordeling av arbeidsoppgåver mtp pedagogisk arbeid og interessefelt.	Leiar for bhg. og styrar	31.07.22	Ikkje gjennomført.
			HR avdelinga	2023	Personale gjev beskjed til leiar dersom behov for kompetanseheving.
	Implementera BTI / COS. Kompetansepakkar KS.	Bruka tid til opplæring, implementering og refleksjonar innanfor ordinær arbeidstid.	Leiar for bhg.	2022-2024	Opplæring og bruk av Dossier er i gang.
	Vidareutdanning.	Tilby og motivera til vidareutdanning.	Leiar for bhg. og styrar	2023	Alle barnehagane i Kvam har fått opplæring i BTI. Me arbeider med å implementera dette slik at det blir brukt av alle. Pedagogisk leiarar skal bruka stafettlogg i samtalar med føresette ved oppfølging.
					Vert jobba med kontinuerleg. 3 stk. barnehagelærarar deltar på vidareutdanning 2023/24. 1 stk. deltok på styrarutdanning i 2023.
					Handalag tilbyr kurs retta mot teoretisk eksamen i (BUA 3103) og kurs i oppgåveskriving retta mot fagprøve i BUA-faget.

		Avklare forventingar til kva som ligg i omgrepet kompetanseheving.	Ta opp på personalmøte.	Styrar	31.12.22	Dette har vore tema med tilsette. Må takast opp att i samband med ny 10-faktor undersøking. Målet er å få ei felles forståing av kva det inneberer og hugse på all kompetanseheving me driv med gjennom året.
6.	Kvalifisert personell Sikrar at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.	Kvalifisert personell. Rutine på utlysing av stilling før bruk av dispensasjon. Bruk av felles vikarlistar i webcruiter.	Bruka webcruiter, Bruka tid på opplæring av vikarar. Velgje vikarar med kompetanse.	Styrarane	Ok	Webcruiter vert nytta ved tilsetjing av vikarar og anna personale. Systematisk opplæring av vikarar skal vera i gang i løpet av 2024.
		Tilstrekkeleg med arbeidskraft. Jamleg vurdering og kontroll.	Tema i medråderettsmøte med organisasjonane	Leiar for barnehage Oppvekstsjef	2024	Vert jobba med heile tida.
7.	Risikovurdering sjukefråvær Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.	Årshjul Rosanalyse Rutinar Setje inn vikar for pedagogisk personale ved fråvær utover 14 dagar.		Styrar	2024	Vert jobba med.
8.	Tilsyn Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette: a) Gjennomføra risikoanalyse b) Utarbeide plan for tilsyn c) Gjennomføra tilsyn	Laga plan for tilsyn		Mynde	31.12.21	Gjennomført
		Gjennomføra risikovurdering - barnehagane gjennomfører eigenvurdering (skjema+ReFlex)		Mynde	Ok	Alle har sendt inn eigenvurdering på kap. 8 i barnehagelova.

		Budsjettprosess 2022 - auka adm.ress. på barnehageområdet til mynde oppgåver		Rådmann/ Oppvekstsjef	Ok	60% stilling som barnehagefagleg rådgjevar er tilsett. To personar er tilsett i 30% stilling kvar til 2025.
		Laga årshjul for tilsyn - gjennomføra tilsyn		Mynde	Ok	Mynde gjennomførte tilsyn i alle dei kommunale barnehagane og den private barnehagen i 2022-23. Før årskifte vart det sendt ut ny eigenvurderingsskjema til barnehagane som er utgangspunkt for om det vert tilsyn i barnehagar eller ikkje i 2024. Dette hevar kvaliteten til barnehagane og sikrar at lov- og rammeverk vert følgt.
9.	Barnehageopptak Etablerer rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.	Skriftleggjera dagens rutinar. Ansvar og oppgåvefordeling. Oversikt over tilrettelegging og særskild kompetanse i dei ulike barnehagane. Arkivering i Compilo.	Rutine for hovudopptak og løpande opptak.	Leiar for bhg, styrar og rådgjevar oppvekst	Ok	Rutine er laga og lagt i compilo. Barnehagane tek inn barn dersom dei har ledig gjennom året.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/424-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	7/24	20.02.2024

Kurs i regi av Deloitte våren 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet i april 2024.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Kvam herad har avtale med Deloitte AS om å levere 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Kurstilbod 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad har avtale med Deloitte AS. I kontrakten som er inngått går dette frem av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 4.0 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i heradet.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjettamme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velga våren 2024. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Kvam herad ligg ved saka.

Hittil har Deloitte gjennomført desse kursa i Kvam herad:

- 2023 Roller, ansvar og oppgåver for kontrollarbeidet

I dette møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønsker å få gjennomført våren 2024.


Det kan vera ein ide at medlemmene i kontrollutvalet gjer eigne refleksjonar før møtet om erfaringar frå gjennomførte kurs fram til no. På bakgrunn av desse refleksjonane kan det tenkast at det vert avdekka behov for ytterlegare opplæring på enkelte område. I tilfelle går det an å utfordre Deloitte på å gjennomføre kurs innan det aktuelle området.

Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varigheit på 2 timar og at dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte. På bakgrunn av saksmengda i møta utover våren 2024 kan det vera føremålstenleg at dette kurset vert halde i samband med møte i april.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre våren 2024.

Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.



Kurstilbud frå Deloitte

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	– Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	– Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	– Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	– MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	– Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	– Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	– Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	– Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	– Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	– Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	- Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	- Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	- Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av løn	- Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsrekneskap	- Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
16	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	- Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	- Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	- Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
19	Prosjektstyring	- Suksessfaktorer - Fallgruver
20	Medlem i kontrollutvalet	- Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?
21	Klimarisiko og klimabudsjett	- Kva er viktig å tenke på når det gjeld klimarisiko? - Kva bør eit klimabudsjett innehalde?



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/428-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	8/24	20.02.2024

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Jan-Ove Fredheim og Borghild Storaas Ones
Formannskapet	Beate Gauden
Miljø, plan og bygningsutval	Trygve Vik

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til heradet [Møteplan 2024 - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no)

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 07.12.2023 og 01.02.2024
- Formannskapet 25.01.2024
- Miljø, plan og bygningsutval 24.01.2024

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/429-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	9/24	20.02.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å behandle sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå rådmann eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 29.11.2023 12:40:16
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT november 2023



Forum for
kontroll og tilsyn



Kommunal- og
distriktsdepartementet

Se seminaret: Hvordan kan kommunesektoren møte demografiutfordringene?

Torsdag 7. desember går årets åpne fagseminar i regi av Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) av stabelen.

Tema denne gangen vil være kommunesektorens demografiutfordringer de kommende årene. Seminaret er gratis og åpent for alle interesserte.

[Lenke til strømming](#)



Kommunal- og
distriktsdepartementet

Se seminaret: Lokaldemokratiet i Norden i en urolig verden

Seminaret ble holdt i Tromsø 9. november. Her kan du se interessante innlegg om tilstanden til det lokale demokratiet i Norge, Sverige, Danmark og Finland.

[Lenke til seminaret](#)




Kommunal- og
distriktsdepartementet

TBU har lagt fram høstrapporten for 2023

Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) sin rapport tar sikte på å gi informasjon om utviklingen i kommuneøkonomien de siste årene med særlig vekt på den økonomiske situasjonen i 2022 og 2023.

[Les rapporten](#)



Kurs om menneskerettigheter og kommuner

NIM – Norges institusjon for menneskerettigheter med menneskerettighetskurs for tilsette og folkevalgte i kommuner. Verdt å se for alle som jobber med kontrollarbeid.

[Lenke til kurset](#)



Digitalt situasjonsbilde i kommunene

Kommune-CSIRT skal støtte norske kommuner og fylkeskommuner med relevant informasjon om trusler, hendelser og sårbarheter i det digitale domenet. 31. oktober kom den tredje rapporten fra

[Les rapporten](#)

Hold deg faglig oppdatert med FKT



Bli med på del 2 av Kontrollutvalgslederskolen 5. 6. februar:

Tryggere kontrollutvalgsledere i møter

Tryggere kontrollutvalgsledere i møte med media

Les mer her:

Under "konferanser" finner du oversikt over alle FKTs
fagsamlinger våren 2024.



Copyright © 2023 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)





20. desember 2023

Kjære medlemmer

Nå er tiden her for å reflektere over året som har gått og det som skal komme. Mange av dere er nye i kontrollutvalget og har forhåpentligvis ambisjoner om å gjøre en god jobb der. Forum for kontroll og tilsyn har som nyttårsforsett å bistå dere godt med det.

I høst gjennomførte vi Kontrollutvalgslederskolen del 1 på Teams. Interessen var stor med over 200 påmeldte. Nå er vi godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter:

FAGLIGE SAMLINGER FØRSTE HALVÅR 2024

[Kontrollutvalgsdagane, 23. – 24. januar](#)

Sted: Hotel Alexandra, Loen

Sammen med sekretariatene arrangerer Forum for kontroll og tilsyn og kommunerevisorforbundets lokalforening i Vestland en 2-dagers samling for kontrollutvalgene i Sogn og Fjordane og Søre Sunnmøre. 130 er påmeldt.

[Kontrollutvalgslederskolen del 2, 5. – 6. februar](#)

Sted: Clarion Oslo Airport, Gardermoen

Kontrollutvalgslederskolen har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen. Skolen gir rom for faglige diskusjoner utover det som kan tilbys i ordinære konferanser. Her er også god anledning for leder til å bygge nettverk med andre ledere rundt om i landet. Til glede for oss er det stor interesse og samlingen er fullbooket. Det er mulig å stå på venteliste for de som er interessert.

[Sekretariatskonferansen, 19. - 20. mars](#)

Sted: Quality Airport Hotel, Gardermoen

Vi håper å treffe mange av kontrollutvalgssekretærene på Gardermoen i mars (ikke Lillestrøm der vi vanligvis har brukt å være).

Her kan dere blant annet lære mer om kontrollutvalget sin rolle med å forebygge og avdekke misligheter og hvordan vi kan følge opp en risiko- og vesentlighetsanalyse med andre kontrollhandlinger enn forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Andre tema er gode og forsvarlige saksutredninger – kan kunstig intelligens (KI) hjelpe oss? Det vi skriver skal være leservennlig, konkret, forståelig og oppdatert. For å få til det er KI et verktøy – som kanskje utfordrer både faglig forsvarlighet og sikkerhet?

Vi legger opp til gode diskusjoner både i plenum og i grupper. Vi lover et nyttig, konkret, strukturert og interessant opplegg for gruppearbeidet.

Vi sender ut en invitasjon på nyåret, men det er åpent for påmelding allerede nå.

Fagkonferanse og årsmøte, 4. – 5. juni

Sted: Quality Airport Hotel, Gardermoen

Fagkonferansen 2024 tar høyde for at nyvalgte kontrollutvalgsmedlemmer har behov for kunnskap om kontrollutvalgets rolle og samspillet med andre aktører i den kommunale egenkontrollen. Selv om dere har fått opplæring lokalt, har dere sannsynligvis behov for mer faglig påfyll.

Sikkert ikke uventet er tillitt og habilitet et av hovedtemaene for vårens fagkonferanse.

Dere som er nye i kontrollutvalget vil sannsynligvis etter hvert erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Vi sender ut en invitasjon på nyåret, men det er åpent for påmelding allerede nå.

I forbindelse med fagkonferansen, har vi også [årsmøte 4. juni](#). Her kommer vi tilbake mer informasjon.

PROSJEKTER

Forum for kontroll og tilsyn og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene samarbeider om et prosjekt om utvikling av veiledere for sekretariatene. Daglig leder Arnar Helgheim, SEKOM-sekretariat og generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen utgjør i styringsgruppen sammen med NKRFs kontrollutvalgskomite.

Like over nyttår skal styringsgruppen behandle høringssvar på anbefalinger om risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eierskapskontroll. Du kan lese mer om dette [her](#).

5. oktober ble styringsgruppen enige om at de to neste temaene for veiledning skal være hvordan sekretariatet og kontrollutvalget kan planlegge og følge opp orienteringer fra kommunedirektøren og besøk hos avdelinger, tjenestesteder og selskaper.

NYE MEDLEMMER

Etter valget i høst startet vi en rekrutteringskampanje som allerede har gitt gode resultater. I løpet av høsten har vi fått ti nye medlemmer. VELKOMMEN til alle dere som er nye!

Vi håper denne trenden fortsetter i 2024.

STYRET

Dere finner styreprotokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Send e-post til fkt@fkt.no hvis dere ønsker å få tilsendt brukernavn og passord.

Styrets møtekalender for våren 2024: 5. februar, 18. mars, 24. april og 3. juni.

NYHETSBREV OG MEDLEMSINFORMASJON

Personvernreglene krever samtykke for at vi kan sende ut nyhetsbrev. De som er interessert i nyhetsbrevet «Nytt fra FKT» kan melde seg på her:

[Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#) Alle interesserte - også de utenfor organisasjonen - kan abonnere på nyhetsbrevet.

Informasjon som er forbeholdt medlemmer (medlemsbrev) blir sendt ut når vi mener vi har informasjon som bør nå medlemmene. Flere av dere har mottatt dette julebrevet direkte til personlig e-post. Hvis dere ikke ønsker å motta medlemsinformasjon direkte, kan dere gi beskjed til sekretariatet eller til FKT. Da skal vi slette adressen fra medlemslisten.

Følg oss gjerne på [facebook](#) og på [twitter](#)

Med ønske om en riktig god jul!

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Årsmelding 2022-23

Mobbbeombodet i Vestland

Innhald

Forord	3
Samandrag.....	4
Mobbeombodet i Vestland.....	6
Kven er vi og kva gjer vi?.....	6
Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform.....	7
Mobbeombodet sitt arbeid 2022 - 2023.....	8
Kven har fortalt til oss og kva gjer vi med det vi får vite?	8
Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe	10
Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø	10
Politisk handsaming av årsmeldinga	11
Engasjementskart.....	12
Kva skal til for å lukkast med handtering?.....	13
Eskil – ein case om handtering av skulemiljøsak	13
Krevjande kommunikasjon	14
Samarbeid.....	15
Sakshandsaming og tillit	15
Tiltak	16
Kva med barnehage?	18
Å lukkast med både førebygging og handtering	19
Vegen vidare	21
Kjeldeliste	22

Forord

Årsmeldinga til mobbeombodet i Vestland er skriven med utgangspunkt i dei førespurnadane vi har fått og arbeid vi har gjort i løpet av barnehage- og skuleåret 2022–2023. Erfaringar og observasjonar frå enkeltsaker og systemarbeid er inkludert. Samtaler med barn, unge, foreldre og tilsette er viktige informasjonskjelder. Årsmeldinga vår er ikkje ein tilstandsrapport om alt som går føre seg i barnehagar og skular i Vestland. Meldinga rommar nyansar og perspektiv som supplerer det eksisterande datagrunnlaget som kommunane og andre barnehage- og skuleeigarar har. Erfaringane våre er først og fremst viktige for å tydeleggjere svakheiter og forbedringspotensial i det vidare arbeidet. Mobbeombodet rapporterer til fylkestinget i Vestland.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss, og dei vi har samarbeidd med. Vi håpar vi har vore til hjelp i sakene de har tatt kontakt om, og vi tek med oss alle tilbakemeldingar vidare. Vi er også takksame for samarbeidspartnarar som utfordrar oss på arbeidet vårt. Det bidreg til at vi utviklar både rolla vår og tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les ho, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Aina Drage og Hildegunn Hodneland, mobbeombod i Vestland



Foto: <https://pixabay.com/no/>

Samandrag

Gjennom året har vi fått 223 førespurnader. Dei fleste kjem frå føresette til barn i grunnskulen, men også føresette til barnehageborn og tilsette i skule- og barnehage tek kontakt. Vi opplever òg at andre vaksne rundt barnet, som t.d. idrettsleiarar og besteforeldre ynskjer råd og hjelp frå mobbeombodet når dei er uroa for eit barn dei kjenner.

Komplekse saker

Vi høyrer oftast om barn som ikkje har det trygt og godt på skule eller i barnehage når nokon tek kontakt. Vi får innsyn i opplevingar av å ikkje høyre til, og ikkje vere ein del av laget. Vi ser òg korleis det eine påverkar det andre, og at problema ofte er komplekse. I mange av sakene mobbeombodet blir gjort kjende med, vil ikkje eit barn eller ein elev få det betre før heile gruppa og fellesskapet får det betre saman. Det handlar om komplekse sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar. Det handlar om systemsvikt – og det handlar om å prøve å løyse dette med for enkle middel.

Gode intensjonar utan god nok kunnskap er ikkje nok. Vi ser at fleire av sakene vi blir bedne om råd i har vart lenge og har blitt for komplekse og vanskelege å løyse for skule/barnehage. Dette kan handle både om at det tek tid før skule/barnehage opplever at aktivitetssplikta er utløyst, og at situasjonen dermed kan ha blitt verre for barnet det handlar om. Dersom skule/barnehage ikkje lyttar til dei som melder frå, manglar kunnskap om trygge miljø, eller ikkje tek styringa i prosessen med aktivitetsplanen for barnet, blir tilliten frå barn og foreldre tynnsliken. Alt dette er faktorar som gjer det vanskelegare å hjelpe barnet.

Informer!

Fleire som tek kontakt med oss fortel at dei ikkje har fått informasjon om rettar i samband med trygt skule- og barnehagemiljø. Difor oppmodar vi skular og barnehagar til å informere slik at informasjonen vert tilgjengeleg for alle aktuelle. Det kan bety å informere på andre måtar, fleire gonger, på fleire språk og fleire stader slik at ingen er i tvil om kva rettar dei har, og kven dei kan kontakte for å få hjelp.

Ingen må bli gløymde


Fleire barn som ikkje har det trygt og godt på skulen utviklar også ufrivillig skulefråvær. Ei følge av dette er at svært mange av dei heller ikkje får oppfylt retten til opplæring. Her ser vi ein tendens til at elevar som ikkje er på skulen lett kan bli gløymde av skulen, og at tiltak for å trygge blir sett på vent til eleven er tilbake. Vi er òg kjende med saker der elevar som i periodar blir skjerma frå medelevar, ikkje får undervisninga dei skal ha. Å bli gløymt fagleg – og miste relasjonen til lærar – blir då ei ekstra belastning for ein elev som har det vanskeleg sosialt. I tillegg til å miste retten til trygt skulemiljø, mister eleven også retten til undervisning og til å høyre til i ei gruppe.

Når vi samtidig veit at mange kommunar har dårleg økonomi og må kutte i budsjetta til barn og unge, vert vi uroa. Dette er alvorleg. Som mobbeombodet møter vi ofte dei kortsiktige

følgjene, men vi veit at det også får følgjer på lang sikt når barn og unge ikkje får oppfylt rettane til eit trygt miljø og opplæring.

Kunnskap og kapasitet

Mobbeombodet opplever også ein «strekk i laget» blant skuleleiingar når det handlar om kompetanse om sosialt samspel og mobbing. Nokre stader er det vanskeleg å få tak i kvalifisert personale, både på leiarnivå og som lærar/barnehagelærar. Det går ut over både forståinga av forebyggjande arbeid og handtering når saker oppstår. På skular og i barnehagar som har mange og krevjande miljøraker, kan det også ofte bli stort gjennomtrekk av personale, noko som igjen svekker kontinuiteten i arbeidet. I tillegg til kompetanse, handlar det også om å ha nok «folk på dekk». Vi ser til dømes ein auke i barnehagestyrarar som fortel at det no også er vanskeleg å få tak i ufaglært personale. I den politiske debatten om mobbing og trygt skulemiljø, registrerer vi at det ofte vert løfta fram at fleire miljøarbeidarar kan vere eit godt tiltak. Det støttar sjølv sagt mobbeombodet også, men vi vil understreke at ein enkeltperson aldri kan erstatte god kunnskap om klasseleiing, mobbing, førebygging, undersøking, avdekking og tiltak i alle ledd på skulen, frå skuleeigar til lærar. I tillegg til kunnskap, er det viktig at det også er kapasitet i skule og barnehage til å møte elev og føresette på ein god måte og til å arbeide grundig med sakene.



Enkeltpersonar i skulen kan ikkje ha eineansvar for å skape trygge miljø. Kompetanse om mobbing, både førebygging og handtering, må finnast i alle ledd i skulesystemet. Frå miljøarbeidarar til skuleeigar. Vi snakker ikkje om «mitt» og «ditt barn», men om «våre barn».

- Mobbeombodet i Vestland

Den viktige vaksenrolla

Vi ser og vi veit også at det blir gjort uendeleg mykje godt arbeid kvar einaste dag på alle skular og i alle barnehagar. Vi ser tilsette som strekk seg langt og har vilje, evne og varme til å sjå kvart einaste barn. Arbeidet med å sikre barn trygge og gode miljø har fleire nivå som vi må evne å sjå: frå individ- og mikronivå, til system-, samfunns- og makronivå. Som vaksne har vi ulike roller, noko det er viktig at vi er medvitne om, sidan rolla vi trer inn i gir ulik posisjon til å påverke. Som forelder, tilsett, barnehage- og skuleeigar, tilsynsmynde og politiskar har vi særlege ansvar, eigne plikter og ulike handlingsrom. Det er opp til den enkelte å vurdere korleis ein best nyttar handlingsrommet.

Mobbeombodet held fram arbeid for at barn og elevar skal få tatt i vare rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. I tillegg til å hjelpe den einskilde som tek kontakt med oss, vil vi òg vere pådrivar for at systema rundt barn og unge blir gode. Vi vil jobbe for at inkludering stadig er ein faktor og eit kjenneteikn, på gode miljø/samfunn. Sist i årsmeldinga kan du lese korleis mobbeombodet i Vestland meir konkret ser på vegen vidare.

Mobbeombodet i Vestland

Kven er vi og kva gjer vi?

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira føresette. Vi skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd i saker som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.



Aina Drage og Hildegunn Hodneland er mobbeombod i Vestland.

I Vestland er vi to mobbeombod; Aina Drage og Hildegunn Hodneland, begge tilsette i 100 % stillingar. Frå august 2022 til januar 2023 var det berre tilsett eitt mobbeombod. Hildegunn Hodneland starta i jobben 4.januar 2023.

Barnekonvensjonen sin art. 3 om vurdering av barnets beste ligg til grunn for alle vurderingane våre.

Mobbeombodet har god kjennskap til lovar og regelverk knytt til barn og unge sine rettar. Vi har lang og relevant utdanning og praksis knytt til felta vi arbeider med. Som ombod er vi uavhengige av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte i fylkesdirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Vi har kontorstad ved fylkeshusa i Bergen og Førde.

Fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.2020 mandatet som mobbeombodet arbeider ut frå. Først og fremst gir vi støtte, råd og rettleiing til foreldre til enkelte barn. Vi samarbeider også med foreldregrupper og tilsette i barnehage og skule, og vi bidreg med faglege innspel til barnehage- og skuleleiing og til lokalpolitikarar i kommunestyre. Vi arbeider med både førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing.

Her kan du kontakte oss:

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform

Mobbeombodet har ei relasjonell og systemisk tilnærming til mobbing. Det vil seie at vi ser på mobbehandlingar som meir enn berre uønskt åtferd i seg sjølv. Vi arbeider ut frå definisjonar knytt opp til at mobbing handlar om sosiale prosessar på avvege. Der eitt barn ikkje har det bra, er det ofte fleire i same klasse/gruppe som også kjenner på utanforskap eller mobbing. Mobbing skjer i kontekst, og kan til dømes handle om kultur og relasjonar.

Årsakene til åtferd kan også vere samansette, og vi meiner ein må sjå åtferda i samanheng med omgjevnadane til barnet. Samtidig er vi også opptekne av at mobbeåtferd må stoppast. Å involvere dei vaksne rundt barnet er viktig, og vi samarbeider difor også med tilsette i skule og barnehage, der vi mellom anna kan vere med å diskutere og analysere utfordringar med enkeltelevar og i barne-/elevgruppa.

Ein kjent og viktig indikator på skulemiljø er den årlege Elevundersøkinga, som òg er ein del av kunnskapsgrunnlaget i arbeidet for trygge og gode skulemiljø. Undersøkinga kartlegg sentrale sider ved elevane sine læringsmiljø, også mobbing. Når undersøkinga konkret spør om eleven har opplevd mobbing, vert det utdjupe: *Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan for stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte og halde fast.*

Denne definisjonen på mobbing er i tråd med Dan Olweus sin definisjon¹ frå 1992, som også er internasjonalt anerkjent. Vi veit på same tid at nyare definisjonar på mobbing veks fram. Ingrid Lund² har saman med fleire kollegaer utvikla følgjande definisjon: «*Mobbing av barn og unge er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å vere ein betydingsfull person i fellesskapet og moglegheita til medverknad.*»

Definisjonen på mobbing kan hjelpe oss til å forstå kva som skjer mellom barn, og til å komme i posisjon til å hjelpe. Uavhengig av definisjon er det samstundes slik at aktivitetsplikta i opplæringslova tek utgangspunkt i **eleven si oppleving** av eige skulemiljø og om eleven har det trygt og godt, uavhengig om mobbing er ein faktor.

Mobbeombodet arbeider heile tida med å oppdatere oss fagleg og har jamleg møte med elev- og læringombodet i Vestland. Vi diskuterer aktuelle problemstillingar og reflekterer rundt omgrep og praksis. Vi deltek også på både regionale og nasjonale kompetansehevingar saman med andre mobbeombod i Noreg.



Foto: Vestland fylkeskommune.

¹ Den tradisjonelle definisjonen av mobbing er utvikla av forskaren Dan Olweus, som definerer mobbing slik: "Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentatte gonger og over ei viss tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar."


² Helgeland A. & Lund I. (2020) Mobbing i barnehage og skole-nye perspektiver

Mobbeombodet sitt arbeid 2022 – 2023

Kven har fortalt til oss og kva gjer vi med det vi får vite?

Mobbeombodet har mottatt 223 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Generelt ser vi at talet på førespurnader til oss aukar jamt. Gjennom dei tre siste barnehage- og skuleåra har talet på førespurnader auka frå 201 til no 223.


Dei fleste som har tatt kontakt er foreldre med barn som opplever utrygt barnehage- eller skulemiljø. Tilsette i barnehage og skule har òg tatt kontakt, ofte for å få rettleiing eller råd i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt/alder, og kven som har tatt kontakt med oss.



Dei fleste, og totalt 192 førespurnader, har kome frå skulefeltet.

Det er færrest førespurnader som gjeld barnehage, totalt 13.

Vi har motteke 18 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule.



Tilsette som har kontakta oss har vore leiarar i skule og barnehage, og lærarar og assistentar i klasse og avdeling.

Med «støttesystem» meiner vi mellom anna PPT, skulehelseteneste, BUP og fritidsleiarar.

«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, sambygdingar, slekt og venner av familie.



Vi mottek flest førespurnadar som gjeld mellomtrinn, deretter ungdomstrinn.

For barnehagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna.

Ikkje alle fortel kva for trinn meldinga gjeld.


Fordeling mellom kjønn er tilnærma lik, men også her er det ikkje alle som informerer om kjønn.

Etter mandatet vårt skal vi bidra til at barn og unge får teke i vare rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. I praksis handlar det i stor grad om å gi råd og rettleiing ut frå lovverk og faglege perspektiv, og i tillegg yte emosjonell og sosial støtte.

Når vi vert kontakta av elevar og foreldre, prøver vi difor

- 1) å lytte og møte den som tek kontakt med oss slik at den kjenner seg forstått og teke på alvor,
- 2) gjennom fagleg og emosjonell støtte å ruste elev/foreldre til å handtere sin eigen situasjon, vite kva ein kan gjere og kva ein skal kunne forvente av barnehage, skule og eigar, og
- 3) gi sosial støtte når elev/foreldre har behov for det i møte med barnehage/skule.

Når vi er urolege for ein situasjon/prosess som ikkje fører fram eller for kvaliteten på oppfølginga, seier vi i frå til ansvarlege, som regel styrar, rektor eller barnehage- og skuleeigar. Ofte skjer dette parallelt med at foreldre sjølve seier i frå. For at barn og elevar skal ha det trygt og godt, er det avgjerande at barnehage og skule har god kapasitet til å hjelpe når det først har gått gale, når førebygging likevel ikkje er nok. Mange gonger ønskjer også tilsette råd, nokon å tenke høgt med, for å prøve få auge på det ein sjølv ikkje ser.



Av dei som tek kontakt med oss fortel dei fleste at situasjonen har vart 1 – 3 år. Det høyrer òg med at dei aller fleste av desse allereie har gitt beskjed eller vore i kontakt med barnehagen eller skulen.

Vi merkar oss at om lag 20 % av dei som tek kontakt har opplevd utrygt barnehage-/skulemiljø i meir enn 3 år.

Om lag 22 % har ikkje fortalt noko om varigheit.

Når eit barn ikkje har det trygt og godt, kan barn og føresette bli redde. Frykt for å ikkje høyre til gjer fysisk vondt. Smerter i kroppen kan oppstå og andre symptom som endra matlyst og søvnvanskar kan også vise seg. Over tid høyrer vi om barn som utagerer eller som resignerer. Nokre utviklar angst/depresjon. Vi høyrer òg om barn som uttrykker at dei ikkje vil leve lenger.

Om ein vanskeleg situasjon ikkje vert betre, kjenner vi til at dei fleste barn etter kvart vegrar seg for å vere i barnehagen eller på skulen. Mange mobiliserer og går dit likevel, men etter kvart kan det bli for vanskeleg. Ufrivillig skulefråvær blir dermed ei ny utfordring, og mange av desse mister både retten til å høyre til i ei gruppe og retten til opplæring.

Dessverre er det også slik at barn i norske skular også kan utvikle posttraumatisk stressliding av å stå i utrygge skulemiljø.

Vi meiner det er svært viktig å vere god i å handtere når førebygging ikkje er nok. Som kjent blir ein god på det ein øver på, og når det kjem til handtering av utrygge barnehage- og skulemiljø (vere seg mobbing eller ikkje) – må ein vere god både kollektivt og individuelt.

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe

Tidlegare evalueringar av mobbeombodstenesta har vist at ordninga har effekt, men har vore lite kjent.³ Også dette året har vi jobba for å vere synlege og gjere tenesta betre kjent.

Årleg sender vi ut informasjonsplakatar til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular og barnehagar i Vestland informerer om tenesta på sine nettsider. Vestland fylkeskommune sine tannklinikkar informerer òg om tenesta.

Vi erfarer òg at mange elevar og foreldre ikkje har visst om tenesta vår før saka deira har vart ei stund, og dei etter kvart har fått eit tips om å ta kontakt med oss. Det er viktig at barnehagar, skular og kommunar sikrar seg at informasjonen når ut til barn, elevar og foreldre. Også Mobbeombodet arbeider for å informere på fleire måtar:

- Gjennom eigen profil på Facebook⁴ rettar vi oss mot foreldre og deler aktuell informasjon.
- I fysiske og digitale besøk i klasserom og på foreldremøte presenterer vi oss sjølve og mobbeombodstenesta.
- Med jamne mellom skriv vi debattinnlegg og stiller opp til intervju i aktuelle saker i media. Føregåande skuleår har vi bidratt til totalt 9 slike innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, lokalradio og TV.

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø

Mobbeombodet har gjennom skuleåret delteke med 47 innlegg og føredrag i ulike fora.



Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde føredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barn sine miljø.

Å treffe elevar og foreldre har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjent.

Foreldremøte i skule og barnehage og klassemøte med elevar har vore viktige treffpunkt for oss. Her har vi snakka både generelt og konkret om tema *trygge fellesskap*, *å høyre til*, *sosiale prosessar* og *korleis foreldre kan vere med å bygge gode og trygge miljø*.

³ Seland, I., I.M. Eriksen, M. Løvgren og M.A. Sletten (2020): Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole. Oslo: NOVA, OsloMet.

⁴ <https://www.facebook.com/mobbeombod>

Vi har òg gjennomført temaøkter og føredrag med tilsette på ulike nivå i barnehage, skule og SFO. Tilbakemeldingar fortel at det er nyttig å sette av tid til å snakke om leik- og læringsmiljø, utryggheit, mobbing, sårbarheit og om kulturen vi skaper. Like viktig har det vore å dvele ved kva som konkret ligg i ansvaret til barnehagen og skulen, og korleis fullt ut oppfylle alle delane av aktivitetsplikta.

Nokre kommunar har invitert mobbeombodet til politiske møte der vi har fått legge fram årsmeldinga vår og fått høve til å snakke om mobbing og utrygge miljø som samfunnsproblem og samfunnsansvar. I desse møta har vi lagt vekt på kva barns opplevingar handlar om, og vi har delt våre tankar om kva som hemmar og fremmar løysing i saker.

Politisk handsaming av årsmeldinga

Årsmeldinga til mobbeombodet gjeld barn i barnehage og elevar i grunnskulen og er aktuell og viktig lesnad for kommunen, politikarar, administrasjon og tilsette i oppvekst. Fylkestinget oppmoda i vedtak 28.09.2022 kommunane om å handsame årsmeldinga vår. På vegne av barn og unge er vi takksame for dei 12 kommunane i Vestland som hausten 2022 følgde oppmodinga og handsama den.

Ved gjennomgang kan vi sjå at årsmeldinga stort sett har vorte handsama som referatsak, altså orientering om vedtak treft av Fylkestinget. *Ein* kommune har handsama årsmeldinga politisk, og denne har vedteke at årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland skal inngå som eit av fleire kunnskapsgrunnlag som kommunen har i arbeidet mot mobbing i barnehage og skule.


Årsmeldinga er handsama i ulike organ; utval for oppvekst, kommunestyre, kontrollutval, formannskap, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og i ungdomsråd. Seks kommunar har handsama den i fleire enn eitt organ, og sju kommunar har hatt den på saklista i kommunestyret.



foto: <https://www.pexels.com/>

Engasjementskart

For mobbeomboda er det viktig å vere synlege både for dei vi skal hjelpe og på arenaer der vi kan påverke barn sine leik- og læringsmiljø på konstruktive måtar. Oversikta under syner kva for kommunar vi på ulike måtar har hatt kontakt med dette året. Her kjem òg fram kva for 12 kommunar som har handsama årsmeldinga vår politisk.



Kva skal til for å lukkast med handtering?

Mobbeombodet blir ofte kontakta fordi barn ikkje har det bra i skule eller barnehage. I tillegg har noko svikta i handteringa av saka, og vi får tilgang til informasjon om kva som har gått gale. Skuleåret 2022-2023 ser vi i stor grad dei same problemstillingane i handteringa som tidlegare. Vi meiner det er viktig å trekke desse fram og vise korleis dei påverkar ei sak.

Problemstillingane som oftast går igjen er:

- bagatellisering
- skulen/barnehagen tek ikkje (synleg) tak i saka
- manglande kommunikasjon og samarbeid
- krenkande kommunikasjon/sakshandsaming
- tiltak blir ikkje sett i verk, vert ikkje opplevd som treffsikre eller gjer vondt verre
- enkeltbarn blir gjort ansvarlege

Når ein familie opplever alt dette i ei og same sak, kjennest det ofte svært krevjande. Når handtering feilar tidleg i prosessen, pregar det ofte saka vidare. Det krev tid og energi å rette og bygge opp att tillit. For å prøve å vise problemstillingane som går att, og kva som påverkar prosessen, har vi laga ein fiktiv case som vi no presenterer.

Eskil- ein case om handtering av skulemiljøsak

«Eskil» er 11 år og går i 5. klasse. Han har hatt det vanskeleg på skulen i over eitt år. Han har fortalt til kontaktlæraren sin at han ofte kvir seg til å gå på skulen fordi det er mykje uro i klassen, og fordi han ofte blir sitjande aleine i friminutt. Han opplever også kommentarar og blikk frå andre som gjer han meir utrygg, men han vil ikkje at kontaktlærar skal gjere noko. Han er redd for konsekvensar frå medelevar om han fortel lærar kven som seier stygge ting til han. Foreldra til Eskil har tatt sonen sin skulesituasjon opp på utviklingssamtalar. Dei har også sendt e-post til kontaktlærar fordi dei er urolege for einsemda til Eskil og for at han ikkje er trygg på klassekameratane sine. Kontaktlærar seier klassen kan vere litt uroleg av og til, men at ho ofte ser Eskil smile og i samtale med medelevar i timane. Ho seier at det er lett å bli usikker på kva andre meiner med det dei seier når ein ikkje kjenner dei så godt. Ho har ikkje sjølv sett blikka eller oppfatta kommentarane Eskil fortel om.

Kontaktlærar oppfordrar han til å spørje medelevar om å få vere med dei i friminutt, og seier at ho vil lage eit nytt klassekart for at Eskil skal få høve til å bli kjent med fleire elevar i klassen. Ho meiner ho har god oversikt over situasjonen i klassen, og at dette ikkje er noko ein treng å melde vidare til rektor.

Vi oppfattar ikkje Eskil som spesielt utrygg, og sidan vi set inn ekstra ressursar for heile gruppa, ser vi ikkje behovet for ein eigen aktivitetsplan for Eskil no.

-avdelingsleiar

Vi ser at:

- Barn og foreldre har meldt frå ved fleire høve, ofte over år, utan å oppleve varig endring.
- Barn kan også vere redde for represalier frå medelevar dersom dei seier frå til vaksne.
- Tilsette får ikkje med seg og klarer ikkje å sjå det barna fortel om.
- Skule/barnehage og barn/foreldre har ulik forståing av det som går føre seg.
- I mange av sakene har ikkje barnet fått ein god og klar aktivitetsplan
- Ein del tilsette uttrykker at det må handle om mobbing for at aktivitetsplikta skal gjelde.⁵ Usikkerheit om lovverk fører til gjentekne lovbrøt.

Krevjande kommunikasjon

Foreldra til Eskil meiner dei får lite informasjon frå skulen, og Eskil seier framleis at han kvir seg til å gå på skulen. Fråværet aukar også, då han ofte blir kvalm og får vondt i magen når han skal på skulen. Over nyttår i 5. klasse sender foreldra ei melding til rektor kor dei viser til kapittel 9A i opplæringslova.

Dei blir kalla inn til møte på skulen nokre dagar etter. I e-posten er det ingen informasjon om kor på skulen møtet skal vere, kva som er agenda for møtet, kor lang tid som er sett av og om kven som skal delta. Foreldra kvir seg allereie. Det å ikkje vere kjent med møteagenda eller deltakarar, er eit ekstra stressmoment i ein allereie krevjande situasjon.

Avdelingsleiar og kontaktlærar deltek på møtet. Eskil er ikkje invitert. Foreldra fortel ein gong til om dei viktigaste hendingane og historikken sidan 4. klasse. Avdelingsleiar seier at han har følgd med Eskil sjølv den siste veka, og sjølv om han ikkje er av dei mest utåtvente i klassen, kan han ikkje sjå at han er spesielt uttrygg. Eskil er også ein del borte frå skulen, så det er vanskeleg å få observert han så ofte som dei skulle ønske, seier avdelingsleiar. Skulen arbeider fortløpande med uroa som er i klassen, og har miljøarbeidar til stades fleire timar i veka. Kontaktlærar seier at dei planlegg å starte aktivitetsgrupper i friminutta etter vinterferien og at dei arbeider med sosial kompetanse heile tida.

Etter møtet ventar foreldra på referat, men dei får ikkje noko tilsendt. Dei er usikre på kva skulen og dei sjølve skal gjere vidare.

Vi høyrer at:

- Barnet si stemme ofte manglar i møte og i saker som gjeld dei sjølve.
- Foreldre må etterspørje informasjon og etterlyse framdrift. I nokre sakar er det foreldra sjølve som sørger for framdrift. Dei kjenner seg som ei byrde for skulen/barnehagen.

⁵ § 9 A-4: Kva skal skulen gjere? <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/6.-hva-skal-skolen-gjore-aktivitetsplikten/>

- Foreldre får lite informasjon om korleis skulen/barnehagen har gjort undersøkingar. Då er det vanskeleg å vere trygg på at det er undersøkt godt nok.
- Skular vegrar seg for å setje i verk tiltak for elevar med stort fråvær, og vil vente til eleven er meir på skulen før dei gjer noko.
- Uryddig forvaltningsskikk går igjen; Å ikkje få skriftleg innkalling med tilstrekkeleg informasjon i forkant av møte, manglande referat frå møte, at ein ikkje får høve til å godkjenne referat, osb.

Samarbeid

Foreldra opplever at skulen ikkje tek problema til Eskil på alvor. Samstundes er dei ikkje til stades på skulen og kan sjå korleis Eskil har det saman med medelevane sine. Foreldra likar kontaktlærar, og opplever at samarbeidet med henne fram til no har vore godt. Dei vil ikkje kritisere jobben ho gjer, og Eskil likar henne også. Kanskje blir situasjonen til Eskil verre om dei tek kontakt med skulen fleire gongar, eller klagar på oppfølginga dei har fått til no?

Dei prøver å støtte og oppmuntre Eskil, og få han til å legge meir vekt på positive opplevingar på skulen enn på det som er negativt. Samstundes er dei redde for å bagatellisere forteljingane til Eskil om det som ikkje er bra på skulen. Eskil blir også meir og meir klar på at han ikkje ser nokon vits i å snakke meir med vaksne på skulen om det han opplever. Dei vaksne held fram med å seie at han må prøve å vere meir på skulen enn han er, og at han må vere meir frampå og sjølv ta kontakt med andre når han kjem på skulen.

*Eg kvir meg
til å kontakte skulen att, eg
er så lei av å vere «ho
masete mora...».*

-mor

Vi ser at:

- Foreldre er avhengige av eit godt samarbeid med skulen, og at dei fleste redde for å bli sett på som «masete» eller forelderen som «aldri blir nøgd».
- Foreldre er i ein sårbar situasjon, saman med barnet sitt. Nokre blir sjukmelde av å følgje opp barnet sitt/kommunisere med skulen i langvarige skulemiljøsaker.
- Foreldre kjenner seg pressa til å sjølv ta ansvar og styring når dei opplever at skulen/barnehagen ikkje gjer det. Det er ikkje alltid til barnas beste.
- Barn som opplever at dei ikkje blir lytta til eller at det ikkje har nokon effekt å fortelje (sjølv om den vaksne er empatisk og lyttande) vil ofte slutte å fortelje.

Sakshandsaming og tillit

Det går mot vår i 5. klasse, og Eskil mobiliserer kvar dag for å klare å møte opp på skulen. Fleire gongar i veka klarer han det ikkje, og han opplever ofte negative kommentarar frå andre elevar dei dagane han er på skulen. Han heldt seg mykje på rommet når han er heime, og det blir vanskeleg å få han med på fritidsaktivitetar som han før har likt. Foreldra er uroa for helse til Eskil, og dei opplever at han ofte er nedstemt og lei seg. Mor sender e-post til

kontaktlærer kvar gong Eskil er borte, og får innimellom svar på e-postane. Ho blir usikker når ho ikkje får svar på e-postar, og når ho får svar, kvir ho seg nokre gonger til å opne dei.

På skulen får Eskil innimellom tilbod om å vere på grupperom når han synest det er vanskeleg å vere inne i klasserommet. Han opplever sjeldan at læraren har tid til å komme inn til han. Nokre gongar sit han aleine og andre gongar får han med seg ein assistent som prøver å hjelpe han med oppgåvene.

Foreldra er uroa for skulen sine rutinar, og er usikker på kompetansen deira når det gjeld arbeid for trygt skulemiljø. «Er det slik at dei ikkje vil sjå, eller klarer dei ikkje å sjå...?» Begge delar gjev grunn til uro og tilliten til skulen vert broten ned. Foreldra ynsker likevel ikkje å melde saka til Statsforvaltaren då dei er redde for at ei slik melding vil ta bort tid og energi dei og skulen treng for å hjelpe Eskil. I tillegg er dei redde for at samarbeidet med skulen skal bli dårlegare. Dei tek kontakt med rektor, og set mobbeombodet i kopi i e-posten. Rektor set i gang undersøkingar etter opplæringslova sin § 9A og læringsmiljøteamet som kommunen har blitt kopla på. Undersøkingane viser at det er fleire elevar i klassen, i tillegg til Eskil, som ikkje har det trygt på skulen, og at det finst eit hierarki i klassen der Eskil er nedst.

Vi erfarer at:

- **Det som vert sagt, ord og formuleringar skulen/barnehagen vel å bruke har svært mykje å seie. Orda blir tolka i lys av egne opplevingar av situasjonen, i lys av relasjonen til tilsette og i lys av tidlegare erfaringar med barnehagen/skulen. «Kva meiner dei med det?» Kva betyr dette?» Foreldre treng å vere trygge på kva barnehage/skule tenkjer, og kjenne at dei vil barnet deira vel.**
- **Born som ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen, får ofte fleire rettar brotne. Det kan t.d. vere retten til undervisning og retten til tilhøyrsele til gruppe/klasse.⁶**
- **Når kommunikasjon og samarbeid i seg sjølve krev energi frå foreldra, blir det ofte ei tilleggsbelastning og tilleggskonflikt til sjølve saka. Det er ikkje til det beste for barnet.**
- **Når tilliten er tynnsleten, krev det god og tett oppfølging for å bygge han opp att.**

Tiltak

Skulen utarbeider ein aktivitetsplan etter undersøkingane. Eskil og foreldra får uttale seg om tiltaka i planen. Det er ikkje sett opp dato for evaluering av planen, men når foreldra ber om det, blir dei kalla inn til møte. Eskil er med på delar av møtet, og seier at det går litt betre.

⁶ Opplæringslova § 8-2: *Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper* I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal yareta deira behov for sosialt tilhøyr. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov.

Nokre av tiltaka i planen ser ut til å ha effekt. Det er mykje fokus på samarbeid og venskap i klassen, og skulen set opp fleire timar der miljøarbeidar er saman med kontaktlærar i klasserommet. Eitt av tiltaka i planen er at Eskil skal ha samtale med miljøarbeidar ein gong om dagen. Sjølv om han likar å ha ein vaksen som lyttar til han, er det også ubehageleg når dei andre i klassen ser at han ofte går ut av klasserommet saman med ein vaksen.

Andre tiltak som styrte aktivitetar i nokre av friminutta fungerer ikkje alltid. Eskil opplever at dei vaksne som skulle ha ansvar for aktivitetar må steppe inn andre stader, og at han blir ståande aleine slik som før. Han opplever også negative kommentarar frå medelevar som ikkje har lyst til å vere på lag med han i fotball. Nokre av tiltaka blir justerte etter tilbakemelding frå foreldra. Dei er redde for at Eskil byrjar å bli lei av møter og «mas» og at han ikkje lenger seier korleis han har det.

Kvifor skal det heile tida vere opp til guten vår å gi beskjed når noko skjer på skulen? Det burde vere dei vaksne sin jobb å følgje med.
-far

Barn og foreldre fortel:

- **Dei får ikkje bidra i arbeidet med tiltak⁷**
- **Aktivitetsplanar har lite konkrete tiltak. Dei kan også vere utydelege på kven som er ansvarlege, på tidsperiode for tiltak og på dato for evaluering.**
- **Tiltak vert ikkje gjennomførte, har ikkje effekt, eller gjer vondt verre.**
- **Dei opplever ein forventning om at barnet heile tida skal halde dei vaksne underretta om korleis det går, meir enn at dei vaksne sjølv tar dette ansvaret og hentar inn informasjon.**
- **Vaksne grip ikkje inn i krenkingar.**
- **Dei saknar informasjon om kva tiltak som vert sett inn mot andre involverte barn.⁸**

Skulen klarer i løpet av våren i 5. klasse å gjere skulekvardagen trygg for Eskil ved at dei legg til rette for ein føreseieleg skulekvardag med trygge aktivitetar, og ved å stoppe krenkingane han opplever. Dei arbeider framleis aktivt med å bygge opp relasjonar, både mellom elevar i klassen og mellom lærarar og enkeltelevar. Eskil seier at det går betre, og skulen lukker saka før sommaren. Eskil og foreldra tenkjer at det er godt å starte 6. klasse med å legge bak seg alt som har skjedd.

⁷ Barn og foreldre skal aldri ha ansvaret for å finne tiltak. Det er heller ikkje slik at barn/foreldre kan «bestille» eller krevje tiltak, det skal ligge ei fagleg og pedagogisk vurdering til grunn for tiltaka.

⁸ Skule og barnehage har teieplikt om tiltak for andre barn. Likevel kan dei dele noko informasjon. Til dømes kan ein vise til skulen sine rutinar for handtering av krenkingar – at dei «alltid i alle saker følgjer opp slik». Ansvarlege kan be om samtykke til å dele informasjon med andre foreldre. Det er òg mogleg å utarbeide aktivitetsplanar på gruppenivå, kor ein har tiltak som blir satt inn i heile klassen eller gruppa.

Det er mange som kjenner det slik som Eskil og foreldra hans når dei opplever betring i vanskelege situasjonar dei har stått i lenge. Det har vi stor forståing for, og vi ser ofte at gode forandringar kan vare ved. Likevel vil vi understreke at det er viktig å følgje opp i lang tid etter at eit barn har det trygt og godt. Vi veit også at feriar, overgang til ny klasse, lærarbyte etc. skapar sosiale «vakuum», og tilrår difor at tiltak blir vidareført inn i nytt skuleår, sjølv om eleven opplever å ha det trygt her og no.

Kva med barnehage?

Historia om Eskil går føre seg over nokre år på barneskulen. Mange som tek kontakt med mobbeombodet fortel om at dei har opplevd utrygt skulemiljø i fleire år, at det har eskalert frå tid til anna, og at det heile starta i barnehagen.

Vi møter mange av dei same problemstillingane (t.d. bagatellisering, manglande undersøking, tiltak som ikkje vert gjennomførte eller har effekt) når barnehageforeldre tek kontakt som dei vi har skildra i skule-casen over, men i tillegg spør barnehageforeldre ofte om korleis og til kven ein skal løfte saka når tiltak i barnehagen ikkje fungerer. I motsetnad til opplæringslova, gjennom § 9 A–6, gir ikkje barnehagelova same individuelle klagerett. For barnehagen er det kommunen som er tilsynsmyndigheit og fører tilsyn etter barnehagelova.

Barnehagelova sitt kapittel 8 liknar mykje på kapittel 9A i opplæringslova, og her går det tydeleg fram kva plikter barnehagen har når barn ikkje har eit trygt og godt psykososialt miljø.

Vi ser ei auke i førespurnader, både frå tilsette og føresette i barnehage. Vi er glade for at trygt barnehagemiljø har fått auka fokus, og med meir systematisk arbeid vil vi kunne plukke opp fleire saker og hindre at dei følgjer barna inn i skulen. Oppmodingar frå mobbeombodet



Foto: Pixabay.com

Å lukkast med både førebygging og handtering

Saka om Eskil er fiktiv, men laga på bakgrunn av dei problemstillingane vi oftast høyrer om i førespurnadene vi får frå barn og føresette. Vi ser at det er skilnad på korleis barnehagar og skular handterer saker som gjeld barnehage- og skulemiljø; nokre er trygge medan andre er meir usikre. Frå vår ståstad kan vi i noko grad sjå kva som skal til for å praktisere god handtering. Basert på erfaringane våre gjennom året som har gått, rettar vi følgjande oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

System

Barnehage- og skuleleiing og- eigar må:

- **Vurdere** eigen kultur jamleg saman med tilsette. Sjå på både majoritetssamfunnet og skulen/barnehagen sine egne normer og haldningar.
- Ha **rutinar** for gjennomføring av kartlegging og risikovurdering og for registrering av fråvær og om dette heng saman med barnehage- eller skulemiljø.
- **Invitere foreldre** aktivt til å melde frå om motstand mot skule eller fråvær kan setjast i samanheng med barnehage- eller skulemiljø.

Barnehage og skuleeigar må sørge for:

- **Rettleiing** på alle nivå i ei sak. Sørg for at det finst spisskompetanse i kommunen/organisasjonen som kan tilby dette.
- Ha **system for registrering av fråvær** og om det heng saman med barnehage/skulemiljø.

Informasjon

Barnehageleiing- og eigar:

- **Informere** barn og føresette å ein måte som sikrar at dei får nødvendig informasjon om barna sine rettar i barnehagen. Foreldra må vite *heilt konkret* kor dei skal melde saka vidare til barnehageeigar om dei meiner at barnehagen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta.

Barnehagemyndigheit:

- **Informere** om kor og korleis foreldre kan melde inn sak. Informasjonen må vere **lett å finne, lett å forstå og lett å bruke**.
- Foreldre må også få **informasjon om kva ein kan forvente** og korleis **prosessen** går føre seg når ein har meldt inn sak.

Kunnskap og kompetanse

- **Tru på barn.** Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel at dei ikkje har det bra. Dette inneber å kunne møte barnet og foreldre sine behov – her og no, òg på sikt. Å trygge barnet sine foreldre, bidrar til trygg og god handtering frå alle partar. Det er til barnet sitt beste. Å tru på barn og ta i mot barnet si oppleving er særleg viktig i situasjonar der den tilsette les situasjonen barnet står i på ein annan måte enn barnet sjølv.
- **Godt foreldresamarbeid.**
Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet. Leiinga må sørge for at alle tilsette er klar over kva han/ho skal gjere for å fremme eit godt samarbeid med alle foreldre. Vidare må leiinga sørge for at ein har strategiar når samarbeidet blir vanskeleg.
- **Kjenn barn sine rettar.** Tilsette som arbeider med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis gjere vurdering av *barnets beste*. Tilsette må vidare gjennomføre pliktene sine etter lovverket ovanfor barn. Dei må særleg ha inngåande kompetanse om *aktivitetsplikta*, med delplikter, etter *barnehagelova* og *opplæringslova*. Det gjeld både kva lova betyr, men og kjennskap til eigne lokale retningslinjer.

Tilsette i barnehage og skule må i alt arbeid utøve *god forvaltningsskikk*, - som til dømes å svare på e-post og førespurnadar, gi god informasjon og rettleiing, og gi moglegheit til medverknad.
- **Forstå.** Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om *grupper*, *gruppedynamikk*, *sosialt samspel* og *felles forståing* av kva krenking og mobbing er. Dei må også ha god kunnskap om korleis *sårbarheit* kan vere ein risikofaktor. Dei må òg kunne gjere *risikovurdering*; kven er dei særleg sårbare barna i år, kva kan vi gjere for å fjerne risiko og auke beskyttelse i miljøet.

Den tilsette må ha kompetanse og i tillegg anerkjenne at dei ikkje veit alt ein situasjon, og at involverte kan ha svært ulike opplevingar. Avgjerande faktorar for å lukkast med handtering av miljøsaker, er at den som handterer saka er trygg i arbeidet sitt, veit kva lovverket krev, og kva som vert forventa i møte med barn og foreldre. I tillegg må tilsette ha kapasitet til å handtere. Dette må barnehage- og skuleeigar ta ansvar for.
- **Øv.** Vi vert gode på det vi øver på. Skuleeigar og barnehagemyndigheit må legge til rette for at leiarar i barnehage og skule får arbeide med og øve på å løyse saker som omhandlar barn sitt psykososiale miljø i «fredstid». Det same gjeld for leiarar i barnehage- og skule; Bruk planleggingsdagar og fellesmøte til å diskutere og arbeide med aktivitetsplikt og delplikter frå § 9A i opplæringslova og kapittel 8 i barnehagelova. Bruk tid på å analysere tidlegare saker. *Kva fekk vi godt til, og kva kan vi bli betre på til neste gong?*
- **Be om hjelp.** Tilsette må vite når dei kan og bør be om hjelp. Dei må òg ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg når dei har behov for hjelp. Spisskompetanse, til dømes gjennom læringsmiljøteam eller kommunale innsatsteam, kan vere eit døme på ein måte å løyse behovet for fagleg hjelp og støtte.

Vegen vidare

Mobbeombodet held fram arbeidet for at barn og elevar skal få tatt i vare rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi skal også i komande år først og fremst vere eit lågterskeltilbod for barn, elevar og deira foreldre. Det inneber at **vi skal vere synlege, ha rask responstid og tilby fagleg, emosjonell og sosial støtte** i saker som gjeld barn i barnehage og elevar i grunnskulen. Førespurnader som gjeld utrygge barnehage- og skulemiljø har høg prioritet, og vi erfarer stor nytte i å gi støtte til barn og foreldre i slike situasjonar.

Ombodstenesta i Vestland vil vi gjere kjend gjennom ulike oppdrag for foreldre og tilsette i barnehage og skule, og gjennom digitale treffpunkt som informasjon på nett, aktuelle innlegg i sosiale medium og via webinar. Kvart år sender vi også ut informasjon om mobbeombodsordninga til kommunar, barnehagar og skular i Vestland.

I Vestland fylkeskommune sin langsiktige mål- og strategiplan har vi sett oss mål om *å vere pådrivar for å utvikle godt foreldresamarbeid i skule og barnehage, for at barns rettar vert gjort kjende for både dei sjølve og for tilsette, og for at tilsette rundt barn har kompetanse om skule- og barnehagemiljø*. Dette gjer vi kontinuerleg, men har som mål å gjere dette systematiske slik at vi har kontakt med alle kommunar kvart år.

Komande år vil vi ha særleg fokus på

- **Å komme i kontakt og bli kjende med kommunar** vi ikkje har hatt kontakt med tidlegare/føregåande år. Vi vil ta initiativ til å delta på mellom anna foreldremøte, politiske møte og administrasjonsmøte.
- **Å samle ressursteam** i fylket, vere pådrivar for at alle kommunar bygger seg og brukar slik kompetanse til beste for barn i barnehage og elevar i grunnskulen. God og tilgjengeleg kompetanse er ein viktig faktor i å ha kapasitet.
- **Å etterspørje god praksis** på korleis barns rettar vert gjort kjende.

Å lukkast med handtering gir fleire gevinstar ut over det at barn får det trygt og godt att. Mellom anna ser vi at foreldre sin tillit til barnehagen og skulen aukar, og at leiing og tilsette vert tryggare i arbeid med handtering. Å støtte barn, foreldre og tilsette i arbeid med å skape trygge miljø for alle, tenkjer vi er ein viktig del av ansvaret til kommunane.

Vidare vil vi også **halde fram med andre viktige samarbeid som vi har etablert, som med politiske utval og interessegrupper**. Gjennom jamleg kontakt med utval for opplæring og kompetanse, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og med Elevorganisasjonen får vi aktuelle innspel å ta med vidare.

Saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø!

Kjeldeliste

Barnehaelova, kap. VIII: <https://lovdata.no/nav/lov/2005-06-17-64/kapVIII>

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Henta 01.12.2020 frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/a-bli-utsatt-for-mobbing-en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak/>

Drugli, M.B. & Onsøien, R. (2010) *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Akademisk Forlag.

Elevundersøkinga 2022:

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>

FNs konvensjon om barns rettigheter:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/17893_1-fns_barnekonvensjon

Helgeland A. & Lund I. (2020) *Mobbing i barnehage og skole-nye perspektiver*. Cappelen Damm Akademisk.

Lund, G. E. (2020). Responsivt forældresamarbejde i skolen. *Tema: Forældresamarbejde – en udfordring for læreruddannelsen og et vilkår for skolen. Studier i Læreruddannelse og Profession*. 5(1) (s. 52-72). Henta 01.12.2020, frå

<https://tidsskrift.dk/SLP/issue/view/8790/1160?fbclid=IwAR0X-VZabvXReLGLC0Bu4oMph7qUSSowZ3Fzq9513Dlq0MppEsFwctwYxtc>

Olweus, D. (1992). *Mobbing i skolen, hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Universitetsforlaget

Opplæringslova kap. 9 A: <https://lovdata.no/nav/lov/1998-07-17-61/kap9a#:~:text=Alle%20som%20arbeider%20p%C3%A5%20skolen,trakassering%20dersom%20det%20er%20mogleg>.

Seland, I., I.M. Eriksen, M. Løvgren og M.A. Sletten (2020): *Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole*. Oslo: NOVA, OsloMet.

Årsmelding frå mobbeombodet i Vestland 2020-2021:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/hjelp/mobbeombud/arasmelding-mobbeombod-2020-2021.pdf>


Årsmelding frå mobbeombodet i Vestland 2021-2022:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/hjelp/mobbeombud/arasmelding-mobbeombodet-2021-2022.pdf>



vestlandfylke.no

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 09.01.2024 14:40:15
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Tittel: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024



Til kontrollutvalgsmedlemmer og andre interesserte

Velkommen til **FKTs fagkonferanse 2024** som arrangeres på Quality Airport Hotel, Gardermoen 4.– 5. juni.



Nå har du sjansen til faglig oppdatering og nettverksbygging

Målgruppen er ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Program:

Kontrollutvalget – roller og samspill

Mange er ferske i kontrollutvalget og de trenger kunnskap om utvalgets rolle og hvordan utvalget skal opptre i samspill med andre aktører som har ansvar for kontroll i kommunene. Vi inviterer representanter fra både kontrollutvalg og revisjon, ordfører og kommunedirektør til samtale og refleksjon rundt tema «Kontrollutvalget – roller og samspill».

Habilitet og tillit

Høsten 2023 har nyhetsbildet vært preget av ulike habilitetssaker og spørsmål om innsideinformasjon. Hvordan påvirkes tilliten til politikerne av dette? Er det grunn til å se nærmere på tilsvarende problemstillinger i lokalpolitikken?

Henvendelser og varsling

Kontrollutvalget kan erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Økonomisk bærekraft

Har kommunen din en bærekraftig økonomi? Hvordan kan kontrollutvalget finne ut det? Har kontrollutvalget et ansvar her?

Vi vil også vise fram gode eksempler på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Vel møtt!

Deltakeravgift: Medlemmer kr. 7 900, andre kr. 8 400

Påmeldingsfrist: 29. april

Årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn avholdes 4. juni. Nærmere informasjon om årsmøtet finner du [her](#)

[Medlemsoversikt](#)

[Til påmelding](#)



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)






TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Kvam herad - Øystese skule

Sak 2023/13170



Samandrag

Vi fører tilsyn med Kvam herad og Øystese skule. Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar, undersøker og set inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø eller blir krenka av ein som arbeider på skulen. Reglane for desse pliktene finn vi i opplæringslova §§ 9 A-4, 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Om tilsynsprosessen

Tilsynet er ein del av Utdanningsdirektoratets og statsforvaltarens felles nasjonale tilsyn for perioden 2022-2025¹. I tilsynet har vi henta inn eigenvurderingar frå skuleeigar, skuleleiinga og tilsette på skulen. Vi har vidare gjennomført intervju med representant for skuleeigar, rektor og tilsette. Vi har òg snakka med foreldre som har erfaring med skulens skulemiljøarbeid.

Vi sende førebels tilsynsrapport til kommunen 13. november 2023 med frist 27. november 2023 til å kommentere innhaldet i rapporten. Vi fekk kommentarar frå kommunen innan fristen og gjennomførte slutt møte med representantar for skuleeigar og skuleleiinga den 13. desember 2023.

Dei mest sentrale funna i tilsynet

Vi har gjort ei samla vurderinga av informasjonen opp mot regelverket. Vi har funne at regelverket ikkje er oppfylt på alle område.

Kommunen må gjennom sin internkontroll sikre at:

Varslingsplikta

- alle som arbeider på skulen varslar ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen
- rektor varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenka ein elev
- alle som arbeider på skulen varslar i tide, avhengig av situasjonens alvorsgrad

Undersøkingsplikta

- skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom der er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- skulen/skuleeigar gjer dei undersøkingar som ein ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente

Tiltaksplikta

- skulen/skuleeigar vurderer konkret kva tiltak som er eigna
- skulen/skuleeigar evaluerer tiltaka jamleg, og at tiltaka blir endra ved behov

¹ Utdanningsdirektoratet om tilsyn med offentlege skular, [Tilsyn med offentlige skoler \(udir.no\)](https://www.udir.no)

- skulen/skuleelgar lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og at planen inneheld minimumskrav til innhald

Vegen vidare

Statsforvaltaren har sett frist for retting til 1. april 2024. Før fristen må Kvam herad sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis regelverksbrota er retta.

Innhald

1	Innleiing.....	5
1.1	Om gjennomføring og tema for tilsynet.....	5
2	Plikta til å varsle	7
2.1	Rettslege krav	7
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
3	Plikta til å undersøke	14
3.1	Rettslege krav	14
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	15
4	Plikta til å sette inn tiltak.....	20
4.1	Rettslege krav	20
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	21
5	Plikta til å ha ein internkontroll	26
5.1	Rettslege krav	26
5.2	Kommunen sitt internkontrollsystem.....	27
5.3	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	29
6	Våre reaksjonar.....	36
6.1	Pålegg om retting	36
6.2	Oppfølging av pålegga.....	37
6.3	De har rett til å klage	37

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunen oppfyller opplæringslova med forskrifter. Vi kan òg føre tilsyn med kommunen si plikt til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Våre tilsyn er offentlig myndighetsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentlegheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Om gjennomføring og tema for tilsynet

Vi opna tilsyn med Kvam herad i brev datert 30. august 2023. De blei pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Vi gjennomførte intervju med tilsette og leiinga ved Øystese skule 23. oktober 2023. Vi gjennomførte òg intervju med leiar for skule og oppvekstsjef i Kvam herad same dag.

I samband med tilsynet har vi snakka med fire familiar som har erfaring med skulemiljøarbeidet ved Øystese skule.

Vi sende førebels tilsynsrapport til kommunen den 13. november 2023 med frist 27. november 2023 for å kommentere innhaldet i rapporten. Vi fekk kommentarar frå kommunen innan fristen. Den 13. desember 2023 gjennomførte vi møte om førebels tilsynsrapport med representantar for skuleeigar og skuleleiinga.

Vi har vurdert tilbakemeldinga frå kommunen. Der dette har tilført ny informasjon er forholda innarbeidd i denne tilsynsrapporten.

Når vi skal velje ut tema og skuleeigarar vi skal føre tilsyn med baserer vi oss på risikovurderingar. Det betyr at vi vurderer om det er sannsynleg at det skjer brot på regelverket, og kor alvorlege konsekvensane av brota kan bli.

I varselet om tilsyn er det informert om at vi i dette tilsynet har vektlagt tal frå Elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet. Vi har òg lagt vekt på resultat på nasjonale prøver skuleåret 2021-2022 og skulebidragsindikatoren for skulen skuleåra 2019-2020 og 2020-2021. Vi har elles vektlagt vår erfaring som handhevingsinstans for skulemiljøsaker i grunnopplæringa.

Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å varsle, undersøkje og setje inn tiltak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Med å sikre meiner vi kravet i kommunelova § 25-1 til at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin størrelse, eigenart og risikoforhold slik at kommunen oppfyller krava i regelverket.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar.

Vi har funne at kommunen ikkje følgjer regelverket på alle område, og pålegg difor retting.

Pålegga går fram av punkt 6 i denne rapporten. Vi gir pålegga til kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova med forskrifter blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10.

2 Plikta til å varsle

2.1 Rettslege krav

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

For å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøkje om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar varslar, undersøkjer og set inn tiltak dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen. Vidare kontrollerer vi om kommunen sikrar at saka blir undersøkt ved mistanke om eller kjennskap til at det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skulen og skuleeigar har vurdert omsynet til barnet sitt beste. Skulen skal vidare sørgje for at involverte elevar blir høyrde.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle delpliktene i aktivitetsplikta. Dette er òg eit gjennomgåande tema i tilsynet. I tillegg må skulen eller skuleeigar lage ein skriftleg plan når det blir sett inn tiltak i ei sak.

For at aktivitetsplikta skal vere oppfylt, må skulen gjere det som det er rimeleg å forvente gjennom heile saksforløpet.

Plikta til å varsle

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 andre ledd. Tidspunktet for når rektor skal bli varsla, må ein vurdere konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste vil vere eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkomande straks varsle rektor, jf. opplæringslova § 9 A-5. I tillegg skal rektor varsle skuleeigar. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i leiinga på skulen, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga, straks varsle skuleeigar direkte, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Det bli ikkje stilt noko formkrav til varsla. Alle som arbeider på skulen, må kjenne til korleis og når varsling skal skje.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Varslar alle som arbeider på skulen, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen?

Våre observasjonar

Skulen har sendt inn Kvam herad si rutine *Trygt og godt skulemiljø, § 9 A Aktivitetsplikt*, sist endra 22. september 2022. Det ligg til rutinen at den skal gjerast kjend for alle som arbeider på skulane og skal sikre at dei er kjende med dei ulike delpliktenes skulen har. Rutinedokumentet viser ei eiga skriftleg rutine for skjerpa aktivitetsplikt, i tilfelle der vaksne kan ha krenka ein elev. I slike tilfelle skal den tilsette straks og seinast innan arbeidsdagens slutt varsle rektor.

Rutinen seier at all mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen skal varslast til rektor. Om rektor ikkje er til stades, må avdelingsleiar få meldinga, står det. Tilsette skal nytte skjema *Varsel § 9A* som dei finn i kommunens kvalitetssystem Compilo. Det går fram av skjemaet at det skal fyllast ut og leverast til skuleleiinga, enten ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, eller dersom eleven eller foreldra ber om tiltak. Varslingsskjemaet skal òg nyttast dersom ein har mistanke eller kjennskap til at ein vaksen på skulen kan ha krenka ein elev.

Rektor har i oppgåve å halvårleg gje informasjon om aktivitetsplikta til tilsette og vidare drøfte i personalet kva plikta inneber. Dette går fram av handlingsplanen som vart utarbeidd av Oppvekst stab i etterkant av ein forvaltningsrevisjon i 2019. Det vert òg stadfesta i intervju med tilsette at skulen sine rutinar i samband med skulemiljøarbeidet har vore tema på tysdagsmøta, der alle lærarane er samla.

På spørsmål om alle som arbeider på skulen varslar til rektor, svarar rektor nei i eigenvurderinga. Han skriv at assistentar og fagarbeidarar gjerne melder frå til kontaktlærarar. Rektor skriv vidare at skulen generelt får få varslingar og at det i all hovudsak er foreldre som melder i frå, gjerne via kontaktlærar. Rektor utdjupar dette i intervju:

Me har brukt mykje tid på å fortelje om pliktene våre, og at når ein ser noko og får ein dårleg følelse, så varslar ein rektor. Men ting kjem likevel via foreldre, til kontaktlærar og så til meg. Det er det typiske. No når me har dette tilsynet har me snakka litt med assistentane, og dei vil gjerne først diskutere med kontaktlærar, i staden for å varsle direkte til meg. Så da kan det vere at eit varsel som burde ha komme ikkje kjem.

Eg tenker at eg burde fått litt fleire varsel, så eg har problematisert det.

(...)

Eg har fått litt forklaringar på det, dei jobbar med det og tenker at dei ordnar det på sitt nivå, i dialog med foreldra.

I intervju med tilsette kjem det fram at dei er kjende med at dei har rutinar for å varsle til rektor. Det varierer likevel kor godt kjende dei er med rutinane. Ein av dei tilsette fortel at hen først

hørde om at ein skulle varsle direkte til rektor dei siste dagane. Ein anna tilsett forklarar at hennar ikkje er trygg på kva som er skulen sin framgangsmåte for varsling i skulemiljøsaker.

Ein lærar fortel følgjande:

Eg har hatt ei slik sak, og rutinen vart kjend når mora tok kontakt med meg. Men me har vel vore gjennom det på møta òg. Mora tok kontakt i vår, men det roa seg og mora roa seg. Ho var trygg i at ungen hadde det godt. Men så tok ho det opp igjen, og da spurte eg om ho ville at det skulle vere ei sak. Eg tenkte me kunne oppretta sak, slik at me gjer det synleg for alle kva me gjer. Og det ville ho, ho ville at me skulle gå litt meir i djupna på det.

Når vi spør dei tilsette kva det betyr for dei å varsle ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, seier fleire at dette handlar om ei kjensle av at noko ikkje stemmer. Nokre tilsette fortel vidare at viss dei går inn i ein situasjon og eleven seier at det er eit eingongstilfelle, så gjer dei ikkje noko meir. Andre fortel at dei ikkje varslar om det berre er noko som dukkar opp. Dei prøver gjerne å undersøke litt, både gjennom elevsamtale og utviklingssamtale. Der kan det kome opp informasjon som kan stadfeste ein mistanke. Nokre av lærarane diskuterer det med avdelingsleiar, før dei eventuelt går til rektor og varslar om det er noko alvorleg.

Ein lærar fortel at nokre tilfelle kan vere enkle og openberre. Men i tilfelle der elevar «tek til å ikkje fungere» er det meir uklårt:

Då tenker eg at ein må snakka med foreldra først, og så kanskje varsla. Det er ganske flytande. Viss det fortset er det sjølvstøtt varsel.

Det er ein elev no som eg har tenkt mykje på, at no skal eg sikkert snakke med rektor. Eg har sett at eleven går ein del åleine, og [hen] har fylt inn i eit skjema at [hen] ikkje har nokon å vere med. (...) Men eg har ikkje komen så lang at eg har snakka med rektor om det.

Det kjem fram døme i intervju om at tilsette varslar rektor rett etter at dei er kontakta av føresett, men at det er vanskelegare å vite kor raskt ein skal varsle rektor når den tilsette sjølv har fått mistanke.

Men sjølvstøtt, viss det er noko som er meir alvorleg og kjem meir brått på, er det ikkje noko tvil om at ein tek det så raskt ein kan.

Når vi spør rektor om dei har arbeidd på skulen med kva som kan vere teikn på særskilt sårbarheit hos elevar, viser rektor til at det har vore drøftingsoppgåver i samband med gjennomføring av Utdanningsdirektoratet si modulbaserte kompetansepakke om trygt og godt skulemiljø. Personalet har gjennomført modulane, men dei har nok ikkje hatt ein spiral der dei har teke dette opp igjen i etterkant.

Både rektor og tilsette viser til lagmøta som arena for å ta opp skulemiljøtema, elevar dei er uroa for og om det er nokon dei tenkjer dei må følgje med på. Men ein tilsett forklarar òg at med mange års praksis i frå arbeid med barn, så lærer ein godt å lese barn:

Dette er praktisk yrkesteori, som ein har med seg.

Fagarbeidarane forklarar at dei har 25 minuttar assistentmøte kvar veke, der rutinar og skulemiljø kan vere tema. Dei kan òg få informasjon dersom dei er konkret involvert i arbeidet med ein elev, men kva informasjon dei får er litt avhengig av trinn og lærar.

På spørsmål om dei har arbeidd på skulen med kva det vil seie at ein vaksen krenkjer ein elev seier fleire at dei tilsette at dei har snakka om det på skulen. Nokre viser til at dette har kome opp som ein del av modulopplæringa om trygt og godt skulemiljø, andre forklarar at det var kanskje mest når dei gjennomførte eigenvurderinga i samband med tilsynet, at dette vart snakka om.

Det kjem likevel ikkje fram at dei på skulen har gjeve eit meir konkret innhald til kva det vil seie at ein vaksen krenkjer ein elev. Ein av dei tilsette seier:

Eg syns ein kunne ha vore enda tydelegare på det. Ein snakkar forskjellig til barn. Eg syns dette kunne vore fokusert mykje meir på, kva vil det sei å krenke barn. (...)

Eg tør ikkje å sei noko til ein kollega, viss det er noko som kanskje ikkje var så lurt sagt. Me har veldig kjekke kollegaer her, men av og til så høyrer ein noko som kanskje ikkje er så lurt. Det kan vera ein sjølv òg. Så dette kunne ein kanskje ha fokusert meir på.

Våre vurderingar

For at dei som arbeider på skulen skal kunne varsle i samsvar med reglane i opplæringslova, må det vere tilstrekkeleg klart når plikta til å varsle til rektor vert utløyst.

Dei tilsette har fått informasjon om varslingsplikta i skulemiljøsaker. Skulen sin framgangsmåte er at dei skal varsle rektor når dei har ei kjensle i magen om at noko ikkje stemmer. Dette resulterer etter vår vurdering i at det blir subjektivt og individuelt opp til den tilsette å vurdere når varslingsplikta er utløyst. Ein konsekvens av dette kan vere at det blir tilfeldig kva saker som blir varsla til rektor og ikkje.

Vi kan ikkje sjå at det er etablert ei felles forståing av kva det seie å ha mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, eller at ein tilsett på skulen har krenka ein elev. Intervju med tilsette viser også at det er variasjon når det gjeld kjennskapen kva som er innhaldet i skulen sine varslingsrutinar og når tilsette melder til rektor.

Vi er usikre på om alle tilsette varslar om alle utfordringar som har vara over tid. Det må vere ein nedre terskel for kva tilsette skal behøve å varsle om til rektor, men vi kan ikkje sjå at rektor har etablert kor denne terskelen går.

Dette gjer at det langt på veg blir opp til den enkelte tilsette om det skal varslast til rektor. Dette utgjer ein risiko for at det ikkje blir varsla i alle saker.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Varslar rektor til skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenka en elev?

Våre observasjonar

I den kommunale rutinen som gjeld arbeidet med aktivitetsplikta i skulane står det at i alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar same dag. Kva som er alvorlege tilfelle må vurderast i kvar enkelt situasjon, men døme kan vere valdelege krenkingar, når fleire elevar krenkjer enkeltelev eller i tilfelle der skulen ikkje har løyst saka trass i ulike tiltak over tid. Skuleeigar skal varslast i tilfelle der det er krenkingar og /eller digital mobbing på tvers av skular. Det skal vere tett dialog mellom skuleleiar og skuleeigar, står det.

I den kommunale rutinen som gjeld når elevar vert krenkja av vaksne står det at dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen utset ein elev for mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar per telefon. Det må vurderast ut frå alvoret i saka kor raskt det skal varslast, men seinast innan arbeidsdagens slutt. Den som varslar skal nytte skjema for varsel etter § 9 A-5 i opplæringslova.

Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk slik mistanke eller kjennskap snarast og seinast innan arbeidsdagens slutt, står det.

Skuleeigar opplyser at skulane skal rapportere på tal aktivitetsplanar kvartalsvis. Rapporteringa skjer i eit eige skjema på Teams. I september 2023 endra skuleeigar skjemaet som følgje av at det ikkje gav eit heilskapleg nok bilete. I skuleeigar si eigenvurdering kjem det fram at dei hadde diskusjonar på rektormøte om kva som var ei alvorleg sak. Dei har no limt inn Utdanningsdirektoratet si forklaring på kva som er alvorlege saker som hjelpetekst i rapporteringsskjemaet. Her står det mellom anna at døme på ei alvorleg sak kan vere krenkingar som har gått føre seg over lang tid, utan at skulen har klart å løyse saka.

Fleire av dei føresette vi har snakka med fortel om saker som har vara over lang tid.

Rektor opplyser i intervju at dei har hatt berre ei alvorleg skulemiljøsak ved skulen. I samband med evaluering av tal frå Elevundersøkinga varsla rektor til skuleeigar om at han fann elevresultata kring mobbing urovekkande.

Rektor kan ikkje hugse å ha vore med på diskusjonar om kva som skal vurderast som ei alvorleg sak i rektormøte.

Rektor fortel i intervju at han har varsla til skuleeigar om krenking frå ein vaksen ein gong.

Våre vurderingar

Rektor skal varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle. Kva som er eit alvorleg tilfelle, vil avhenge av ei skjønsvurdering. Formålet med varslinga er å gjere skuleeigaren kjend med saka slik at skuleeigaren kan involvere seg i korleis skulen skal løyse saka.

Skuleeigar viser til at dei i samråd med rektorane har justert dei kvartalsvise rapporteringsskjema, fordi det kom fram på rektormøte at skulane hadde ulike syn på kva som er alvorlege saker. I dag går det fram av skjema for rapportering frå rektor til skuleeigar at rektor skal varsle om alvorlege saker, og at saker som har gått føre seg over lang tid kan vere ei alvorleg sak. Rektor seier i intervju at dei berre har hatt ei alvorleg sak på skulen, medan fleire føresette gir uttrykk for at dei har hatt saker som har gått føre seg over lang tid. Dette tilseier at kommunen sin definisjon av kva som er ei alvorleg sak ikkje fullt ut er implementert på skulen. Det at rektoren vi snakka med ikkje kunne stadfeste at han hadde delteke i refleksjonar kring kva som er alvorlege saker, underbygger dette.

Vi forstår rektor sine uttaler i intervju slik at det langt på veg er subjektivt opp til rektor kva som er krenking frå ein som arbeider på skulen, og kva som er ei alvorleg sak. Vi har tidlegare vist til at vi ikkje kan sjå at det er etablert ei felles forståing på av kva det vil seie at ein tilsett har krenka ein elev.

Etter ei samla vurdering kjem vi til at det i dag er risiko for at alvorlege saker ikkje alltid blir varsla til skuleeigar, fordi det ikkje er sannsynleggjort at det er etablert ei felles forståing for kva som er å sjå på som ei alvorleg sak eller krenking frå ein som arbeider på skulen.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Varslar alle som arbeider på skulen i tide, avhengig av situasjonens alvorsgrad?

Våre observasjonar

I eigenvurderingane skriv dei tilsette om ulike måtar dei går fram på når dei har mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det bra på skulen. Assistentane skriv at dei alltid varslar kontaktlæraren først og at kontaktlæraren eventuelt varslar vidare til rektor.

Ei lærargruppe svarar nei på om dei varslar i tide avhengig av situasjonens alvorsgrad. Om det er ein elev dei er kontaktlærer for, tek dei kontakt med heimen og gjer undersøkingar først. Om dei ikkje kjenner eleven så godt, snakkar dei med lærarane til eleven.

Ei anna lærargruppe skriv at dei varslar så snart som saka tilseier. Dei viser til at i mindre alvorlege saker og med elevar dei ikkje kjenner, vil dei gjerne diskutere saka med eleven sin kontaktlærer først. I alvorlege saker vil dei varsle rektor først.

Rektor viser til at han har varsla om mistanke om krenking ein gong, og at han ville ha gjort dette igjen.

På spørsmål om kor raskt dei skal varsle rektor forklarar nokre lærarar at det vil vel kanskje variera.

Det kjem fram døme i intervju om at tilsette varslar rektor rett etter at dei er kontakta av føresett, men at det er vanskelegare å vite kor raskt ein skal varsle rektor når den tilsette sjølv har fått mistanke.

Det er veldig enkelt i saker der foreldra sjølv tek kontakt. Og da er foreldra ganske fortvila, for da har dei venta ein del før dei tek kontakt. Men så har ein dei sakene slik som [eleven] eg snakka om i stad, der har eg prøvd litt småtiltak, og håpar det går seg til, og da har det gjerne gått litt lenger tid.

Vi har tidlegare vist til at det ikkje er etablert ei felles forståing av kva det seie å ha mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, eller at ein tilsett på skulen har krenka ein elev. Intervju med tilsette viser også at det er variasjon når det gjeld kjennskapen kva som er innhaldet i skulen sine varslingsrutinar og når tilsette melder til rektor.

Våre vurderingar

Gjennom samtalar med foreldre, gjennomgang av innsendte saker og intervju med tilsette ser vi at nokre lærarar gjer grep i opplæringa og «småtiltak» i skulekvardagen, før dei eventuelt varslar rektor. Det kjem òg fram døme på at lærarar har varsla rektor straks når dei sjølv syns ei sak var alvorleg. I sakene som er sendt inn ser vi døme på at lærarane varslar med ein gong når foreldra ber om det.

Vi har tidlegare vist til at det ikkje er etablert ei felles forståing for kva det vil seie å ha mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, eller at ein tilsett på skulen kan ha krenka ein elev. Vi har òg vist til at rektor har problematisert at det kjem få varslingar direkte frå tilsette. I intervju seier fleire tilsette at det er vanskeleg å avgjere kor raskt dei skal varsle når dei sjølv får ein mistanke om at ein elev ikkje har det bra på skulen. Nokre viser til døme på at foreldra avgjer om det skal varslast eller ikkje. Den manglande felles forståinga får difor konsekvensar for kor raskt ulike saker blir varsla.

Vi kan ikkje sjå at det er ein klår, innarbeidd og felles framgangsmåte på skulen som sikrar at dei tilsette varslar rektor i tide avhengig av situasjonens alvorsgrad.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta?

Våre observasjonar

Det er føringar i skulens rutinar om at tilsette skal nytte varslingsskjema når dei varslar til rektor eller skuleeigar. Når rektor er varsla skal han sende brev til foreldra om at skulen har mottatte meldinga. Kommunen har laga eigen brevmal som skal nyttast.

I tillegg til Kvam herad si rutine *Trygt og godt skulemiljø*, § 9 A Aktivitetsplikt er det laga eit skjema som skal sikre rektor kontroll med at framgangsmåtane i arbeider med ei skulemiljøsak blir følgt; *Internkontroll av saker som gjeld § 9A – for skuleleiinga*. Her står det mellom anna at saksgangen startar ved at rektor vert varsla via varslingsskjema.

I intervju med tilsette blir det forklart at dei i liten grad har kjennskap til eit konkret varslingsskjema. Dei varslar rektor munnleg, og så fyller han ut skjema.

Nokre lærarar fortel at dei dokumenterer i ein hendingslogg at dei har varsla rektor.

Rektor opplyser i intervju at han sender eit varsel til foreldra om at han har fått melding som gjeld skulemiljøet til eleven.

Ei gjennomgang av skulemiljøsakene som skulen har arbeidd med siste skuleår viser at rektor i nær alle sakene har sendt ut brev til foreldre om at skulen har motteke varsel, at saka vil bli undersøkt og at kontaktlærar vil halde kontakt med heimen.

Våre vurderingar

Skulen har plikt til å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta i den enkelte saka. Skulen kan sjølv avgjere kva som skal dokumenterast og korleis, men dokumentasjonen må vere skriftleg og tilpassa formålet.

Etter ei samla vurdering finn vi at skulen dokumenterer tilfelle der tilsette varslar rektor om ei skulemiljøsak.

Konklusjon

Krava i regelverket er oppfylt.

3 Plikta til å undersøke

3.1 Rettslege krav

Plikta til å undersøkje saka

Skulen skal snarast undersøkje saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen, skal undersøkingane bli sette i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5. Kven på skulen som skal undersøkje saka på vegner av skulen, må skulen fastsetje konkret.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørge for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevane si oppleving og kva for forhold i omgjevnadene til eleven som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å

forvente i den enkelte saka. For å kunne setje inn tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skulen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. Eleven har rett til å bli høyrd i skulemiljøsaker, jf. opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men òg andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt ein skal undersøkje saka, må vurderast opp mot kva som etter ei fagleg vurdering er rimeleg å forvente. Her er omsynet til barnet sitt beste eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigar må undersøkje effektivt og så raskt som mogleg.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Undersøker skulen saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar

I rutinen *Trygt og godt skulemiljø*, § 9 A Aktivitetsplikt, står det skulen skal undersøke saka omgåande.

Kommunen har i dag eit skjema som rektor skal nytte for å ha kontroll i samband med saksgangen i skulemiljøsaker. I skjemaet står det mellom anna at dersom undersøkingar syner at det er behov for å setje inn tiltak skal dette dokumenterast i delt 3 i Aktivitetsplanen fire dagar etter at rektor har motteke varslingsskjema. Det kjem fram i intervju med rektor at han ikkje var klar over at skjemaet fantes før det vart kjend i samband med tilsynet.

Rektor skriv i eigenvurderinga at:

Det ligg i skjemaet at undersøking vert gjort innan få dagar. Eg ser likevel at i nokre saker er ikkje undersøkinga skrivne inn i tenkt skjema. Eg ser også at nokre lærarar har undersøkt saka lenge utan at det er laga aktivitetsplan.

Skjema som ligg som dokumentasjon seier at innan 4 dagar skal me ha undersøkt slik at me har grunnlag for å avgjera om det skal lagast aktivitetsplan eller ikkje. Dette må me formidla tydelegare til lærarane som gjerne gjer undersøkingane.

I eigenvurderingane svarar dei tilsette ja på spørsmålet om dei undersøker saka så raskt som saka tilseier. Dei viser til at dei har verktøy som Aude øy og Innblikk, eller kan observere og snakke med eleven.

Det kjem fram i intervju med tilsette at dei på skulen i liten grad har snakka om kva som avgjer om ei sak er ei skulemiljøsak og nokre tilsette eksemplifiserer undersøking med å følgje med i friminutt og i elev- og utviklingssamtale for å sjå om dei får samanfallande informasjon over tid.

I samtale med fleire av dei føresette blir det fortalt at det var eit langt tidsrom frå dei tok opp uro kring elevens skulemiljø til at skulen undersøkte forhold som ei skulemiljøsak.

Ein gjennomgang av dei innsendte elevsakene viser at i nokre saker følgjer tilsette med på eleven sitt skulemiljø lenge før dei varslar.

Våre vurderingar

Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og god skulemiljø, skal skulen snarast undersøke saka.

Det ligg føre fleire skjema og skriftelege rutinar som skal sikre at skulen undersøker saker raskt.

Vi har tidlegare vist til at skulen ikkje har etablert ei felles forståing for kva det vil seie å ha mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi vurderer at dette får betydning for kor raskt sakene blir undersøkt.

Eigenvurderingar, innsendte saker, intervju med tilsette og samtalar med føresette viser at tilsette kan ha mistanke over tid og observere skulemiljøet til elevar. Dette arbeidet blir gjort utan at forhold blir sett på som ei skulemiljøsak og undersøkt slik rutinane seier.

Etter ei samla vurdering finn vi at skulen ikkje alltid undersøker skulen saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Undersøker skulen/skuleeigar saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skulen?

Våre observasjonar

Kommunen har ei eiga rutine som gjeld situasjonar der elevar kan ha blitt krenka av vaksne som arbeider på skulen. Her står det at undersøkingar etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal settast i verk straks.

Leiar for skule viser i eigenvurderinga til denne rutinen og skriv at per i dag har ikkje skuleeigar kjennskap til mistanke om krenking frå ein i skuleleiinga, men at undersøkingar ville bi sett i verk med ein gong.

Vi har tidlegare vist til at tilsette kunne tenke seg at dei i større grad arbeide fram ei kollektiv forståing av krenkingsomgrepet på skulen. I intervju med tilsette kjern det fram at det av og til

oppstår situasjonar der dei tenkjer at det kan ha blitt sagt «noko dumt», og at det er behov for å avklare kva det vil seie å bli krenka av ein vaksen på skulen.

Rektor fortel i intervju at han tok ein prat med ein tilsett etter melding frå elevar om den tilsette sin måte å vere på i opplæringa.

Våre vurderingar

Det har vore få tilfelle av krenking frå ein vaksen på skulen. Kommunen har laga ei eiga rutine for slike tilfelle, og denne er kjent og forstått blant dei vi har snakka med. Vi finn det difor sannsynleggjort at tilsette ville ha undersøkt i tråd med rutinen.

Konklusjon

Krava i regelverket er oppfylt.

Gjennomfører skulen/skuleeigar dei undersøkingar som ein ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente?

Våre observasjonar

Skuleeigar skriv at dei har sett at dei tidlegare ikkje hadde nok systematiske undersøkingar på eit førebyggjande plan og når det vart avdekt mobbing. Dei har difor etablert stillingar som miljøretteleiarar ved skulane og laga plan for førebyggjande miljøundersøkingar på 1.-10. trinn frå hausten 2023. Undersøkingane skal gjennomførast halvårleg og analysar skal gjerast i trinnmøte. Rektor skal rapportere til skuleeigar i det påfølgande rektormøte. Det er vidare laga opplegg for undersøkingar som tilsette kan nytte ved funn om mobbing eller utanforskap, og ei verktøykasse for observasjon i ulike situasjonar. Planar, ulike undersøkingar og observasjonsskjema ligg tilgjengeleg for alle tilsette i Compilo.

Rektor peikar i intervju på at innføringa av miljøretteleiarar har som føremål å styrke kartlegginga av skulemiljøet og opplæringa av dei tilsette. Dei seier at dei har innført planen med kva undersøkingar som skal gjennomførast på ulike trinn, men at alt nytt tek tid før det blir implementert.

I intervju med tilsette kjem det fram at det varierer kor mykje dei er inne i Compilo. Nokre opplever at det er vanskeleg å finne fram i systemet. Framgangsmåten er at dei ofte går til leiinga for å få hjelp til å finne dokument.

I rutinen *Trygt og godt skulemiljø, § 9 A Aktivitetsplikt*, står det om korleis skulen kan undersøke saka etter at rektor er varsla. Samtale, sosiogram, observasjon og kartleggingsverktøy som Aude øy og Innblikk bli nemnd. Det ligg inne tips til samtalen og det går fram at når undersøkingane er gjennomførte må skulen vurdere funna.

I brevet som rektor til vanleg sender til heimen med informasjon om at skulen har motteke eit varsel, står det at skulen vil undersøke saka og at ein lærar vil halde kontakt med heimen.

Rektor skriv i eigenvurderinga at undersøkingar som vert gjort etter at rektor er varsla, er med på å avgjere om det skal lagast ein aktivitetsplan. Det er som regel lærarar som undersøker sakene. Dersom skulen lagar aktivitetsplan, undersøker skulen saka meir for at tiltaka skal vere eigna.

Rektor skriv vidare

Undersøking som skal til for å laga ein presis og eigna aktivitetsplan har ikkje alltid vore grundig nok på vår skule. Tidlegare har me laga tiltak utan grundige nok undersøkingar (me ville hjelpe raskt). Dette har endra seg no etter at me har hatt meir fokus på undersøking. Det har vore eit meir ytre trykk på arbeidet kring § 9A saker.

I samtalar med føresette kjem det fram at dei har hatt kontakt med skulen over tid om eleven sine utfordringar i skulekvardagen. Då observerte skulen og prøvde ulike tiltak utan at det vart behandla som ei skulemiljøsak. Fleire føresette fortel at dei må stå på overfor skulen for at skulen skal undersøke saka tilstrekkeleg, slik at undersøkingane kan gi grunnlag for gode tiltak.

I intervju med rektor stadfestar han at undersøkingane kjem i to trinn, men at den kommunale rutinen ikkje tek høgde for denne måten å gjennomføre undersøkingane på. På spørsmål om kva rolle rektor har i fasen med å sjå på kva undersøkingane har vist samla, får vi opplyst at hans rolle har vore å instruere tilsette i kva dei skal sjå etter når dei skal observere.

Når det gjeld høyring av elevar i samband med undersøking av saka, viser rektor til at samtale med elevar som regel vert gjennomført i første fase av undersøkinga.

Skuleeigar skriv i eigenvurderinga:

I rutinane står det at eleven skal høyrast, men ikkje spesifisert at alle involverte elevar skal høyrast. Men dette er innarbeidd praksis på alle nivå i organisasjonen, også skuleeigar. Skuleeigar ser at rutinen bør endrast for å tydeleggjera dette. I rutinane har rektor ei sjekkliste (internkontroll om saker som gjeld §9A for skuleleiinga). Denne ser skuleeigar at me må utbetra slik at me sjekkar ut alle deler av aktivitetsplikta, og i tillegg ha stikkprøvar for å sjå om denne vert følgt.

Når det gjeld høyring av elevar i samband med undersøking av saka viser rektor til at samtale med elevar som regel vert gjennomført i første fase av undersøkinga.

Våre vurderingar

Å gjere grundige undersøkingar er viktig for å få nok kunnskap til å velje dei rette tiltaka.

Kommunen er i ferd med å etablere førebyggjande undersøkingar kring elevane sitt klassemiljø og relasjonar på alle steg i skulane. I dag er nokre av undersøkingane i bruk i samband med enkeltsaker. Dersom skulen har gjennomført generelle undersøkingar på klassenivå nyleg, brukar skulen denne informasjon i enkeltsaker.

Rektor vektlegg både det at kommunen dei siste åra har tilsett miljørettleiarar ved skulane og laga ein bank for ulike undersøking- og observasjonsteknikkar. Vidare at årshjulet for

undersøkingar på alle årssteg vil vere til hjelp i å undersøke elevmiljøet på skulen. At tilsette har fått opplæring i gjennom Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar og opplæring i «Snakke med barn» i regi av RVTS, blir òg trekt fram som ein styrke i å undersøke saka ut frå ein tilstrekkeleg fagleg standard.

Etter ei samla vurdering finn vi at kommunen og skulen er i ferd med å etablere eit hellskapleg system for å undersøke skulemiljøet på skulen generelt og i dei tilfella det er mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Då praksis på skulen ikkje samsvarar med kommunen sine nye framgangsmåtar, finn vi det likevel ikkje sannsynleggjort at krava i regelverket er oppfylt.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Dokumenterer skulen/skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta?

Våre observasjonar

Skulen har to skjema som skal nyttast i samband med undersøkinga. Eitt skjema for å oppsummera, vurdere og dokumentere undersøkingar som skulen gjer etter å ha fått varsel om elev som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I eit anna skjema skal dei loggføre aktivitet i ei skulemiljøsak. Observasjonar og kartleggingar skal loggførast ved å føre opp dato, medan resultat skal først inn i skjema for undersøking.

Skuleeigar skriv i eigenvurderinga at dei ville brukt same skjema og rutinar som tilsette bruker i saker om skuleleing krenkjer.

Rektor skriv i eigenvurderinga at lærarane i praksis har nytta loggen til å dokumentere undersøkingane.

Ei gjennomgang av sakene viser at dei tilsette på ulike måtar dokumenterer korleis dei har undersøkt i saka.

Kommunen har laga eit system for å behandle opplysningar og dokumentasjon som gjeld elevens skulemiljø i Teams. Dette skal gjere at det blir ei trygg deling av informasjon om den enkelte elev. Lærarar skal kunne skrive i det same dokumentet når det er under prosess. Dokument som er arkivverdige skal arkiverast i Acos websak når dei er ferdige og slettast frå teamet. Rektor og avdelingsleiar skal vere eigar av teamet og lærarar skal vere brukarar av teamet.

Rektor fortel i intervju at skulane har løfta fram at det var behov for eit digitalt system som var tilrettelagt for å arbeidet med skulemiljøsaker.

Våre vurderingar

Skulen har plikt til å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.

Skulen bestemmer sjølv kva dei skal dokumentere og korleis, men dokumentasjonen må vere skriftleg og tilpassa formålet.

Ein gjennomgang av innsendte saker viser at tilsette på ulike måtar skriftleggjer undersøkingar i sakene.

Konklusjon

Krava i regelverket er oppfylt.

4 Plikta til å sette inn tiltak

4.1 Rettslege krav

Plikta til å setje inn tiltak

Tiltak etter § 9 A-4

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får det trygt og godt igjen.

Kva for tiltak som er eigna, grunnar seg på faglege og konkrete vurderingar. Kva barnet meiner og omsynet til barnet sitt beste er viktige moment i denne vurderinga. Kva for tiltak som er eigna, må ein vurdere konkret, men kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal skulen gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Kor raskt skulen må setje inn tiltak, må ein vurdere konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste vil vere eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga.

Plikta til å setje inn tiltak kviler på skulen. Kva for tilsette som faktisk skal gjennomføre eit tiltak i ei sak, må skulen fastsetje konkret.

Tiltak etter § 9 A-5

Dersom det er ein som arbeider på skulen som står bak krenkingane, skal tiltak bli sette i verk straks.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, er det skuleeigar som har ansvaret for at det blir sett inn tiltak straks.

Dokumentasjonskrav

Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak i ei sak. Dette følgjer av § 9 A-4 sjuande ledd. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skulen har planlagt, når ein skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka, og når ein skal evaluere tiltaka.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Set skulen inn tiltak så raskt som saka tilseier, når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkinga viser det?

Våre observasjonar

I eigenvurderinga skriv rektor at ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, grip dei inn og undersøker. Etter ei undersøking vert det avgjort om det skal settast inn tiltak. I eldre saker hadde skulen ein større tendens til å setje inn tiltak utan fagleg grundig undersøking.

Rektor fortel i intervju at lærarar har forklart at dei prøver å løyse saker som oppstår på sitt nivå i dialog med foreldra.

Det kjem fram døme i intervju med tilsette at dei set inn tiltak løpande for å sjå om saka løyser seg:

Men så har ein dei sakene [...], der har eg prøvd litt småtiltak, og håpar det går seg til, og da har det gjerne gått litt lenger tid [før eg varslar rektor].

I samtale med foreldre kjem det fram at lærarar gjerne har brukt tid på observere og ha dialog med foreldre kring ulike tiltak i skulekvardagen.

Våre vurderingar

Skulen må setje inn tiltak så raskt som saka tilseier, når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser det. Nokre gonger kan det vere nødvendig å setje inn tiltak akutt for å stoppe ein situasjon.

Sjølv om tilsette ikkje alltid varslar rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og god på skulen, har tilsette på skulen ein praksis for å sette inn tiltak løpande i skulekvardagen.

Ettersom både eigenvurderingar, gjennomgang av saker og informasjon i intervju viser at skulen har praksis for å sette inn tiltak i saker, basert på kjennskap til at eleven ikkje har det bra på skulen, finn vi det sannsynleggjort at regelverket er oppfylt.

Konklusjon

Krava i regelverket er oppfylt.

Set skulen/skuleeigar inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skulen, eller ein i skulen si leining?

Våre observasjonar

Kommunen og skulen har rutinar for framgangsmåte dersom elevar blir krenka av vaksne som arbeider på skulen. Her går det fram at undersøking og tiltak etter opplæringslova § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk.

Skuleeigar viser til at dei ikkje har erfaring med at skuleleiinga krenkjer, men at dei ville ha handla i samsvar med rutinane.

Rektor stadfestar i eigenvurderinga at dei set inn tiltak straks.

Våre vurderingar

Kommunen har plikt til å sette inn tiltak straks dersom ein i skuleleiinga står bak krenkinga. Vidare har skulen har plikt til å setje inn tiltak straks dersom det er ein som arbeider på skulen, som står bak krenkinga.

Vi har ikkje fått tilsendt døme på at skulen har sett inn tiltak etter varsel om at ein som arbeider på skulen kan ha krenka ein elev. Men ettersom skulen og skuleeigar til vanleg set inn tiltak løpande finn vi det sannsynleggjort at skulen og skuleeigar ville sett inn tiltak straks.

Konklusjon

Krava i regelverket er oppfylt.

Vurderer skulen/skuleeigar konkret kva tiltak som er eigna?

Våre observasjonar

Rektor skriv i eigenvurderinga at modellen *Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam* (BTI), undersøkingar og observasjonar er til hjelp når dei vurderer kva tiltak som er eigna. Rektor skriv at praksisen på skulen har utvikla seg positivt.

Skuleeigar skriv at tiltaka vert fagleg vurdert, nokre gonger av skulen sjølv, medan andre gonger er PPT, BUP, fagmiljø eller mobbeombod med i vurderingane. Det vert trekt fram at dei gongene det er utfordrande, er når fagmiljø/ kompetansemiljø, Statsforvaltar, skule og føresette har ulikt syn på kva som er eigna tiltak.

I eigenvurderinga og i intervju med skuleeigar kjem det fram døme på saker der tiltaka forutset at eleven kjem på skulen, når eitt av problema er at eleven ikkje er på skulen. Her kjem skuleeigar inn på manglande tillit og bruk av Læringsmiljøsenteret.

I rutinen for arbeidet med aktivitetsplikta står det om kva undersøkingar skulen skal nytte og at når undersøkingane er gjennomførte må skulen vurdere funna.

Det går fram i skjemaet for rektor sin internkontroll med saksgangen i ei skulemiljøsak at det skal gjerast interne drøftingar av gjennomførte undersøkingar, informasjonen som kom fram og tiltak i aktivitetsplanen.

Når vi spør rektor i intervju om kva rolle han har i arbeidet med å sjå på kva undersøkingar samla har vist, viser han til at hans rolle er å instruere tilsette i kva dei skal sjå etter i ein observasjon.

I intervju med tilsette kjem det fram at miljørettleiar har vore til stor hjelp når det gjeld å systematisere kva «dei store undersøkingane» har vist. Andre tilsette fortel at dei er usikre på kven som har i oppgåve å analysere kva undersøkingane samla viser:

Eg er litt usikker. Men me ser vel på det først saman med avdelingsleiår, og så trur eg foreldra er med.

Ein lærar forklarar

Viss det har vore ein roleg periode, har eg i den eine saka mi blitt samd med foreldre om at me avslutta. Men i den saka var det ikkje aktivitetsplan, det var berre observasjonar og logg.

Ein annan lærar forklarar

Viss foreldra ikkje vil at me skal avslutte, gjer me ikkje det. Av og til må me gjere undersøkingar for å trygge foreldra.

På spørsmål om skulen tok stilling til om tiltaka var eigna i skulemiljøsaka for eleven blir det av ein føresett fortalt:

I denne saka følte eg ikkje at skulen tok det på alvor, eller brydde seg om det. Dei gjorde ikkje noko særleg forarbeid, arbeid eller etterarbeid. Det var lite vilje til å endre på ting som tydelegvis ikkje funka.

Våre vurderingar

For at tiltaket skal vere eigna, må skuleeigar og skulen vurdere fagleg og konkret kva for tiltak de skal setje inn. Undersøkinga i saka vil vere eit viktig grunnlag, saman med omsynet til barnet sitt beste og retten til å bli høyrte.

Undersøkingane skal få fram korleis eleven opplever skulemiljøet, fakta om situasjonen, og forhold i skule- og klasse miljøet som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Å gjere grundige undersøkingar er viktig for å få nok kunnskap til å velje dei rette tiltaka. Mange saker gjeld elevar som er særskilt sårbare, og det er då særleg viktig at det blir sett inn tiltak som er forankra i grundige undersøkingar.

Ei god skildring av problema svarar på kvifor eleven ikkje har det trygt og godt på skulen og identifiserer kva som er dei oppretthaldande faktorane i miljøet rundt eleven. Utan ein konkret omtale av kva som er problema, er det vanskeleg å lage målretta tiltak og å evaluere om tiltaka har hatt effekt.

På bakgrunn av intervju vurderer vi at det er uklart kven som har i oppgave å analysere og avgjere kva undersøkingane i sum viser. Det går ikkje tydeleg fram at det blir gjort ei samla vurdering av undersøkingane og kven som gjer ei slik vurdering. Det blir i praksis til vanleg gjort i møte mellom skuleleiinga, lærar og foreldre. I dette møtet blir det teke stilling til om det skal lagast ein aktivitetsplan.

Det ligg til ruinane at skulen skal nytte malen for aktivitetsplan som er henta frå Visma veilederen². I feltet for problemskildring står det at det skal fyllast inn det som den som har varsla saka har sagt. Vidare skal delmåla i aktivitetsplanen ta utgangspunkt i nøkkelord i denne problemskildringa. Desse formuleringane skapar etter vår vurdering ein risiko for at det ikkje blir ei samla vurdering av skulens undersøkingar som gjev retning til tiltaka, men det den som varslar har meldt inn.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Evaluerer skulen/skuleeigar tiltaka jamleg, og blir tiltaka endra ved behov?

Våre observasjonar

I utdrag frå referat frå rektormøte 8. februar 2023 står det at ein skule etterlyser ei linje nedst i malen for aktivitetsplan der det kan gå fram at saka er ferdig:

*Saknar ei linje nedst i aktivitetsplanen der det står **evaluering**, viser at saka er ferdig. Har planer som ikkje er lukka, bør evaluere og eventuelt avslutte.*

Skuleeigar skriv i eigenvurderinga at malen for aktivitetsplanen som skulen nyttar er revidert.

Ein av grunnane var at me såg at evaluering av tiltaka ikkje vart synlege nok, og at det var vanskeleg å halda oversikt over kva tiltak som framleig gjaldt, og kva som skulle vera med vidare etter evaluering. Det er difor bestemt at etter evaluering av gjeldande plan, vert det laga ny versjon av aktivitetsplan med gjeldande og nye tiltak, medan den førre versjonen vert arkivert.

I innsendte saker ser vi døme på ei sak frå hausten 2023 der det ikkje er nytta revidert mal for aktivitetsplan, som legg opp til at evalueringspunkt skal fyllast inn. Det står i skjema for undersøking at etter observasjonar har dei bestemt å lage ein aktivitetsplan. Den skal evaluerast etter haustferien. Det går fram av sakene elles at det er telefonsamtalar med heimen, eller kontakt undervegs i saker i samband med til dømes utviklingssamtalar.

Rektor skriv i eigenvurderinga at dersom det er laga aktivitetsplan i ei sak, blir det sett opp evalueringsmøte med føresette.

I intervju med lærarar blir det fortalt at det er vanskeleg å avgjere når ei sak er avslutta:

² Veilederen i Kompisette-regler, Enkelt fortalt - Visma

Eg har hatt ei sak som har gått over tid, med [ein elev] som har hatt det vanskeleg, men så har det gått greitt ein periode. Så da er det ikkje så masse aktivitet i loggen, det ligg litt i dvale, og så må ein ta det opp igjen viss det skjer noko. Kor tid skal ein avslutta det? Så lenge me har «litt» tiltak, så er det ei sak.

I samtale med føresett kjem det fram at det ikkje var klart om dei hadde ein aktivitetsplan

Aktivitetsplanen er sett på pause, eller avslutta, eg veit ikkje heilt.

Våre vurderingar

Som ein del av tiltaksplikta skal skulen og skuleeigar følgje opp tiltaka, evaluere verknadene og eventuelt leggje til eller endre tiltaka dersom det er nødvendig for å gje eleven eit trygt og godt skulemiljø. Kor ofte ein skal evaluere tiltaka, må ein vurdere konkret i den enkelte sak, og det må gå fram av aktivitetsplanen. Plikta varar så lenge ein elev ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen.

Skulen har ikkje gjort evalueringar i saka frå hausten 2023. Det er ikkje klart for oss om dette er fordi dei bestemte framgangsmåtane ikkje er implementert, eller fordi saka ikkje har nådd evalueringsfasen enno.

Fleire av dei tilsette gir i intervju uttrykk for at det tidvis er uklart om ei sak er aktiv eller ikkje. Vi er difor usikre på om skulen har ein innarbeidd praksis for å systematisk evaluere tiltaka og endre dei ved behov. Det at saker blir liggande i dvale, kan føre til at tiltaka ikkje blir evaluert og endra i tråd med regelverket.

Sjølv om malen for aktivitetsplanen er revidert slik at den legg opp til at evaluering av tiltaka skal skrivast inn, kan vi ikkje sjå at dette er ein innarbeidd praksis på skulen.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Lagar skulen/skuleeigar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og inneheld den skriftlege planen minimumskrav til innhald?

Våre observasjonar

Det ligg til kommunen og skulen sine rutinar at det skal lagast ein aktivitetsplan som mellom anna skal vise kva tiltak som skal settast i verk. Malen «Aktivitetsplan § 9A», som ligg i Compilo, skal nyttast.

Skuleeigar skriv at dei ser at ikkje alle skular nyttar skjema og rutinar.

I sakene som skulen har sendt inn er det i nokre tilfelle laga aktivitetsplanar. I andre saker er det ikkje laga aktivitetsplanar.

I intervju med føresett kjem det fram at dei har opplevd at det er avhengig av den enkelte lærar om det blir laga ein aktivitetsplan eller ikkje.

Rektor skriv i eigen vurderinga at det ikkje er alltid skulen lagar aktivitetsplan i ei skulemiljøsak:

Me ser at det hjå oss er mange varsla saker som ikkje ender i ein aktivitetsplan. Når det ikkje er oppretta aktivitetsplan kan me ikkje alltid sjå at avgjersla om ein eventuell aktivitetsplan er gjort. Me ser og at i nokre saker burde det vore laga aktivitetsplan. Det verkar som om at nokre loggar har overteke for ein manglande aktivitetsplan. Me har fått nye rutinar slik at det no vert lettare å fylgja saksgangen og avdekka avvik. Me har fått eige sikkert team, der leiinga kan lettare fylgja med på utviklinga i kvar enkelt sak. Det vert då lettare å rettleia lærarane.

Rektor reflekterer kring eigen internkontroll og oppretting av aktivitetsplanar i intervju.

Gjeld dette min internkontroll på vår skule? Det er kanskje det vi har avdekka at eg ikkje heilt har klart. Eg har avdekka no, når eg har følgd ekstra godt med, at loggen held fram, men det kjem ikkje aktivitetsplan.

[...]

Det er ikkje foreldra som skal bestemme dette [om det skal lagast aktivitetsplan]. Ein kan fundere på om det er litt skremmande med ein aktivitetsplan. Eg synes dette er interessant, og trur at når vi snakkar om dette i personalet, så vil det skje [ei endring].

Våre vurderingar

Eigen vurderingar, innsendte saker og intervju viser at skulen ikkje alltid lagar aktivitetsplanar i skulemiljøsaker.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

5 Plikta til å ha ein internkontroll

5.1 Rettslege krav

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lover og forskrifter bli følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i kommunen si leiing og styring. Rådmannen³ har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegere oppgåver knytte til internkontrollen. Rådmannen er likevel ansvarleg og må følgje opp at oppgåvene blir varetekne.

Kommunen skal gjennomføre risikovurderingar for å tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrøt vil ofte

³ Etter kommunelova skal kommunar ha ein kommunedirektør som skal leie den samla administrasjonen i kommunen. I Kvam herad har den øvste leiaren av administrasjonen tittelen rådmann.

krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Krava til innhaldet i Internkontrollen som går fram av § 25-1 tredje ledd bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre ledd.

Kommunen skal omtale hovudoppgåver, mål og organisering, og gi oversikt over korleis dei har fordelt oppgåver og myndigheit. Ut frå risikoen skal kommunen vurdere kva for rutinar og prosedyrar som er nødvendige, og i kva for grad dei skal vere skriftlege. Kommunen skal gjere rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å vite om dei. Kommunen må jamleg skaffe seg oversikt over område med risiko for avvik og setje inn tiltak for å førebyggje og hindre regelverksbrot. Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal følgje med på, og korleis dei skal innhente informasjon eller bli informerte av skulen. Kommunen må handtere avvik på ein måte som sørgjer for at regelverksbrot både blir rapporterte og følgde opp. Kommunen skal dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjere ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Kommunen skal halde seg jamleg orientert om tilstanden i skulen, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøker vi om kommunen sin internkontroll er tilpassa for å kunne førebyggje og hindre regelverksbrot etter § 25-1, og korleis leiinga følgjer opp og kontrollerer arbeidet med skulemiljøet. Kommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

5.2 Kommunen sitt internkontrollsystem

Kommunen sitt delegeringsreglement kan lesast på kommunen si nettside. Det gjeld for perioden 2015-2019 og er per i dag til revidering^a. Dokumentet viser til kommunelov av frå 1992 LOV-1992-09-25-107 § 39. Det står at innan 31. desember året etter at heradsstyret er konstituert, skal dei revidere delegeringsreglementet:

Sist vedteke reglement og eventuelle andre vedtak gjeld til nytt reglement er vedteke. Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å gjera redaksjonelle små endringar i delegeringsreglementet, fremja endringar grunna nytt lovverk eller endringar i lover som får konsekvens for delegeringsreglementet. Rådmannen får ansvar for å syta for at delegeringsreglementet til ei kvar tid er oppdatert.

Kommunelova vart endra i 2018, der ulike kapittel hadde ulike verknadstidspunkt. Den nye lova fekk eit nytt kapittel 25 om internkontroll som tok til å gjelde på opplæringsområdet 1. januar 2021. I forarbeida til lova sin § 25-1 står det Prp. 46 L (2017-2018) at

Bestemmelsen viderefører et krav om internkontroll, men har en ny og mer omfattende regulering enn dagens bestemmelse. De samlede kravene i bestemmelsen utgjør et minstekrav til hvordan kommunens internkontroll skal være.

^a Kommunen opplyser at reglementet som ligg ute på nettsida er til revidering og skal til politisk handsaming i nytt heradsstyre i november 2023.

Skuleeigar har sendt eit utklipp av korleis reglementet ser ut per i dag og der går det fram at § 25-1 i kommunelova er delegert frå heradsstyret til rådmannen⁵.

Opplæringslova § 9 A-4 og 9 A-5 er delegert frå heradsstyre, rådmann, oppvekstsjef, leiar for skule til rektor.

Vi får vidare opplyst at delegeringsreglementet inneheld ei skriftleggjerings av ansvar og oppgåver som inngår i leiarstillingane i organisasjonen. Oversikta er ikkje meint å vere uttømmende. Den inneheld ikkje ei skildring av arbeidet med internkontroll på skulesektoren.

Kommunen har sendt inn dokumentet *Overordna internkontroll i Kvam herad, januar 2023*. Innleiingsvis står det på side 3 at dokumentet er meint å gje eit oversyn over det overordna arbeidet med internkontroll i Kvam herad, og vidare at:

Anna tenestepesifikk dokumentasjon av internkontroll, vert utarbeidd på avdelingsnivå. All overordna og tenestepesifikk dokumentasjon skal enten liggja i kommunen sitt kvalitetssystem (Compilo), eller ha lenkje til eventuell anna programvare der dette ligg.

Kommunen sitt internkontrolldokument viser til gjeldande kommunelov og at internkontroll skal gje organisasjonen rimeleg tryggleik for at dei oppnår måla sine, sikrar ei effektiv drift og påliteleg rapportering og etterleving av lovar og reglar. Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) skal inngå i det systematiske arbeidet til kommunen. ROS- analysar skal i størst mogleg grad gjerast i kvalitetssystemet til kommunen. Der er ein eigen ROS-modul som skal sikre ein stegvis systematikk i arbeidet.

Deloitte gjennomførte i 2019 ein forvaltningsrevisjon av mellom annan arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Kvam herad. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad i 2019. Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeidde systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Kvam herad, samt om skulane hadde rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevane ikkje hadde eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Revisjonen vurderte mellom anna at det var svakheiter i kommunen sitt forsvarlege system, ved at skuleeigar ikkje henta inn informasjon om praksisen på skulane tilstrekkeleg systematisk. Det vart peika på risiko for at skuleeigar ikkje fanga opp mangelfull etterleving av regelverket på skulane, og dermed heller ikkje sette inn tiltak for å sikre at skulane endrar praksisen sin.

Heradsstyret bad administrasjonen følgje opp tilrådingane i revisjonsrapporten⁶ gjennom å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet. Kommunen har sendt inn handlingsplanen som vart utarbeidd og skriv at alle tilrådingane er følgt opp. Kommunen skriv at dette utgjer grunnlaget for rutinane og systemet kommunen har for arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø for elevane per i dag.

⁵ Vi gjer merksam på at kommunedirektøren er gitt ansvaret for den administrative internkontrollen gjennom loven i § 25-1 første ledd. Det ligg difor ikkje til heradsstyret å delegere dette ansvaret.

⁶ Vedtak 141/19 i heradsstyret, per 17. desember 2019.

Kvam herad skriv at dei nyttar kvalitetssystemet Compilo til avvikshandtering og til å ha oversikt over system og rutinar. I tillegg nyttar kommunen Moava IKO-internkontroll oppvekst som eit styringssystem på barnehage- og skuleområdet. Systemet har eit årshjul med gjeremål som er lenka til lovverk, rettleingar og lokale rutinar som ligg i Compilo. Både leiar for skule, rektor og tilsette kan få tildelt oppgåver i systemet.

5.3 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på varslingsplikta, undersøkingsplikta, tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta?

Våre observasjonar

I handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonen i 2019 var ei av oppgåvene å syte for at skulane gjennom erfaringsdeling og opplæring skulle få ei felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det vart oppretta aktivitetsplanar i dei tilfella lova krev det. Tiltak i denne samanhengen var å syte for at «§ 9 A vert fast tema på rektormøte.» Det skulle leggjast inn som fast tema i malen for møtet og føremålet var erfaringsdeling og opplæring. Eit anna tiltak var kvartalsvis rapportering på tal aktivitetsplanar i Teams.

Skuleeigar skriv i eigenvurderinga at kommunen har iverksett fleire tiltak. Kapittel 9 A i opplæringslova er fast tema på rektormøta, der dei ser på eigen praksis og der det kjem fram at dei har manglar. Vidare har skuleeigar vore involvert i enkeltsaker, noko som har avdekkja manglande felles forståing og bruk av skuleeigar sitt system. Dette har ført til endringar i malar og rutinar, skriv skuleeigar. Skuleeigar har elles sytt for kompetanseheving gjennom Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar og kurs i regi av fagmiljø.

I intervju fortel leiar for skule at kommunen ikkje har noko dokument som omtalar utforminga av internkontrollsystemet for skulesektoren, utanom det dokumentet som gjeld den overordna internkontrollen i Kvam herad.

Oppvekstsjefen opplyser i intervju at rådmannen er tydeleg på at dei har ansvar for internkontroll på kvart sitt område. Leiar for skule har ansvar for internkontrollen på skuleområdet og oppvekstsjefen har ansvar for internkontrollen i helle oppvekstsektoren. Men dette er ikkje skriftleggjort nokon plass. Det som er skriftleggjort er det som er delegert frå heradsstyret til rådmannen.

Oppvekstsjefen og leiar for skule opplyser i intervju at det ikkje er gjennomført ei ROS-analyse for skulane si oppfylling av aktivitetsplikta i samsvar med systematikken i kvalitetssystemet. Systemet som blir vist til i rådmannen sitt overordna internkontroll er ikkje i bruk i nokon av tenestene i oppvekstsektoren. Oppvekstsjefen opplyser at systemet er vanskeleg å bruke i praksis:

Ikkje berre skule, men fleire tenester, har brukt mykje tid på systemet. Har opplevd det som tungt og vanskeleg å bruka, så me har gått vekk frå det. Me har brukt ulike system, men i hovudsak har vi nytta bedriftshelsetenesta sitt risikaanalyse-skjema (excel). [...]

Eg kjenner ikkje til at me har gjort ei risikovurdering samla på helle miljøet. Det er meir ut frå den informasjonen ein innhentar eller får, ut frå det systemet me har, og dei vurderingane ein gjer på bakgrunn av det. Så det er ikkje gjort av samla risikovurdering av aktivitetsplikta.

Leiar for skule opplyser at dei er i gang med eit arbeid som rettar seg inn mot å risikovurderer kven som er dei sårbare elevane, og korleis ein fangar dette opp når elevar tek til i ein ny klasse om hausten. Planen for dette arbeidet er starta på, men ikkje ferdigstilt.

Rektor viser i eigenvurderinga til at kommunen har eit system på Teams der skulane rapporterer inn tal saker, alvorsgrad og kor langt saka er komen.

På rapporteringsskjema som skal nyttast skal det først inn dato for oppretta aktivitetsplan og dato for oppretting av sak som er meldt til skuleeigar. I ei kolonne skal ein skilje mellom alvorlege og «vanlege» saker, det er òg lagt inn kolonne der ein kort skal skrive om kor saka står og om saka.

I eigenvurderinga skriv leiar for skule at skuleeigar treng meir innsikt i og kontroll på om kvar skule følgjer delpliktene og kvar rektor treng meir innsikt i sine tilsette si utføring av lovpålagde oppgåver i kapittel 9 A i opplæringslova. Når vi spør om å få utdjupa dette viser leiar for skule til at skuleeigar og rektorane er i ein sirkulær læringsprosess, der dei heile tida ser at ting ikkje fungerer slik dei hadde tenkt. Rektormøta er ein sentral arena i denne prosessen:

Endringane kan komme frå (...) anten kurs, læringsmiljøer, mobbeombodet og så bortetter. Så har me det ofte oppe i rektormøtet. Men dei som gjerne utfører det er eg eller rådgjevar for skule. Nokon gonger har ein rektor komme med eit innspel, som dei har sett i verk på skulen, og som me legg inn i Compilo. Viss nokon har ein god ide, så kan dei komme med innspel. Summen av alle desse innspela er grunnen til at me har det oppe på rektormøta.

Det er ikkje slik at me endrar på systemet heile tida. Men det kjem ein del innspel som gjer at me har kontinuerleg forbetring.

Skuleeigar sitt innspel til førebels rapport:

«Skuleeigar veit at skulane treng meir kompetanse innan lovverket [om aktivitetsplikta]. Dette er difor eit tema i oppfølgingsordninga, som resultat av utfordringsbiletet vårt i Kvammskulen. Me har henta kompetanse frå ulike hald: Udir sine kompetansepakkar for trygt og godt skulemiljø, Statsforvaltaren sine webinar, Læringsmiljøsementer som har arbeidd med oss i enkeltsaker og kompetanseheving for miljørettleiarane og mobbeombodet i Vestland. I tillegg har skulane hatt saker til Statsforvaltaren som har gitt ny viten med tanke på krav til dokumentasjon og auka forståing. Dette har gjort til at me med ny viten, og med den nye kompetansen har me betra rutinane og systemet vårt. Dette er kontinuerleg forbetring og arbeid for å sikra eit trygt og godt skulemiljø. (...)»

Vi er samde med skuleeigar i at dette er viktige element i kommunen si leing og styring. Vi vurderer likevel at ikkje alle element i dette arbeidet er relevant når vi skal vurdere kommunen

sin internkontroll etter kommunelova § 25-1.⁷ Utdanningsdirektoratet har laga ein rettleiar om internkontroll for barnehage- og skulesektoren. Her kan ein mellom annan lese om koplinga mellom internkontroll og kvalitetsutvikling:

Kompetanseutvikling er ikkje alene tilstrekkelig for å sikre regeletterlevelse. I tillegg må lederne følge med på, og forsikre seg om at ansatte utfører oppgavene slik virksomheten har planlagt. Både arbeidet med internkontroll og med å vedlikeholde og heve kvalitet og kompetanse, er kontinuerlige prosesser, og bør ses i sammenheng⁸.

Formålet med oppfølgingsordninga⁹ er at kommunar skal bygge kapasitet og kompetanse for å drive kvalitetsutvikling. Dette inneber at kommunane i oppfølgingsordninga skal arbeide med å identifisere utfordringar og sette inn tiltak som fører til kvalitetsforbetringar i opplæringa. Innsatsperioden er tre år, og delt i to fasar (forfasen og gjennomføringsfasen). Kommunane, med bistand av eksterne rettleiarar og statsforvaltar, skal analysere eigne data og danne eit konkret utfordringsbilete i forfasen. Deretter skal kommunane sette seg mål og planlegge tiltak, finne aktuelle kompetansemiljø og forankre utviklingsarbeidet, slik at det kan gjennomførast.

Vi ser at kommunen gjennom forfasen i oppfølgingsordninga har arbeidd med å skaffe seg eit utfordringsbilete. Når vi vurderer kommunen sin praksis opp mot kommunelova § 25-1, vurderer vi derimot om kommunen har identifisert risikofaktorar og tilpassa *internkontrollen* til verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Vi vurderer at arbeidet i oppfølgingsordninga vil vere nyttig med tanke på kommunen sitt kvalitetsutviklingsarbeid. I tillegg til dette må kommunen gjere eit systematisk arbeid som svarar ut krava i kommunelova § 25-1. Eit element i dette er at kommunen må gjere systematiske risikovurderingar.

Vi viser til oppvekstsjefen si uttale i intervju:

«Vår vurdering er at me ikkje har ein tilfredsstillande internkontroll. Me gjer tiltak og endringar, men me er fortsatt der at me ikkje har nok oversikt, eller nok kontrolltiltak for å ha det fulle bildet. RefLex vurderingen stemmer godt med det bildet me hadde på forhånd.»

I intervju med både lærarar, rektor og leiar for skule kjem det fram at dei oppdagar behov for å gjere tilpassingar i måtane dei arbeider i samband med enkelte skulemiljøsaker. Rektor forklarar mellom anna

Resultatet av denne saka er at vi har presisert kor viktig det er å varsle, slik at me kjem i gang.

[...]

Det er så mange følgefeil når det ikkje blir meldt, og det er vanskeleg å henta seg inn.

⁷ Vi viser i denne samanheng til at kommunen sitt arbeid med kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid ikkje er lovfesta som ein del av lovkravet om internkontroll i kommunelova § 25-1, sjå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar *Internkontroll i kommunesektoren*, s. 19

⁸ Veileder om internkontroll for barnehage- og skulesektoren, Utdanningsdirektoratet per 7. desember 2023, [Veileder om internkontroll for barnehage- og opplæringssektoren \(udir.no\)](#).

⁹ Informasjon frå Udir om oppfølgingsordninga for kommunar: [Hva er målet med ordningene? \(udir.no\)](#)

Skuleeigar skriv i eigenvurderinga:

Me har revidert rutinar og skjema for å hindra brot. Vidare er trygt og godt skulemiljø eit av tema i oppfølgingsordninga etter det kom fram i forfasen at me ser at planar og involvering ikkje er institusjonalisert i organisasjonen. Det gjeld særleg undersøkingar. Erfaringane me har i samarbeid med ulike skular i alvorlege saker, vist at skulane ikkje har brukt alle rutinane med tilhøyrande skjema. Me har rettleia skular, fått hjelp frå mobbeombod og fagmiljø. Rapportskjema kor skulane skulle rapportera antal saker og alvorsgrad, såg me ikkje svara ut om dei følgte opp delpliktene i kap. 9A saker. Dette er difor justert. Ein skule som me ser ikkje har brukt skjema som er laga, har me planlagt skal gjennomgå saker skulen har samari med fagmiljø, og ha felles økter med refleksjon og gjennomgang av skjema i personalet. Erfaringa med denne skulen tilseier at me i for lita grad veit at skulane bruker skjema. Me vurderer difor stikkprøvar for framtida.

Rektor svarar nei på spørsmålet om skuleeigar har tilpassa internkontrollen for å hindre eller førebyggje brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta. Det vert forklart i intervju at på same måte som at han som rektor i større grad kunne følgd opp praksis på skulen gjennom å ettersjå og ta stikkprøvar, så kunne dette vore eit vurderingstema for skuleeigar i arbeidet med å tilpasse eit internkontrollsystem.

Rektor seier at ein tidlegare har vore mest oppteken av kvantitet og tal skulemiljøsaker i samband med rapportering. Framover skal rapporteringa bli meir detaljert. Det er elles ikkje praksis for å hente inn informasjon for å kontrollere skulemiljøarbeidet ved skulane slik rektor erfarer det.

Me har ikkje blitt kontrollert i form av stikkprøvar, eller ved at kommunen på andre måtar har kontrollert konkret kva me har gjort i ei sak.

I kommentar til førebels tilsynsrapport presiserer rektor dette sitatet. Det blir vist til at skuleeigar ikkje har hatt stikkprøvar, men har vore med og sett på tiltak/kontroll i saker som har vore alvorlege og vore til Statsforvaltaren, både på Øystese skule og andre skular.

Våre vurderingar

Kommunen skal vurdere risikoen for svikt og regelverksbrot og kva konsekvensar det kan gi. Formålet med risikovurderingane er at kommunen skal sette i verk styringstiltak for å hindre eller redusere eventuell fare for svikt og regelverksbrot. Det blir ikkje stilt formkrav til risikovurderingane, men kommunen må vurdere om det er lokale forhold i kommunen som inneber auka risiko.

Måtane kommunen arbeider på gjer at dei oppdagar behov for å gjere tilpassingar i rutinar og framgangsmåtar i samband med at dei står i utfordrande saker.

Vi finn at kommunen responderer på risiko. Tiltaka kan vere gode kvar for seg, samtidig som dei verkar tilfeldige og enkeltståande. Tiltaka er ikkje resultat av ei heilskapleg risikovurdering eller systematisk arbeid med elementa i kommunelova § 25-1. Dette betyr at det er ein risiko for at tiltaka ikkje dekker behovet.

Når framgangsmåtene gjer at det blir mange følgjefeil som blir vanskelege å reparere, tilseier dette at systemet ikkje er tilpassa for å hindre eller førebyggje regelverksbrot.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Avdekker og følgjer kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta, tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

Våre observasjonar

I forvaltningsrevisjonen frå 2019 blir det vist til at skuleeigar vil nytte 1310.no som system for gje oversikt over skulane sin praksis på mellom anna skulemiljøområdet. I vurderinga av skuleeigar sitt arbeid for å hente inn informasjon frå skulane skriv dei vidare

Det er viktig at det blir gjennomført jamlege evalueringar av dei tiltak og rutinar som er innført for å ivareta skuleeigar sitt ansvar, slik at ein sikrar at desse er eigna til å fange opp eventuelle manglar ved praksisen på skulane. Revisjonen vil også presisere at ei avkryssing i 1310 i utgangspunktet berre seier noko om ei oppgåve er utført eller ikkje, men utan at det nødvendigvis går fram i kva grad innhaldet i oppgåveutføringa tilfredsstillar krav i lov og forskrift. Revisjonen meiner difor det er viktig at det blir henta inn utfyllande informasjon ut over dei sjekkpunkta som 1310 gir¹⁰.

Når det gjeld vurdering av kommunens oppfølging av praksis og regelverket på skulane trekk revisjonen frå 2019 fram at skuleeigar i enkelte tilfelle set i verk konkrete tiltak for å bidra til å endre praksisen på skulane. Men at det er lite systematikk i innhentinga av informasjon slik at oppfølginga av skulane sitt arbeid med aktivitetsplikta sto i fare for å bli noko tilfeldig. Revisjonen peika på at ein auka grad av systematikk i eigenkontrollen ville redusere mangelfull etterleving av regelverket på skulane.

For å følgje opp revisjonen sine tilrådingar, vart det laga ein handlingsplan for å sikre kontrollen med at regelverket blir etterlevd på skulane. Som del av dette innførte skuleeigar kvartalsvis rapportering frå rektor til skuleeigar på tal aktivitetsplanar på skulane. Skjemaet er seinare endra, og ser i dag slik ut:

¹⁰ Pkt. 5.3.4 side 45, 2019-forvaltningsrevisjonsrapport-kvam-herad-arbeidet-med-a-sikre-ett-trygt-og-podt-skulemiljo-og-bruk-av-ikt-i-skulane.pdf (www.kvam.no)

Mal

Skule:

Varsel dato	Skriv kort kor saka står: Varsla Undersøkje Setja inn tiltak Evaluering	Aktivitetsplanar trinn- opprett dato	§9A- 4eller §9A-5 Dato oppretting av sak- meldt skuleeigar (9A- 5)	Skil mellom alvorlege eller "vanlege" Alvorleg: meld skuleeigar dato	Avslutta dato / pågår framleis

Vidare har kommunen eit skjema som rektor skal nytte for å ha kontroll i samband med saksgangen i skulemiljøsaker. Etter at rektor er varsla skal skjemaet nyttast for å sikre at § 9 A Aktivitetsplikta vert oppfylt, står det. Det kjem fram i intervju med rektor at han ikkje var klar over at skjemaet fantes før det vart kjend i samband med tilsynet.

I eigenvurderinga skriv leiar for skule at dei vurderer å gjennomføre stikkprøvar når det gjeld skulemiljøarbeidet framover.

Leiar for skule skriv at kommunen har sett at dei at dei ikkje har hatt god nok oversikt når det gjeld å sjå til at kartleggingar, malar, rutinar og internkontrollsystem vert brukt ved alle skulane. Skuleeigar har difor laga ei rutine for eigenvurdering i RefLex under temaet Trygt og godt skulemiljø. Undersøkinga skal gjennomførast årleg av tilsette på 2., 5. og 8. trinn. Resultat og evaluering av eigenvurderinga skal formidlast til skuleeigar. Det står at rutinen er drøfta på rektormøte og at den gjeld frå hausten 2023.

I intervju vert det vidare forklart at dei ikkje har nytta eigenvurderingsverktøyet RefLex tidlegare, men at dei no har lagt det inn i rutinane som ei årleg eigenvurdering. Det er meint å få opp refleksjonar og kan hjelpe skuleeigar med å ta stikkprøvar.

I intervju spør vi oppvekstsjefen om å utdjupe at skuleeigar ser behov for betre innsikt og kontroll med om kvar enkelt skule følgjer delpliktene:

Eg tenker at det RefLex undersøkinga [gjennomført i samband med tilsynet] viser, bekreftar det bildet me har. Vår vurdering er at me ikkje har ein tilfredsstillande internkontroll. Me gjer tiltak og endringar, men me er framleis der at me ikkje har nok oversikt, eller nok kontrolltiltak for å ha det fulle bildet. RefLex vurderinga stemmer godt med det bildet me hadde på forhånd.

Våre vurderingar

Vi undersøker om kommunen avdekkar avvik og risiko for avvik, og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for brot på regelverket. For å avdekke avvik og risiko for avvik, må kommunen på ein systematisk måte halde seg orientert om tilstanden i skulane, evaluere og ved behov forbetre internkontrollen. Dette arbeidet må skje på ein systematisk måte, og vere tilpassa kommunen sine risikovurderingar.

I tilsynet har vi sett fleire døme på at kommunen har fått informasjon om forhold ved framgangsmåtane i skulane som ikkje oppfyller krava i regelverket. Leiar for skule seier at informasjon om behov for endringar gjerne kjem fram til kommunen gjennom kurs,

Læringsmiljøsentret, mobbeombodet, eller innspel frå rektorane. Av og til set rektorar i verk tiltak på eigen skule, som så blir løfta opp på skuleeigarnivå og sett i verk for alle skulane i kommunen.

Kommunen etterspør òg informasjon i skjema for rapportering frå rektor til skuleeigar. Slik skjemaet er utforma i dag, blir det rapportert på tal saker, kor sakene står, om det er oppretta aktivitetsplan, om alvorlege saker er varsla til skuleeigar, og om sakene framleis er aktive. I denne forma kan rapporteringa avdekke om skulane lagar aktivitetsplanar, dersom ei sak først er varsla. Vi kan likevel ikkje sjå at rapporteringa er eigna til å gi kommunen nødvendig og tilstrekkeleg informasjon om skulen sitt konkrete arbeid med skulemiljøsakene. Det er difor heller ikkje fullt ut eigna til å gi tilstrekkeleg informasjon om regelverksetterleving på skulane. Innhenting av informasjon gjennom RefLex er nytt frå hausten 2023, og det er for tidleg å sei noko om effekten av dette tiltaket.

Vi vurderer at dei framgangsmåtane kommunen brukar for å skaffe seg informasjon, resulterer i at det blir tilfeldig om nødvendig informasjon når fram til kommunen eller ikkje.

I tilsynet har vi òg sett fleire døme på at kommunen set inn korrigerande tiltak. Vi vurderer at dei korrigerande tiltaka blir sett inn på bakgrunn av enkeltvis svakheiter som blir avdekka. Når kommunen samtidig ikkje gjer risikovurderingar for å vurdere behovet, er det ein risiko for at dei korrigerande tiltaka ikkje dekker behovet.

Samla vurderer vi at kommunen sitt arbeid med å avdekke avvik og risiko for avvik, og følge opp med korrigerande tiltak, er for tilfeldig og lite systematisk til at kravet i regelverket er oppfylt.

Konklusjon

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

6 Våre reaksjonar

6.1 Pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje overheld regelverket på alle område. Kommunen som eigar har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir følgde. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Plikta til å varsle i skulemiljøsaker

Kommunen skal sikre at alle som arbeider på skulen, oppfyller plikta til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslov §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Kommunen skal sikre at:

- at alle som arbeider på skulen varslar ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen
- at rektor varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenka ein elev
- alle som arbeider på skulen varslar i tide, avhengig av situasjonens alvorsgrad
- kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta
- avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt

Plikta til å undersøke i skulemiljøsaker

Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Kommunen skal sikre at:

- skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom der er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- skulen/skuleeigar gjer dei undersøkingar som ein ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente
- kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta
- avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt

Plikta til å sette inn tiltak i skulemiljøsaker

Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar ivaretek plikta til å sette inn tiltak slik at elevane får eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Kommunen skal sikre at:

- skulen/skuleeigar vurderer konkret kva tiltak som er eigna
- skulen/skuleeigar evaluerer tiltaka jamleg, og at tiltaka blir endra ved behov
- skulen/skuleeigar lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og at planen inneheld minimumskrav til innhald
- kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan
- avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt

6.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 1. april 2024. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

6.3 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 15. desember 2023

LIII Mona Solberg

tilsynsleiar

Stig W. Ågedal-Mortensen

rektor/hospitant

Ane Øvregard Røhme

rådgjevar

Vedlegg

Eigenvurdering med tema kommuneleinga og skulens vurdering av eigen praksis for å sikre eit trygt og godt skulemiljø frå:

- Leiar for skule
- Rektor Øystese skule
Vedlegg
 - Rutine for skule – trygt og godt skulemiljø § 9 A aktivitetsplikt
 - Mal skjema registrering av aktivitetsplanar
 - Mal skjema «Internkontroll av saker som gjeld 9 A -for skuleleinga»
 - Mal skjema for å dokumentere og summere opp undersøkingar
 - Mal aktivitetsplan
- Fagarbeidarar og lærlingar
- Lærarar 1.-4. trinn
Vedlegg
 - Mal skjema for varslings til skuleleinga
 - Mal skjema for å dokumentere og summere opp undersøkingar
 - Mal skjema for logging av aktivitet i arbeidet med trygt og godt skulemiljø
 - Mal aktivitetsplan
- Lærarar 5.-7. trinn
Vedlegg
 - Rutine for skule – trygt og godt skulemiljø § 9 A aktivitetsplikt
 - Mal skjema for varslings til skuleleinga
 - Mal aktivitetsplan
 - Mal skjema for logging av aktivitet i arbeidet med trygt og godt skulemiljø

Kommunen har elles sendt inn ei utgreiing om internkontrollsystemet på skulemiljøområdet, og informasjon som viser kommunen sitt arbeid med internkontroll, datert 29. september 2023. Følgjande dokument var lagt ved:

Vedlegg:

02.10.2023 Vedlegg 1-Arbeidsgjevarpolitikk_Kvam_herad

02.10.2023 Vedlegg 2-Rådmannen sin Internkontroll-Kvam_herad

02.10.2023 Vedlegg 3-Forvaltningsrevisjon 2023 - Kvam herad

02.10.2023 Vedlegg 4-Handlingsplan forvaltningsrevisjon

02.10.2023 Vedlegg 5-BTI_Kvam_grunnleggjande_forstaing

02.10.2023 Vedlegg 6-BTI-rutine_8_Arkivering_av_notatskjema_i_handlingsrettleiaren

02.10.2023 Vedlegg 7-BTI-rutine_1-7_stafettlogg (1)

02.10.2023 Vedlegg 8-Drift_av_BTI_og_stafettlogg_leiarar_2023-2024 (1)

02.10.2023 Vedlegg 9-Motestruktur_skule_Kvam-_revidert_var_2023

02.10.2023 Vedlegg 10-Varsling 9A4 og 9A5

02.10.2023 Vedlegg 11-Kap 9A Undersøking

02.10.2023 Vedlegg 12-Kap 9A Logg

02.10.2023 Vedlegg 13-Kap-9A-Aktivitetsplan

02.10.2023 Vedlegg 14-Internkontroll kap. 9A skuleleiing

02.10.2023 Vedlegg 15-Informasjon om aktivitetsplikt i skulen

02.10.2023 Vedlegg 16-Rutine Skjerpa aktivitetsplikt §9A-5

02.10.2023 Vedlegg 17-Aktivitetsplikt rutine

02.10.2023 Vedlegg 18-Rutine for elevopplysningar i Teams- (gjeld_kap_9_A)

02.10.2023 Vedlegg 19-Forebyggjande plan for miljøundersøkingar 1.-10.trinn

02.10.2023 Vedlegg 20-Døme kartleggingsverktøy. Aude øy 3.-10. trinn

02.10.2023 Vedlegg 21-Døme kartleggingsverktøy. Dette meiner eg om klassen min 8.-10.trinn

02.10.2023 Vedlegg 22-Døme kartleggingsverktøy. Relasjonskartegging tilsett og elev

02.10.2023 Vedlegg 23-Døme observasjonsverktøy. Observasjon friminutt -overgang

02.10.2023 Vedlegg 24-Døme observasjonsverktøy. Observasjon i klasserom

02.10.2023 Vedlegg 25-Elevundersøkinga-Prosedyre

02.10.2023 Vedlegg 26-Oppfølging av Elevundersøking i samsvar med rutinar som skildra i Compilo

02.10.2023 Vedlegg 27 - Utdrag arbeidsmøte rektormøte

02.10.2023 Vedlegg 28-Årshjul og rutine rettleiing nyutdanna
02.10.2023 Vedlegg 29 Moava IKO
02.10.2023 Vedlegg 30 -Rutine eigenvurdering Trygt og godt skulemiljø Reflex
02.10.2023 Vedlegg 31-Rapportering kap.9A trygt og godt skulemiljø MAL (1)
02.10.2023 Vedlegg 32- Udir-Progresjon og oppgåver -trygt og godt skulemiljø
02.10.2023 Vedlegg 33-Sjekkliste for leiing systemgjennomgang_skulefråvær
02.10.2023 Vedlegg 34-Sjekkliste implementering BTI i skule hausten 2023
02.10.2023 Vedlegg 35- info-støtte BTI-implementering-bhg-skule
02.10.2023 Vedlegg 36-Miljørettleiar i skulen

Skulen har sendt inn eit eige skriv om skulemiljøarbeidet og arbeidet med elevsaker ved skulen datert 3. oktober 2023. I tillegg til elevsaker var følgjande dokument var lagt ved:

Vedlegg:

02.10.2023 Vedlegg 1 Øystese skule, Folkehelse og livsmestring - bsk - RUS, NETTVETT, MOBBING
02.10.2023 Vedlegg 2 Øystese skule, Paragraf 9A, skjema utviklingssamtale
03.10.2023 Vedlegg 3 Øystese skule, Rutinar kring den halvårlege utviklingssamtalen
02.10.2023 Vedlegg 4 Øystese skule, Samtaleskjema 1. og 2. trinn
02.10.2023 Vedlegg 5 Øystese skule, Samtaleskjema 3-4. trinn
02.10.2023 Vedlegg 6 Øystese skule, Samtaleskjema 5-7. trinn
02.10.2023 Vedlegg 7 Øystese skule, Mal lagmøte
02.10.2023 Vedlegg 8 Øystese skule, Oppfølging av Elevundersøking skuleåret 22-23
03.10.2023 Vedlegg 9 Øystese skule, Undersøkingar

Anna dokumentasjon

Forvaltningsrevisjon, Kvam herad. Arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane. November 2019. Deloitte AS.

Vi gjennomførte intervju med følgjande grupper den 23. oktober 2023

- Tre fagarbeidarar
- To kontaktlærarar 1.-4. årssteg
- Tre kontaktlærarar 5.-7. årssteg
- Rektor
- Leiar for skule
- Oppvekstsjef

Vi har gjennomført fire samtalar med føresette til elevar som har hatt eller har skulemiljøsaker ved Øystese skule

- Familie A - 21. september 2023
- Familie B - 9. oktober 2023
- Familie C - 20. oktober 2023
- Familie D - 8. november 2023

Kommunen og skulens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport, datert 27. november 2023.

Rekneskapsresultat 2023 og vedteke budsjett for 2024 for kontrollutvalet

Konto	Regnskap 2023	Budsjett inkl. endring 2023	Budsjett inkl. endring 2024
ALLE	963 139	1 022 107	1 272 015
10108 Innsparinskav - uspesifisert	0	0	-32 900
10507 Skattepliktig - Skyss- og kostgodtgjersle	72	0	0
10800 Godtgjersle folkevalde	11 500	25 000	37 500
10802 Tappt arbeidsforteneste folkevalde	0	12 320	12 320
10803 Frikjøp	0	40 000	30 000
10990 Arbeidsgjevaravgift	645	10 902	600
11000 Kontormateriell og litteratur	2 625	5 000	5 000
11151 Matservering ved møter og intern opplæring	3 435	6 300	6 300
11202 Tenestefrikjøp politikarar (ref.lønsutg.)	51 269	0	0
11500 Kursavgift / kostnad ved førelesar	1 800	18 000	43 000
11600 Skyss- og kostgodtgjersle(skattefri)	256	14 000	14 000
11900 Husleige	5 804	0	0
11956 Medlemskontingentar	7 500	7 500	8 300
12700 Konsulenthonorar - Deloitte AS	697 504	688 085	942 114
12700 Konsulenthonorar - VLFK	184 363	210 000	218 000
14290 Momskompensasjonsutgift drift	221 163	232 336	102 440
17290 Momskompensasjonsinntekt drift	-221 163	-232 336	-102 440
17700 Refusjonar frå private	-3 632	-15 000	-15 000



Saksframlegg

Saksnr: 2023/398-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	10/24	20.02.2024

Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 – Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

Samandrag

Føremålet med saka er å gje kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innafor heradet sine ansvarsområde og knyta til drifta i selskapa der heradet har eigarinteresser, og gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV). ROV skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 42/23, 30.11.2023:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) av verksemda i Kvam herad verksemda i heradet sine selskap og av Kvam herad sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 20.02.2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for heradsstyret i juni 2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføre planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtar plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

I dette møte har Deloitte planlagt å gjennomføra «Prosessmøte 1». I prosjektplanen som vart vedteken i forrige møte blir «Prosessmøte 1» omtala slik:

«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der heradet har eigarinteresser, basert på eiga erfaring får arbeidet i kontroll utvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenestekområda i heradet. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenestekområde.»

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 1, tek risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/359-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	11/24	20.02.2024

Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vurderer evalueringa frå sekretariatet som eit godt grunnlag til vidare arbeid til sak i neste møte.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å presentere og drøfte sekretariatet sitt forslag til evaluering av innkomne tilbod på kjøp av revisjonstenester for Kvam herad for perioden 01.07.2024 til 30.06.2028.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for heradet gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2023, det vil seia til og med 30.6.2024. Frå 1.7.2024 må revisor for ny avtaleperiode vera på plass.

Heradsstyret gjorde slik vedtak i møte 16.05.2023 etter innstilling frå kontrollutvalet:

1. Heradsstyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse om val av revisor for Kvam herad. Tidsramma må leggjast slik at den som vert vald ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2024.
2. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdere mottekne tilbod og innstilla overfor heradsstyret på val av revisor.

Forslag til konkurransegrunnlag vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 09.10.2023 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Forslag til konkurransegrunnlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert send ut.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til heradsstyret på val av revisor, medan det er heradsstyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Anbudsfristen gjekk ut 26.01.2023 kl. 12.00 for tilbod på kjøp av revisjonstenester for Kvam herad for perioden 01.07.2024 til 30.06.2028. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta jurist i innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune som rådgjevar. Denne juristen rapporterer i denne saka til sekretariatet og ikkje til fylkesdirektør.

Tanken er at vårt forslag til evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot innstillinga til heradsstyret på val av revisor, som skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Konklusjon

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet må difor lukkast med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet vurderer evalueringa frå sekretariatet som eit godt grunnlag til vidare arbeid til sak i neste møte.